



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2016



Årsrapport for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2016

Foto framside: Arne Stubhaug/NRK

Innhold

side **4**

Året 2016 - slik fylkesrådmannen ser det

side **9**

10
12
20

Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Rekneskapen 2016
Byggerekneskap

side **22**

23
30
32
34
56
66
80
84
88
91
92

Innbyggjarane møter fylkeskommunen

Klima og miljø
Regionreform
Internasjonalt arbeid
Næring og kultur
Opplæring
Samferdsle
Plan
Den offentlege tannhelsetenesta
Bygg og eigedom
Innkjøp
Likestilling, likeverd og mangfold

side **96**

97
102

Det indre liv

Arbeidsgjevarområdet
Forvalningsrevisjon og internkontroll

side **104**

Visste du dette om Sogn og Fjordane?

Året 2016 - slik fylkesrådmannen ser det



21 av 26 kommunar i fylket hadde folketalsauke i 2016. I figuren over kan vi sjå korleis folketalsauken fordeler seg i kommunane. Førde og Sogndal var kommunane med størst auke, dei fekk høvesvis 109 og 102 fleire innbyggjarar. Totalt vart vi 696 fleire innbyggjarar i Sogn og Fjordane i 2016. Det gir ein folketalsvekst på 0,67 prosent. Det er ein sterkare prosentvis vekst enn fylket har hatt på over tretti år, og Sogn og Fjordane var blant topp 10 her i landet. Føråret vart også året der vi nådde milepælen 110 000 innbyggjarar (110 266 innbyggjarar per 1. januar 2017). Kjelde: SSB, folketal per 1. januar 2017 (tabell 07459).

Prosentvis folketalsvekst frå 2016 til 2017

1	Akershus 1,67 prosent
2	Sør-Trøndelag 1,27 prosent
3	Oslo 1,27 prosent
4	Østfold 1,04 prosent
5	Vestfold 0,85 prosent
6	Troms 0,79 prosent
7	Vest-Agder 0,77 prosent
8	Aust-Agder 0,77 prosent
9	Buskerud 0,73 prosent
10	Sogn og Fjordane 0,67 prosent
11	Hordaland 0,67 prosent
12	Nord-Trøndelag 0,61 prosent
13	Finnmark 0,52 prosent
14	Telemark 0,47 prosent
15	Hedmark 0,43 prosent
16	Nordland 0,40 prosent
17	Rogaland 0,39 prosent
18	Møre og Romsdal 0,37 prosent
19	Oppland 0,28 prosent

MOT NYE HØGDER

I 2015 nådde folketallet i Sogn og Fjordane ei ny historisk høgd. Vi fekk 360 fleire innbyggjarar, dvs. ein tilvekst på ein - 1 - pr. dag. Og 15 av 26 kommunar hadde folketalsauke. Alt dette var gode tal samanlikna med tidlegare år.

Men at vi i 2016 skulle få så mykje betre tal, var kanskje meir enn vi kunne drøyme om. I fjor vart fylket vårt blant topp 10 her i landet. Og vi hadde den sterkeste veksttakten blant fylka i landsdelen vår, så vidt framom Hordaland.

Vi vart dette året 696 fleire innbyggjarar i fylket, dvs. at vi fekk ein tilvekst på nesten to - 2 - pr. dag. Som fylkesplanleggjar tidleg på 80-talet ville eg ha teke bølgja av slike tall!

Og ikkje nok med det. I fylket vårt har trenden vore at om lag halvparten av kommunane går opp og andre halvparten går ned. 2016-tala viser derimot vekst i 21 av 26 kommunar. Så her må eg seie meg samd med det fylkesordføraren sa i desember-talen sin til fylkestinget:

«Dette er kjekt, det viser at vi gjer mykje bra her i fylket».

REGIONAL PLANSTRATEGI

I 2016 vedtok fylkestinget ein ny regional planstrategi. Denne skal vere ein «plan for planane», og vise kva regionale planoppgåver vi skal prioritere i inneverande tingperiode. Fylkestinget prioriterte her å

- fullføre arbeidet med ein strategisk plan for kysten
- utarbeide ein strategi for senterstruktur og senterutvikling, ein ny plan for kultur og ny plan for arealbruk
- revidere/rullere regional transportplan, plan for klima og miljø, plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og plan for vassforvaltning
- peike ut handlingsstrategiar for integreringsarbeid
- evaluere plan for folkehelse

Eg vonar vi klarar å gje alt dette tilstrekkeleg merksemd, både politisk og administrativt. Den tidlegare fylkesplanlegginga var til samanlikning slik at alle sektorar skulle ha sin eigen plan, som igjen hang i hop med resten. Eg trur vi har fått ei betre ordning no; fylkestinget kan sjølv avgjere kva for planoppgåver som skal ha prioritet.

KOMMUNE- OG REGIONREFORMA

Desse reformene er mykje diskuterte, og vi står no midt oppi dei. Meiningane er mange, ikkje berre blant oss som jobbar med dette til dagen, men også blant folk flest. Det fekk vi eit prov på då vi sist haust hadde ei høyring i samband med regionreforma. Interessa var stor, og vi fekk inn nesten 300 innspel.

Eg trur mange - både vi som må rekna som myndigheitspersonar, men òg mange andre - kan bli vel bastante i slike saker. Kanskje vi burde bli flinkare til å erkjenne at dette er vanskeleg, og at det i ulike løysingar ligg både positive og negative sider? Eg trur den alminnelege samfunnsdebatten hadde tent på om det i slike saker hadde vore litt meir tvil og tru. Desse sakene er så vanskelege at dei hadde «fortent» det.

Vi bør til dømes kunne spørje: Er «metoden» med å starte med nabopraten lettint og uforpliktande? Er dette ei nasjonal ansvarsfråskrivning? Eller viser det respekt for lokalt sjølvstyre?

Og vidare: Kva erfaringar gjorde vi i forkant av forvaltningsreforma i 2010? Då skulle oppgåvene på plass først, så skulle kartet teiknast. Lukkast vi med det? Eg meiner «nei». Eller for å vere meir open; kan vi trekke noko lærdom av det som då skjedde? Eg har fleire gonger høyrd kommunalministeren vise til kommunereforma på

1960-talet. Då teikna ein nye kart utan at vesentlege nye oppgåver var på plass. Men i etterkant - og i mange år framover - har kommunane fått nye oppgåver, i bøtter og spenn. Så kvifor ikkje satse på at historia vil gjenta seg? Framleis med referanse til Jan Tore Sanner.

Men vi må òg kunne spørje om ikkje både regjering og Storting kunne ha vore tydelegare på kva vi kunne forvente oss dersom vi la tilstrekkeleg alvor i nabosamtalane. Då ville dei ikkje berre ha utfordra oss, men samtidig forplikta si eiga statsmakt.

Signala frå Stortinget har lenge vore at det går mot omlag ti regionar. Dersom dette vert følgd opp, trur eg vi på førehand kan ha forhandla oss fram til ei relativt god løysing gjennom intensjonsplanen for samanslåing med Hordaland.

Det er elles vanskeleg å skrive om slikt i ein årsrapport, der det opplagt vil vere ein tidsavstand mellom skriving og lesing.

DEN REGIONALE FORDELINGSPOLITIKKEN

Eg hugsar at ei av dei politiske partia våre, på eige årsmøte, vart fortalt at ein måtte bli meir oppteken av å bere fram gode distriktpolitiske løysingar. Det var interessant.

For meg dreier politikk seg om å få til noko som elles ikkje ville skjedd. Og her er det til vanleg to ting som får merksemd: Anten stimulere til vekst og utvikling eller drive ei eller anna form for fordelingspolitikk. Eller sjølvsagt - begge delar.

I landet vårt hamnar det meste av distriktpolitikken i den fordelingspolitiske skåla. Og her må han konkurrere med mange andre omsyn. Eg tenkjer då på slikt som fordelinga mellom nasjonar, fordelinga mellom etniske og religiøse grupper, fordelinga mellom rike og fattige, fordelinga mellom kvinner og menn, fordelinga mellom generasjonar mv.

Og i dette store biletet tykkjer eg at den distriktpolitiske dimensjonen ganske lenge har hatt magre kår. Det er uheldig fordi det skapar motsetningar mellom «by og land», men også fordi det i mange tilfelle kan ligge både vekst og utvikling nettopp i det å ta heile landet i bruk. Det ser vi både i lokalt og regionalt nyskapingsarbeid og i at det ligg store kapasitetsutfordringar i det å satse alt på hovudstadsområdet. Noko av styrken i den mykje omtalte nordiske modellen, ligg i det å balansere vekst og fordeling.

FYLKESØKONOMIEN

Men så var det denne fylkesøkonomien, og her må eg først gå litt tilbake i tid. Kommuneproposisjonen for 2015, som kom for snart tre år sidan, sette oss under hardt press. Då vart vi førespeglia ein årleg inntektsreduksjon på 290 mill. kr frå og med 2019.

I fylkeskommunen vart vi samde om at vi måtte prøve å tilpasse oss dette gjennom ein tre-delt strategi. For det første måtte vi betre inntektsutsiktene ved å trappe opp tapskompensasjonen i inntektssystemet. For det andre måtte vi vurdere ei rekke innsparinger i den løpende drifta. Og for det tredje måtte vi få realisert delar av eigarpostane våre.

Vi greidde, med god støtte i Stortinget, å få på plass ein tapskompensasjon på vel 80 mill. kr for åra 2015-16. Vi veit no at vi for 2017 berre får tildelt nye 12,5 mill. kr. Dette beløpet burde vore 10 mill. kr høgare og gjev difor grunn til uro. Økonomiplanen vår av juni 2016 legg til grunn at det samla beløpet vert trappa opp med nye 45 mill. kr i 2018-19.

På driftssida har vi fått på bordet i underkant av 60 utgreiingar som kan gje ei årleg innsparing på ca. 160 mill. kr. Både fylkestinget og dei tilsette har her bidrege

positivt. Men vi veit alle at vi frå og med 2018 truleg må skjere meir til beinet, eventuelt ta vekk tilbod heilt, dersom vi då ikkje skal fondsfinansiere drifta. Og det siste er aldri særleg smart, regionreform eller ikkje.

På eigarsida står sjølvsgatt vedtaket om nedsal/sal av eigarposten vår i Fjord1 i ei særstilling. Men i tillegg har vi avhenda tomter og bustader i eit noko større tempo enn det som har vore vanleg. Dilemmaet på dette området kjenner vi godt: gjeldssanere, avsetje til fond eller investere. Grovt sett vil alle desse alternativa, unntatt det sistnemnde, kunne bidra positivt for driftsøkonomien. Men så var det denne regionreforma.

REKNESKAPEN FOR 2016

Det beste rekneskapsuttrykket for kommunar og fylkeskommunar ligg i omgrepet netto driftsresultat (NDR). Dette viser kor mykje vi sit att med etter at alle løpende inntekter og utgifter, inkl. renter og avdrag, er medtekne. Her kom vi i 2016 ut med knapt 215 mill. kr, tilsvarande 6,8 prosent av dei samla driftsinntektene. Tilsvarande tal i 2015 var på 5,3 prosent. For fylkeskommunane sine del er det no tilrådd å ha eit NDR på minst 4 prosent. Dette viser at vi også i 2016 kom ut med eit svært godt resultat.

Den framlagde rekneskapen viser eit overskot, etter fondsavsetningar mv., på 14,5 mill. kr. Dette er eit noko lågare tal enn gjennomsnittet dei fire siste åra. 2016 er då også første året der inntektene har gått vesentleg ned, jf. det nye inntektssystemet.

For dei rekneskapsførte fellesinntektene og -utgiftene fekk vi i 2016 ei netto meirinntekt på 6,9 mill. kr. Dei to største postane, rammetilskot og fylkesskatt, kom her ut med eit pluss på om lag 8,7 mill. kr.

Det er verdt å merke seg at skatteinntektene for fylkeskommunane auka sterkt i 2016. Anslaget i opphaveleg statsbudsjett var på 3,6 prosent, medan endeleg resultat var på 7,2 prosent. Vi auka gjennom året eige anslag to gonger med til saman 15 mill. kr. Endeleg resultat vart likevel ytterlegare 8 mill. kr betre.

Sektornivået i fylkeskommunen kom ut med eit netto mindreforbruk (innsparing) på 7,6 mill. kr. Dette inneber ei budsjettgjennomføring på om lag 99,6 prosent. Dette meiner eg er svært bra. Tala for dei ulike sektorane vart slik:

Forvaltning fekk ei innsparing på 3,8 mill. kr. Under dette fekk politisk styring og kontroll ei innsparing på 0,7 mill. kr, sentraladministrasjonen 1,3 mill. kr og bygg og eigedomsforvaltning/administrasjonslokale 1,8 mill. kr.

Opplæring fekk ei innsparing på 0,8 mill.kr. Av større innsparingar her kan nemnast vedlikehald og drift av skulebygg (2,2 mill. kr), kjøp av pedagogisk-psykologiske tenester frå kommunane (1,1 mill. kr) og tilpassa opplæring (1,9 mill. kr). Dei største postane med meirforbruk kom for opplæring i bedrift (7,1 mill. kr) og fagprøvar (1,0 mill. kr). Dei vidaregåande skulane og fagskulen fekk ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 5,5 mill. kr. Men då skulane våre har resultatoverføring (til 2017), påverkar ikkje dette talet rekneskapsresultatet.

Tannhelse fekk ei innsparing på 2,6 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2017), tilsvarande opplæringssektoren.

Næring og kultur fekk ei innsparing på 1 mill. kr, 0,8 mill. kr innan kultur.

Samferdsle fekk ei innsparing på 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk var fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (0,6 mill. kr) og båtruter (6,9 mill. kr). Dei største postane med meirforbruk var bilruter (1,5 mill. kr) og fylkesvegferjer (2,9 mill. kr). Fylkesveg (drift og vedlikehald) fekk ei innsparing på 9,5 mill. kr, og på dette området praktiserer vi resultatoverføring (til 2017).

Førebelse KOSTRA-tal for 2016 viser at utgiftene pr. innbyggjar i dei ulike sektorane

legg godt over landsgjennomsnittet. Desse avvika har vore relativt stabile dei siste åra. Noko av grunnen til dette er at fylkeskommunen vår - i følgje inntektssystemet - har eit utgiftsbehov som ligg tilsvarende over landsgjennomsnittet.

EIGARKAPSFORVALTNINGA

Eigarmeldinga vår har med åra blitt eit svært bra og nyttig dokument. Men i møtet med dei verkeleg store sakene, slit også denne med verkeleg å ta «styringa».

Fjord1-saka sette på fleire måtar sitt preg også på året 2016. Mitt inntrykk er - i etterkant - at det er stor semje om at vi fekk til ei god løysing til ein god pris. Det endelege og samrøystes vedtaket i fylkestinget 26. august tyder på det.

Men vegen fram dit var lang. Og fleire har uttrykt, både undervegs og etterpå, at det hadde vore både enklare og ryddigare viss fylkeskommunen alt på førehand hadde gjort vedtak om å selje seg ned/ut dersom vi fekk ein pris på minst x mill. kr. Eg er samd i det. Men eg er likevel usikker på om det i dette tilfellet hadde vore mogleg å få til ei slik «saksoppdeling». Men også det kan det vere delte oppfatningar om.

I januar 2016 stod vi i Fjord1-saka overfor to store og heilt avgjeraende spørsmål. Det eine var om Konkurransetilsynet ville godkjenne fylkestinget sitt vedtak om å selje til Torghatten. Det andre var om eit slikt sal ville vere i strid med aksjelova sine reglar om forkjøpsrett (ev. løysingsrett).

Det siste spørsmålet fekk vi aldri svar på. Den tillyste, men seinare avlyste rettssaka mellom Havilafjord og F1 Holding ville gitt svar på det.

Det første spørsmålet var det, i tida før Konkurransesynet sitt vedtak, ulike oppfatningar om. Det var både usemje og uvisse knytt til kva som ville skje. Slik eg ser det gjekk usemja først og fremst på om det var rett å selje til Torghatten. Og uvissa gjekk på om Torghatten ville tilby avbøtande tiltak, både strukturelle og åtférdsmessige, i eit så stort omfang at tilsynet ville finne dette akseptabelt. Den etterfølgjande prosessen viste at Torghatten ikkje var villig til å strekke seg så langt som Konkurransetilsynet kravde. Difor vart tilsynet sin konklusjon «nei». I denne fasen hadde fylkeskommunen ingen verktøykasse vi kunne ause av. Det var altså eine og alleine opp til Torghatten å syte for at den inngåtte avtalen let seg gjennomføre.

Fylkestinget sette mot slutten av 2016 eigarskapen vår i Sogn og Fjordane Energi AS på dagsorden. Sjølv om denne saka på mange måtar er like viktig som Fjord1-saka, har ho eit heilt anna innhald. Her er ikkje problemstillinga eit mogleg sal, men å forvalte dei store verdiane våre til beste for innbyggjarane i fylket. Difor blir denne saka nært knytt i hop med regionreformsaka. Så her må vi berre sjå kva vi får til. Eg trur dei vedtak som er gjort så langt er gode og passeleg offensive.

SLUTTORD

Den fylkeskommunale årsrapporten med tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge er heimla i kommune-lova § 48.

Etter rapporteringsåret 2012 har hovudutvala ikkje lagt fram eigne årsmeldingar. Det vart samtidig lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregåande opplæring skulle samordnast. Det endrar ikkje føremålet med den administrative årsrapporten.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid også i 2016. Eg vil òg takke medleiarar, tilsette og organisasjonane for eit godt og utviklende samarbeid.

Leikanger, 31. mars 2017

Tore Eriksen
fylkesrådmann



Foto: Oskar Andersen

Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar



Fylkestinget røysta over intensjonsavtalen mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland i desember 2016.
Foto: Birthe Johanne Finstad

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er vidaregåande opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne er det største tenesteområdet vårt. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i form av fylkes- og distriktsmusikkarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er største vegeigar i fylket med totalt 2607 km fylkesveg. Statens vegvesen har vegfagleg ansvar for fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen. Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktildelningen i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskortet er døme på slike ordningar.

Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Viktige omsyn i dette arbeidet er folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjer det mogleg å skape nye arbeidsplassar og næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandler alle grupper klientell. Tenesta er ikke inne i eit organisasjonsutviklingsarbeid for å gje endå betre tenester til innbyggjarane våre. Fylkestinget vedtok i sak 25/16 at talet på tannklinikkar skal reduserast fra 28 til 18 innan 1. januar 2019. Klinikkanne i Førde, Askvoll og Høyanger vert utvida for å kunne tilby tenester til fleire innbyggjarar. I tillegg skal sentral-klinikkanne og Måløy tannklinik ha utvida opningstider. Florø, Stryn og Vågsøy tannklinikkar vert oppgraderte for å svare til moderne kvalitetskrav.

POLITISK ORGANISERING

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde 39 medlemer i fylkestingsperioden 2011-15. Etter valet hausten 2015 fekk fylkestinget 31 medlemer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.


Fylkestinget vedtok i sak 39/14 at den politiske organiseringa i fylkeskommunen for valperioden 2015-19 skal vere slik:

- Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
- Fylkesutvalet skal ha ni medlemer.
- Fylkeskommunen skal ha tre hovudutval, kvart med ni medlemer: hovudutval for samferdsle, hovudutval for opplæring og hovudutval for næring og kultur.

Kontrollutvalet skal ha fem medlemer.


Sogn og Fjordane fylkeskommune

Politisk organisering



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Administrativ organisering frå 01.04.2016



Rekneskapen 2016

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2016 er 14,540 mill. kr. Dette er noko mindre enn gjennomsnittet dei siste fire åra. 2016 er det fyrste året der inntektene har gått vesentleg ned, jf. det nye inntektssystemet. Sett i lys av det, må resultatet seiast å vera bra. 7,6 mill. kr av overskotet skriv seg frå innsparingar på sektornivå, medan 6,9 mill. kr er innsparingar på fellesinntekter/-utgifter.

DRIFTSREKNESKAPEN

Økonomisk oversikt - drift (mill. kr)	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Skatt på inntekt og formue	602,000	609,784	571,360	546,979	534,298
Rammetilskot	1 753,533	1 754,478	1 738,050	1 566,237	1 632,097
Andre statlege overføringer	133,569	216,558	221,268	164,609	133,646
Andre driftsinntekter, eks. renter	281,565	568,394	501,660	567,119	679,453
Sum driftsinntekter	2 770,667	3 149,214	3 032,338	2 844,944	2 979,494
Driftsutgifter eks. avskrivingar	2 417,642	2 795,487	2 745,398	2 677,744	2 525,372
Brutto driftsresultat	353,025	353,728	286,940	167,200	454,122
Finansinntekter	79,794	86,307	65,299	73,897	86,582
Renteutgifter inkludert tap finansielle instrument	51,000	50,627	55,521	58,309	58,155
Avdrag på lån	174,538	174,521	134,392	116,075	88,224
Netto driftsresultat	207,281	214,886	162,326	66,713	394,325
Bruk tidl. år mindreforbruk	57,978	57,978	43,535	45,502	50,468
Bruk av disposisjonsfond	27,195	145,605	57,352	200,946	154,895
Bruk av bundne fond	4,743	179,787	267,013	161,429	92,989
Sum bruk av avsetningar	89,917	383,370	367,901	407,877	298,352
Avsett til disposisjonsfond	250,160	355,381	244,611	222,612	247,242
Avsett til bundne fond	6,406	187,704	159,979	123,738	115,123
Overført til investeringsrekн.	40,631	40,631	67,658	84,704	284,810
Rekneskapsmessig meir/- mindreforbruk	0,000	14,540	57,978	43,535	45,503

Tabell 1




Diagram 1

Lokale inntekter i mill. kr	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Konsesjonskraft	45	44	52	55	73	61	91
Utbytte	59	59	37	49	58	33	45
Sum lokale inntekter	103	102	89	104	132	94	136

Tabell 2




Diagram 2

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat vert ofte nytta som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Det er tilrådd for fylkeskommunar å ha eit netto driftsresultat på minst fire prosent (av samla driftsinntekter). For 2016 har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit netto driftsresultat på 6,8 prosent mot 5,4 prosent i 2015. Fylkeskommunane samla har eit netto driftsresultat på 4,9 prosent i 2016.

Lokale inntekter

Sogn og Fjordane fylkeskommune har lokale inntekter i form av utbytte frå i hovudsak frå SFE og Fjord1 og omsetjing av konsesjonskraft. Dette er inntekter som kan svinge mykje frå år til år. Vi har difor innført ein «handlingsregel» som tilseier at vi brukar 60 mill. kr til driftstiltak medan det overskytande vart saldert mot fond. Slik utsiktene er pr. i dag må vi bruke av oppsparte midlar i komande økonomiplanperiode for å oppretthalda 60 mill. kr til driftstiltak.

Renter og avdrag

Nivået på rente- og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har auka frå 6,3 prosent til 7,1 prosent frå 2015 til 2016. Dette betyr at 7,1 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen vert nytta til å dekke renter og avdrag.

Samanlikna med heile landet har vi gått frå å vere om lag som snittet av fylkeskommunane i 2013, til å ha ei rente-/avdragsbelastning som er i overkant av to prosentpoeng høgare enn landsnittet for fylkeskommunane i 2016. Den høge rente-/avdragsbelastninga skuldast fylkeskommunen sin strategi for å redusere lånegjelda.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i drifta utgjorde 174,5 mill. kr i 2016. I tillegg er 129,1 mill. kr utgiftsført som ekstraordinært avdrag/refusjon i investeringsrekneskapet.

Brutto renteutgifter er på om lag 50,6 mill. kr. Dette er noko lågare enn i 2015. Reduksjonen i renteutgifter er i hovudsak som følgje av lågare marknadsrenter.

Driftsutgifter spesifisert sektorvis

Sum netto driftsutgifter er redusert med -0,5 prosent fra 2015 til 2016. Tek vi omsyn til løns- og prisveksten for kommunesektoren på 2,7 prosent, er realnedgangen -3,2 prosent. Forvaltning, tannhelse, næring og kultur og samferdsle har alle nedgang i netto driftsutgifter, medan opplæring har ein vekst på 3,0 prosent. Hovudforklaringa for nedgangen i netto driftsutgifter er tilpassing til reduserte driftsrammer jf. reduserte overføringer i nytt inntektssystem. For samferdsle spesielt er reduserte overføringer av driftsmidlar til investering den viktigaste enkeltårsaka.

Driftutg. sektor (mill. kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Prosentvis vekst
Forvaltning og fellesutgifter	144,478	145,147	-0,5
Opplæring	835,590	810,126	3,0
Tannhelse	83,140	83,204	-0,1
Næring og kultur	158,385	159,403	-0,6
Samferdsle	954,546	989,322	-3,6
Sum	2 176,138	2 187,203	-0,5

Tabell 3

Budsjettavvik

Budsjettavvik sektor (mill. kr)	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Avvik
Forvaltning og fellesutgifter	149,098	144,478	4,621
Opplæring	836,393	835,590	0,803
Tannhelse	83,202	83,140	0,062
Næring og kultur	158,637	158,385	0,252
Samferdsle	956,405	954,546	1,859
Sum sektornivå	2 183,735	2 176,138	7,597
Felles utgifter og inntekter	-2 183,735	-2 190,678	6,943
Rekneskaps- resultat	0,000	-14,540	14,540

Tabell 4

Fellesutgifter og -inntekter

Fellesinntektene og -utgiftene er i stor grad «ikkje-styrbare» løyingar. Samla fekk vi i 2016 ei netto meirinntekt/innsparing her på 6,9 mill. kr.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjeldene våre og utgjorde 2,4 mrd. kr i 2016. På desse to inntektspostane fekk vi ei meirinntekt på om lag 8,7 mill. kr (0,35 prosent). Skatteinntektene for fylkeskommunane hadde ein sterk auke i 2016. Prognosane har hatt ein auke frå +3,4 prosent i statsbudsjettet for 2016 til eit endeleg resultat på +7,2 prosent. Vi har gjennom året auka skatteanslaget vårt to gonger med til saman 15 mill. kr. Endeleg resultat vart ytterlegare 8 mill. kr. betre.

På dei andre områda innan fellesinntekter og -utgifter er det berre mindre avvik som samla utgjer ei mindreinntekt på 1,7 mill. kr.

Sektorane

Sektornivået i fylkeskommunen har ei netto ramme på vel 2,2 mrd. kr. Med eit mindreforbruk på 7,6 mill. kr har sektorane sett under eitt ei budsjettgjennomføring på nær 99,6 prosent. Dette meiner fylkesrådmannen er svært bra.

Forvaltning står for netto 3,8 mill. kr av denne innsparinga. Dei største postane her er eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr på politisk styring/kontrollutval, 1,3 mill. kr. på administrasjonen og 1,8 mill. kr på bygg og eigedomsforvaltning/administrasjonslokale.

Opplæring har eit samla mindreforbruk på 0,8 mill. kr i 2016. Dei største postane med mindreforbruk er vedlikehald og drift av skulebygg (2,2 mill. kr), kjøp av pedagogisk-psykologiske tenester frå kommunane (1,1 mill. kr) og tilpassa opplæring (1,9 mill. kr). Dei største postane med meirforbruk er opplæring i bedrift (7,1 mill. kr) og fagprøvar (1,0 mill. kr).

Dei vidaregåande skulane og fagskulen har ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 5,5 mill. kr samanlikna med budsjett 2016. Skulane har resultatoverføring (til 2017), og innsparinga påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet. Tannhelse har ei innsparing på 2,6 mill. kr. Også denne sektoren har resultatoverføring (til 2017), og innsparinga påverkar såleis ikkje samla rekneskapsresultat.

Næring og kultur har samla eit netto mindreforbruk på 1 mill. kr. Av dette ligg 0,8 mill. kr innan kultur.

Samferdsle har eit samla netto mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak (0,6 mill. kr.) og båtruter (6,9 mill. kr.). Dei største postane med meirforbruk er båtruter (1,5 mill. kr.) og fylkesvegferjer (2,9 mill. kr).

Drift og vedlikehald av fylkesveg har ei innsparing på 9,5 mill. kr, som vert overført til 2017 (resultatoverføring). Dette påverkar ikkje rekneskapsresultatet.

INVESTERINGAR

Investeringar i anleggsmidlar utgjorde 543 mill. kr. i 2016 mot 251 mill. kr. i 2015. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 15,5 mill. kr til forvaltning
- 170,9 mill. kr til opplæring
- 2,5 mill. kr til tannhelse
- 2,4 mill. kr til kultur
- 352,1 mill. kr til samferdsle

Avvik i høve budsjett skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringa av investeringane. I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 431,5 mill. kr i ekstraordinære avdrag på lånegjelda og avsetjingar til fond og aksjekjøp. Det vesentlege her er 282 mill. kr i avsetjing til fond, jf. sal av Fjord1, og ekstraordinære avdrag/refusjon som utgjer 129,1 mill. kr.

Av det samla finansieringsbehovet på 974,9 mill. kr, utgjer låneopptaket 279,7 mill. kr eller 28,7 prosent. Tilsvarande tal for 2015 var 18,9 prosent.

Økonomisk oversikt - investering (mill. kr)	Budsjett 2016	Rekneskap 2016	Avvik 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Forvaltning	13,8	15,5	-1,7	9,6	10,9
Opplæring	200,3	170,9	29,4	86,4	80,5
Tannhelse	2,5	2,5	0,0	1,9	5,3
Kultur	2,1	2,4	-0,3	-	-
Samferdsle	496,5	352,1	144,4	152,9	403,3
Investering i anleggsmidlar	715,3	543,4	171,9	250,9	500,0
Avdrag, avsetjingar, aksjar	298,7	431,5	-132,8	25,5	42,7
Finansieringsbehov	1 014,0	974,9	39,1	276,3	542,7
Bruk av lånemidlar	305,6	279,7	25,9	52,0	150,9
Inntekter frå sal av anlegg	6,9	7,1	-0,2	16,5	37,7
Tilskot til investeringar	221,4	217,8	3,6	64,1	82,8
Mva-kompensasjon	108,6	96,5	12,1	41,6	89,3
Mottekne avdrag på utlån	0,2	0,2	-	-	0,5
Utbytte	282,0	282,0	-	-	-
Andre inntekter	21,5	19,9	1,6	9,5	5,8
Overført frå drifta	40,6	40,6	-	67,7	84,8
Bruk fond	27,2	31,0	-3,8	25,0	90,9
Sum finansiering	1 014,0	974,8	39,1	276,3	542,7

BALANSE

Oversikt - balanse (mill. kr)	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Sum anleggsmidlar	7298,5	7 009,3	6 896,0	6 489,4
Faste eigendomar og anlegg	5172,8	4 815,7	4 766,0	4 445,8
Utstyr, maskiner og transport-middel	135,6	130,7	132,4	131,8
Utlån	7,7	8,1	8,5	10,5
Aksjar og andelar	605,8	600,4	598,6	596,7
Pensjonsmidlar	1376,7	1 454,4	1 390,6	1 304,6
Sum omløpsmidlar	1 735,9	1 234,0	1 079,8	1 234,2
Kortsiktige fordringar	127,6	114,7	118,1	207,7
Premieavvik	17,0	15,9	32,7	18,7
Obligasjonar	155,4	103,3	101,8	-
Kasse, postgiro, bankinnskot	1435,8	1 000,2	827,3	1 007,8
Sum eigendelar	9034,5	8 243,3	7 975,9	7 723,6
Sum eigenkapital	4569,5	3 862,9	3 558,8	3 306,7
Dispositionsfond	667,4	484,7	316,1	381,5
Bundne driftsfond	165,1	156,8	265,1	302,8
Ubundne investeringsfond	300,6	12,2	15,3	15,0
Bundne investeringsfond	8,5	4,3	2,1	1,6
Rekneskapsmessig mindre-forbruk	14,5	58,0	43,5	45,5
Kapitalkonto	3455,0	3 188,6	2 958,5	2 602,2
Endr RK-prinsipp - AK Drift	-41,8	-41,8	-41,8	-41,8
Sum langsiglig gjeld	3 892,8	3 881,1	3 956,2	3 930,3
Pensjonsforpliktingar	1714,5	1 665,3	1 680,5	1 630,0
Andre lån	2178,4	2 215,8	2 275,7	2 300,3
Sum kortsiktig gjeld	572,1	499,3	460,9	486,5
Sum eigenkapital og gjeld	9034,5	8 243,3	7 975,9	7 723,6

Tabell 6




Diagram 3




Diagram 4




Diagram 5

Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen har i perioden 2010-2013 auka med om lag 1 mrd. kr. I perioden 2014-2016 har lånegjelda blitt svakt redusert. Ved utgangen av 2016 var lånegjelda på 2,178 mrd. kr.

Samla driftsinntekter har auka nominelt med 117 mill. kr frå 2015 til 2016. Lånegjelda har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere 69 prosent i 2016. Dette er 4 prosentpoeng lågare enn for 2015, slik at gjeld i høve driftsinntektene har vorte noko redusert. For fylkeskommunane samla utgjer lånegjelda 76,3 prosent av netto driftsinntekter.

Lånegjelda til fylkeskommunen er på om lag 19 800 kr pr. innbyggjar, medan landssnittet for fylkeskommunane ligg på om lag 12 500 kr pr. innbyggjar. Lånegjelda pr. innbyggjar syner ein svak reduksjon for oss i 2016, medan ho er svakt aukande for resten av landet.

Dispositionsfond

Avsetjing til disposisjonsfond har vore stabilt høg over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda er den vedtekne strategien for bruken av lokale inntekter (utbytte og konsesjonskraft), samt streng budsjettdisiplin. Til dømes er overskotet dei seinare åra (om lag 225 mill. kr. 2011-16) i all hovudsak sett av til fond. Dette gjer vi for å ha ein buffer når det varsla nedtaket av statlege overføringer grunna nytt inntektssystem sler inn for fullt.

Pr. 31.12.16 er det samla 667,4 mill. kr i disposisjonsfonda, noko som utgjer 21,2 prosent av sum driftsinntekter. Tilsvarande tal for alle fylkeskommunane samla var 7,7 prosent pr. 2015.

I tillegg har ubundne investeringsfond auka med 282 mill. kr til 300,6 mill. kr i 2016 jf. sal av Fjord1.

KOSTRA

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk sentralbyrå (SSB) offentleggjer 15. mars ureviderte tal for 2016. Reviderte tal vert lagt ut 15. juni 2017. I tabellen er det vist nokre nøkkeltal for Sogn og Fjordane fylkeskommune dei fire siste åra og for referansefylke og landet u/Oslo for 2016 for samanlikning.

Sogn og Fjordane har eit netto driftsresultat vesentleg betre enn dei andre i perioden. For 2014 var vi under landssnittet. Det er tilrødd å ha eit netto driftsresultat på minst 4 prosent.

Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgare inntekter og utgifter pr. innbyggjar enn landet i heile perioden. Den netto lånegjelda vår pr. innbyggjar er vesentleg over landet, men har ein positiv trend.

Indikator - konsern	Sogn og Fjordane				Ref. fylke	Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter						
Netto driftsresultat	13,2	2,3	5,4	6,9	4,9	5,0
Netto avdrag	3,0	4,1	4,4	5,5	3,7	3,3
Netto renter	-0,9	-0,5	-0,3	-1,1	-0,5	0,4
Netto lånegjeld	75,4	79,0	70,9	67,4	57,2	77,0
Arbeidskapital ekskl. premieavvik	24,5	20,6	23,7	36,5	17,6	16,1
Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar						
Brutto driftsutgifter	24 592	26 114	26 710	26 999	20 653	15 894
Brutto driftsinntekter	27 344	26 059	27 685	28 560	21 386	16 475
Frie inntekter	19 882	19 353	21 085	21 441	16 222	12 655
Netto lånegjeld	20 619	20 574	19 637	19 238	12 236	12 678
Fordeling av brutto driftsutgifter i prosent						
Adm. styring og fellesutg	5,3	4,8	4,8	4,9	4,6	4,6
Vidaregående opplæring	36,0	34,2	33,1	33,2	39,3	45,2
Tannhelsetenesta	3,7	3,8	3,7	3,6	4,1	4,4
Fys. planl./kult. minne osb.	2,4	2,3	2,0	1,9	1,7	2,2
Kultur	3,7	4,7	4,2	4,6	4,6	4,4
Samferdsle	34,5	35,5	34,9	38,3	34,5	30,5
Næringsutvikling	7,7	8,6	10,4	6,2	4,7	2,8

Tabell 7

Byggerekneskap

INVESTERINGSPROSJEKTET FV. 545 KINNVEGEN I FLORØ

Prosjektskildring

Bygging av samanhengande gangsamband frå Flora Lufthamn til Torggata var eit samarbeidsprosjekt med Flora kommune, Telenor og Sogn og Fjordane Energi Nett. Samarbeidet var basert på bruk av felles grøfter for å etablere ny infrastruktur i vegbana. Kostnad, oppgåver og ansvar i fellesprosjektet vart regulert av ein samarbeidsavtale mellom Statens vegvesen (SVV) og kvar av dei andre etatane. SVV var kontraktspart mot entreprenør og var ansvarleg for etablering av felles grøfter, samt bygging av VA-anlegget til kommunen. Andre etatar var sjølvé ansvarlege for prosjektering, teknisk godkjenning og bygging av anlegga sine.

Utvikling av kostnadsramma for prosjektet

2010: Oppstart av prosjektet med kostnadsramme på 26 mill. kr (31,5 mill. 2016-kr)
2012: FT-sak 4/12: Endring i kostnadsramme til 62,0 mill. kr (69,0 mill. 2016-kr)
2012: Prisomrekning: 63,7 mill. kr
2013: Prisomrekning: 65,6 mill. kr
(+) Auka kostnadsramme FU-sak 128/13: 7,0 mill. kr
(+) Auke i kostnadsramme grunna nye mva.-reglar: 7,2 mill. kr (teknisk endring)
(=) Totalt 79,8 mill. kr
2014: Prisomrekning: 81,7 mill. kr
2015: Prisomrekning: 84,1 mill. kr
2016: Prisomrekning: 86,3 mill. kr

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
2,490	3,476	18,205	8,113	32,773	22,175	3,576	90,808

Tabell 8

Sluttrekneskap for fv. 545 Kinnvegen (i mill. 2016-kr)	Kostnadsrammer		Rekneskap	Avvik
	Opphavleg	Revidert		
Investeringskostnad	31,5	86,3	90,8	-4,5
Generell finansiering			90,8	

Tabell 9

Rekneskapsførde kostnadar i mill. kr i 2016-kr

Forklaring på avvik

Eit vedtak i fylkestinget i 2008 slo fast at fv. 545 skulle byggast med planlagd oppstart i 2010. Reguleringsplanen for Thor Solbergsvegen frå april 2006 var grunnlaget for byggeplanen.

Reguleringsplanen for Kinnvegen var eldre, og for å sikre retten til eventuell oreigning vart det bestemt at denne skulle reviderast. Ny reguleringsplan vart godkjend av i Flora kommune 07.06.2012. Dette var grunnlaget for at kostnadsoverslaget for prosjektet måtte aukast monaleg i 2012.

I siste fase av byggeperioden fekk vi meirforbruk mellom anna på grunn av at prosjektet måtte få tilkøyrd meir masse enn berekna grunna større omfang av myr og ubrukbarer massar. Der det ikkje var regulerte løysingar på nye avkøyrslar, var desse ikkje med i konkurransegrunnlaget. Prosjektet måtte forhandle fram dyrare løysingar med kvar grunneigar som fekk endra avkøyrsletilhøva sine.

Det vart også meir omfattande arbeid med overflatevassanlegg, då kommunen ikkje ville føre overvatnet i leidningsnettet sitt. Det førte til fleire kummar, meir rør og grøft, samt omlegging av gangsti, meir muring og auka behov for rekervo.

Læringssløyfe/erfaringar

Investeringssprosjekt må ikkje startast opp før det ligg føre godkjent reguleringsplan og kvalitetssikra kostnadsoverslag frå Statens vegvesen.



Den nye gang- og sykkelvegen frå sentrum til flyplassen i Florø opna i oktober 2015.
Foto: Arild Øren/Statens vegvesen

Innbyggjarane møter fylkeskommunen



Klima og miljø

PLANARBEID KNYTT TIL KLIMA OG MILJØ

Gjeldande klimaplan, Fylkesdelplan for klima og miljø, blei vedteken i fylkestinget i 2009 og gjev føringar for det regionale klimaarbeidet. Handlingsprogrammet til planen blei vedteke i 2015 og gjeld for perioden 2016-2017. I Regional planstrategi er klimautfordringane løfta fram som ei av fem hovudutfordringar for fylket. Planstrategien peikar på at fylket må arbeide med korleis vi kan få til ei omstilling til fossilfri økonomi på lang sikt, og kva tiltak som kan verke på kort sikt. Planstrategien peikar på to overordna mål knytt til klimautfordringane:

- Sogn og Fjordane deltek i bygging av verdikjeder som gjev netto nullutslepp innan bygg, ferje-/båttransport og innkjøp.
- Sogn og Fjordane følgjer opp klimautfordringane gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringane med mål som er i tråd med nasjonale og internasjonale målsetjingar, bl.a. Paris-avtalen (2015).

Av prioritert planarbeid for perioden 2016-2020, har fylkestinget vedteke å revide Fylkesdelplan for klima og miljø i 2016-2017. I same periode vil planarbeida for Regional transportplan, Strategisk plan for kysten og Strategi for sentrstruktur og tettstadsutvikling gjennomførast. Klima og miljø vert eit viktig tema i alle desse arbeida.

REGIONAL PLAN FOR KLIMAOMSTILLING

Planarbeidet med Regional plan for klimaomstilling starta opp i 2016. Fylkesutvalet la høyringsutkastet til planprogram ut på offentleg høyring i november. Fylgjande plantema blei føreslegne:

- Energiforsyning og energibruk i bygg
- Areal og transport
- Næringsliv og teknologi
- Klimavenleg landbruk
- Klimatilpassing
- Forbruk
- Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Den tradisjonelle tilnærminga til klimaendringar har vore å satse på teknologiske tiltak for reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing. Med klimatilpassing meiner vi tiltak for å ta vare på samfunnet, og å utnytte moglegheiter som klimaendringar kan gje.

Klimapanelet til FN har teke til orde for ei ny tenking kring dette, såkalla klima-omstilling, som siktar til endring av dei grunnleggande eigenskapane til eit system (IPCC, 2012). For å klimaomstille samfunnet, er det naudsint å setje inn omfattande tiltak som kan endre samfunnet på systemnivå relativt raskt. Vi må ha eit grønt skifte i samfunnet, heilt frå internasjonalt nivå og ned på individnivå. Sogn og Fjordane skal bidra med vår del, og vi ynskjer gjennom arbeidet med ein ny regional plan å definere korleis fylket kan klimaomstille seg. Korleis kan eit «grønt skifte» skje i Sogn og Fjordane?

Dei overordna måla for arbeidet med nye regionale klimaomstettingsplanar er å saman definere

1. kva som skal til for å få til ei klimaomstilling i fylket
2. korleis vi best kan bu oss på dei klimatiske endringane som kan kome

SAMHANDLING FOR GRØNT SKIFTE

Styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid, som består av KS, Fylkesmannen og Vestlandsforskning, fekk i 2015 tre millionar kroner frå Regionalt Forskningsfond Vestlandet til prosjektet «Samhandling for Grønt Skifte». Prosjektet har som mål å styrke kunnskapen om vilkåra for lokal klimaomstilling og utvikle nye metodar for ei slik omstilling.

I styringsgruppa til prosjektet sit representantar frå NVE, Statens vegvesen, KS, Fylkesmannen og Vestlandsforskning. Fylkeskommunen ved plansjefen er prosjektansvarleg, medan Vestlandsforskning er prosjektleiar. Fyrste del av prosjektet er å gjennomføre ei heilskapleg sårbarheitsanalyse for heile fylket. Det endelige produktet skal vere ei arbeidsbok som deltakarkommunane kan nytte seg av i dei lokale analysane.

NASJONAL KLIMATILPASSINGSKONFERANSE

2.-4. mai 2016 blei det gjennomført ein tredagars nasjonal klimatilpassingskonferanse i Sogndal. Konferansen var eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, NVE og Vestlandsforskning. Konferansen er lagt opp til å vere ei årleg hending og er ein viktig arena for å sette klimaomstilling på dagsorden. Årets konferanse hadde om lag 170 deltakarar.

KLIMAPROFIL SOGN OG FJORDANE

I 2016 publiserte Norsk klimaservicesenter ein klimaprofil for fylket vårt. Klimaprofilen kan nyttast som eit kunnskapsgrunnlag og hjelpemiddel i overordna planlegging i fylkeskommunen og kommunane.

Profilen er eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Sogn og Fjordane, med særleg søkjelys på endringane fram mot slutten av dette hundreåret (2071-2100, samanlikna med 1971-2000). Klimaprofilen skildrar venta klimaendringar med utgangspunkt i «føre var»-prinsippet. Dette er eit viktig dokument i planlegginga vår, men også når vi rettleiar kommunar.

Kort summert opp vil vi fram mot 2100 kunne vente at årstemperaturen i fylket vil auke med om lag 4°C, og at årsnedbøren aukar med om lag 15 prosent, samanlikna med 1971-2000. Temperaturen i fylket vil auke mest om hausten og vinteren og minst om sommaren. Det vil kunne bli fleire dagar med auka nedbørsintensitet. Meir informasjon om Klimaprofil Sogn og Fjordane finn du på klimaservicesenter.no

KLIMADAG FOR FYLKESPOLITIKARANE

I november 2016 arrangerte fylkeskommunen ein klimadag for fylkespolitikarane. Politikarane fekk høyre om klimaendringane, det grøne skiftet, og korleis vi jobbar internt knytt til temaet. Vi presenterte fersk og oppdatert klimaforsking frå internasjonale forskingsinstitutt, inkludert Universitetet i Bergen og Bjerknes-senteret for klimaforsking. Det blei presentert ulike illustrasjonar, som viste utviklinga av befolkningsveksten på kloden, utsleppsutviklinga av CO₂ og ikkje minst temperaturutviklinga i verda - både på land og til sjøs. Det blei peikt på utfordringane med ikkje å gjere tiltak for å redusere klimagassutsleppa, og kva temperaturauke vi må leve med dersom vi ikkje reduserer utsleppa.

TILSKOT TIL ETABLERING AV HURTIGLADESTASJONAR FOR EBLIL

Fylkestinget vedtok i 2016 å omdisponere restmidlane på eit klimafond til å vidareføre tilskotsordninga for etablering av hurtigladestasjonar for elbilar i fylket. Fylkestinget slo fast at fylkeskommunen skal ha ei koordinerande rolle når det gjeld å få på plass hurtigladestasjonar i Sogn og Fjordane. Gjennom søkeordninga ynskjer fylkeskommunen å bidra til etablering av hurtigladestasjonar ved sentrale knutepunkt og strekningar som ikkje fell inn under støtteordninga til Enova. Maksimal støtte frå fylkeskommunen er 100 000 kr pr. prosjekt.

SAMARBEIDSAVTALAR

Fylkeskommunen vidareførte i 2016 samarbeidsavtalane med frivillige lag og organisasjonar som jobbar spesielt med temaet klima og miljø. Dette er i tråd med gjeldande handlingsprogram for klima og miljø.

Organisasjonane som hadde samarbeidskontrakt med fylkeskommunen i 2016 var Sogn og Fjordane 4H, United World College RCN, Naturvernforbundet og Ugt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Gjennom denne typen kontraktar er fylkeskommunen med på å støtte lokale lag og organisasjonar som jobbar med temaet klima og miljø. Som ein del av kontrakten forpliktar organisasjonane seg til å bidra inn mot relevant fylkeskommunalt arbeid, som blant anna planarbeidet med ny klimaomstettingsplan.

FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst vass- og vindkraft. Energiforum Sogn og Fjordane har i år erstatta Vindkraftforum.

HYDROGEN REGION SGN OG FJORDANE

Sogn og Fjordane er rikt på naturressursar som vasskraft, vindkraft, biomasse og bølgjekraft. Produksjon av hydrogen i fylket kan difor skje med utgangspunkt i kraft frå fornybare energikjelder.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser moglegheitene for regionalt næringsliv innan hydrogen teknologi. Fylkeskommunen har difor sett i gang prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane for å etablere fylket som ein sterk region innan utvikling av hydrogen som energiberar og kommersialisering av hydrogen teknologi.

Viktige satsingsområde er

- maritime transportløysingar
- hydrogen til bruk i både tradisjonell og landbasert oppdrettsnæring
- smarte energisystem med hydrogen som energilagring
- lokale verdikjeder basert på hydrogen frå småkraft

Prosjektet Hydrogen Region Sogn og Fjordane varer frå 2016 til 2018 og har fem hovudaktivitetar. Det skal

1. bidra til utviklingsprosjekt i næringslivet gjennom økonomisk støtte og rådgjeving
2. samarbeide med kommunane om areal- og transportplanlegging
3. utvikle og styrke kompetanse og kunnskap i Sogn og Fjordane om hydrogen
4. samarbeide med dei andre fylka på Vestlandet om strategiske interesser knytt til hydrogen
5. delta i relevante nettverk, partnarskap og møteplassar regionalt, nasjonalt og internasjonalt

ENERGI OG MILJØ

Innovasjon Norge (IN) Sogn og Fjordane løyvde 20,8 mill. kr til seks prosjekt i Miljøteknologiordninga i 2016. Prosjekta varierer i storleik frå 1 mill. kr til 10 mill. kr i tilskot. Prosjekta gjeld tema som solenergi, vasskraft, industri, marin og smarte samfunn. Innovasjon Norge trekkjer særleg fram ei stor løyving til Norsun i Årdal.

Det er løyvd støtte til etablering av eit forprosjekt for bedriftsnettverk med utgangspunkt i miljøet rundt Norva24. Forprosjektet skal arbeide med utvikling av relasjoner mot relevante miljø på Nordfjordeid og i Vågsøy. Målet er å etablere eit hovudprosjekt som inkluderer minst heile Nordfjord.

På området bioenergi vart det løyvd støtte til eit gardsvarmeanlegg til næringsformål. Det er motteke søknad om eit stort prosjekt for anlegg for varmesal og produksjon og lagring av brensel. I tillegg har IN finansiert eit forprosjekt med mål om å etablere eit småskala pilotanlegg for avfallsforbrenning, der energien skal brukast til tørkeprosessen i samband med produksjon av trespellets.

ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta har ei aktiv haldning for å få etablert effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga i fylket og slik redusere den samla energibruken. Vi tek også grep for å legge om til fornybar energi slik at oppvarming basert for fossile energikjelder fortløpende kan fasast ut.

Energimålet på 130 kWh/m² er innan rekkevidde, men vi må framleis ha søkjelyset på arbeid med energiomlegging og fleire tiltak for energieffektive løysingar for å nå heilt fram. Figuren nedanfor viser temperaturjustert energibruk for alle dei vidaregåande skulane til fylkeskommunen, tydeleg på rett veg for å nå målet. Komande tiltak for meir effektive energiløysingar og prosjekt under gjennomføring og energiomlegging er mellom anna

- omlegging til varmepumpebasert oppvarming på Sogn Jord- og Hagebruks-skule i samband med eit ekstraordinert vedlikehaldsprosjekt.
- energiomlegging er òg planlagt på Mo og Øyrane vidaregåande skule og på Hafstad vidaregåande skule. Avhengig av endeleg løysing er det mogleg-heter for redusert energibruk også her.

I tillegg til gjennomføring av energisparande tiltak, konsentrerer dei tekniske driftstenestene seg om å teknisk drifte skulane mest mogleg energieffektivt. Auka merksemd kring bruk og styring av dei tekniske anlegga står sentralt i dette arbeidet. Energi som blir brukt vert målt kontinuerlig og følgt opp i den daglege drifta.




Diagram 7



Firda vidaregåande skule starta hausten 2016 undervisning i det heilt nye programfaget klima- og miljøfag. Firda er den einaste skulen i landet som har dette faget. Biletet er fra ein ekskursjon til Briksdalsbreen i Stryn saman med professor Atle Nesje ved Universitetet i Bergen

Foto: Arve Sandal



KLIMA OG MILJØ I TRANSPORTSEKTOREN

31 prosent (16,5 mill. tonn) av dei totale norske klimagassutsleppa kjem frå transportsektoren. Sektoren må sleppe ut monaleg mindre klimagassar om Noreg skal oppfylle måla i Paris-avtalen. Reduksjon av klimagassar frå transportsektoren er eitt av hovudmåla i Regional planstrategi 2016-2020, i samsvar med Paris-avtalen.

Kollektivtransport - ferje, lokale rutebåtar, hurtiggåande, regionale rutebåtar og buss - er ein vesentleg del av samferdslesektoren til fylkeskommunen. Vi har moglegheit til å påverke klimagassutsleppa frå kollektivtransport mellom anna ved å definere krav til klima og miljø i anbod.

Ferjer, bussar og båtar i fylkeskommunale ruter slapp ut 43,9 1000 tonn CO2-ekvivalentar i 2015. I dag går alle hurtigbåtar i Noreg på fossilt drivstoff. Hurtigbåtar som går over lengre distansar, er særleg energikrevjande. Båtane som går frå Sogn og Fjordane til Bergen utgjer nærmare 40 prosent av utsleppa frå kollektivsektoren til fylkeskommunen.

Transportmiddel	Forbruk i liter i 2015	Utslepp 1000 tonn CO2-ekv 2015
Ferjer (fylkesvegnettet)	3 790 817	10,1
Hurtigbåtar (bergensrute)	6 682 484	17,9
Lokalbåtar	2 368 468	6,3
Buss	3 600 478	9,6
Sum	16 442 247	43,9

Tabell 10

Utslepp av CO2 frå ferjer, båt og buss som er under kontrakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2015 (2,66 kilo CO2-ekvivalenter utslepp per liter forbruk)

Dagens ferjeflåte i Sogn og Fjordane er under opprusting. Gjennomsnittsalderen på ferjene på fylkesvegsamband var 25 år i 2016. I løpet av dei neste tre åra vil fleire ferjer bli bytta ut, noko som gjer at snittalderen for ferjer på fylkessamband i 2018 vil vere 9,8 år. Nye ferjer vil få lågare utslepp av klimagassar enn dei gamle.

Med dagens teknologi er det mogleg elektrifisere ferjedrifta, men det er avhengig av at overfarten ikkje er for lang eller energikrevjande. Vi må også ta omsyn til kostnadene knytt til etablering og/eller oppgradering av el-infrastruktur på land.

I dei siste bussanboda har fylkeskommunen stilt krav om nyaste tilgjengelege motorteknologi. Det er derfor krav om at nye bussar skal bruke såkalla EURO 6-motorar. Dette er motorar som er innanfor den strengaste utsleppsstandarden, gjeldande for EU- og EØS-land frå 2014. Motorar som tilfredsstiller EURO 6-standard har spesielt lågare NOx-utslepp enn tidlegare motortypar.

Ei ny lov om offentlege anskaffingar trer i kraft 1. januar 2017. Den nye lova legg sterkare vekt på klima og miljø i offentlige innkjøp og skal leggast til grunn ved neste anbodsutlysing for dei ulike kontraktane innan kollektivtransport i fylket.

Alle dagens anbod for kollektivtransport går ut i seinast i 2024 . I tillegg til anbod på enkeltvise ferjeruter, har vi tre anbod for buss, samt anbod for lokalbåtar og hurtigbåt med rute til Bergen.

Anbod	Utan opsjon	Med opsjon
Buss Nordfjord	2022	2024
Buss Sunnfjord	2024	2026
Buss Sogn	2025	2027
Lokalbåtar	2020	2022
Hurtigbåt med rute til Bergen	(opsjon utløyst)	2022

Tabell 11

Omlegging til låg- og nullutslepp krev store investeringar. Omlegging til utsleppsfree bussar krev at vi byggjer ein infrastruktur som gjer det mogleg med eit fullverdig busstilbod drive av klimavenleg teknologi. Ei utfordring er usikkerheita om kva som vil vere gjeldande motorteknologi på lengre sikt, noko som i utgangspunktet gir lite føreseieleg føresetnader for investering.

Gjennom arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til Regional transportplan har vi sett på ei mogleg skisse for nedtrapping av utsleppa til tilnærma nullutslepp frå kollektivtrafikken innan 2050.

Regionreforma

INITIATIV OG FØRINGAR FRÅ STORTINGET

Stortinget slo i 2014 fast at det skal vere tre folkevalde nivå i den norske forvaltninna. Utgangspunktet var at oppgåver og ansvar som vert lagt til regionnivået, i hovudsak skal relaterast til rolla som regional samfunnsutviklar. Det vart likevel streka under at det regionale folkevalde nivået også i framtida skal ha innbyggjarretta tenesteproduksjon. Stortinget bad regjeringa leggje fram eit forslag om innhald i ei regionreform for Stortinget våren 2016. Ein føresetnad var at dersom prosessen fører til færre fylkeskommunar/regionar av ein viss storleik, så skal desse få overført nye oppgåver.

Kommunal- og moderniseringsministeren inviterte i juli 2015 fylkeskommunane til å gjennomføre «nabosamtalar» for å vurdere grunnlaget for strukturendringar på regionalt nivå. Fylkeskommunane fekk frist til hausten 2016 til å gjere vedtak i samanslåingsspørsmålet.

Då Stortinget handsama stortingsmelding 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver» våren 2016 var det fleirtal for at dagens 19 fylkeskommunar bør reduserast til om lag 10 folkevalde regionar. Det var også fleirtal for at ei regionreform bør gjennomførast parallelt med kommunereforma.

REGIONREFORMA OG SGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkestinget i Sogn og Fjordane tok i desember 2015 initiativ til at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skulle greie ut ein ny handlekraftig, folkevald region. Rogaland og Hordaland fylkeskommunar valde å gå inn i eit felles utgreiings- og forhandlingsarbeid med Sogn og Fjordane. Møre og Romsdal såg ikkje trong for samanslåing for å kunne levere gode tenester og drive god samfunnsutvikling, og vart difor ikkje med på forhandlingane.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane etablerte våren 2016 eit utval som skulle forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig vestlandsregion. Utvalet vart sett saman av fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren, ein representant frå den politiske opposisjonen i fylkestinget, fylkesrådmannen og ein tillitsvaldrepresentant.

Fylkesordførarane i dei tre fylka orienterte i mars 2016 Kommunal- og moderniseringsdepartementet og kommunal- og forvaltningskomiten i Stortinget, om at dei hadde innleia drøftingar for å sjå på moglegheiter og utfordringar ved samanslåing. Dei varsla samstundes at fylkeskommunane stiller tydelege krav om overføring av nye samfunnsoppgåver, dersom ei regionreform skal ha noko føre seg.

Forhandlingsutvala frå Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane møttest første gongen i slutten av mai for å drøfte felles målsetjingar med å etablere ein ny folkevald region og for å fastsette forhandlingstema.

Regionforhandlingane resulterte 15. september 2016 i ein intensjonsplan for

etablering av ein ny folkevald region med dei tre fylka - Vestlandsregionen. Ein slik intensjonsplan skal avklare løysingsframlegg for dei mest sentrale spørsmåla før det vert gjennomført offentleg høyring og gjort endelige politiske vedtak. Planen utgjorde såleis eit heilt sentralt kunnskapsgrunnlag for høyringsinstansar, innbyggjarar og politikarar som skulle ta stilling til regionplanane.

HØYRING OG HANDSAMING AV DEN FØRSTE INTENSJONSPLANEN

Fylkestinget vedtok 18. oktober å leggje Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland ut på ei brei, offentleg høyring. Fylkesrådmannen gjennomførte høyringa i perioden 26. oktober-23. november, samstundes med at planen var på høyring i dei to andre fylka. Fylkeskommunen la til rette for å leggje inn tilbakemeldingar og høyringssvar i eit eige nettskjema på www.sfj.no, dette for å skape ein så låg terskel som mogleg for å gje synspunkt. Regionreforma fekk stor merksemd gjennom media på Vestlandet og nasjonalt, og fylkeskommunen nyttar pressemeldingar og sosiale medium til å formidle informasjon og innkomne synspunkt fortøande.

Målet med høyringa var å få inn grunngjevne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til det vidare regionreformarbeidet. Dei innkomne høyringsfråsegene gav til kjenne synspunkt både på det overordna spørsmålet om samanslåing, samt på konkrete enkeltpunkt i intensjonsplanen.

Fylkesrådmannen opplevde at kommunane, fylkesdekkande organisasjonar og andre på ein svært god måte medverka til å belyse intensjonsplanen og regionreforma frå fleire sider og på ein grundig måte. Saka fylkesrådmannen la fram for fylkestinget tok i tillegg til det overordna spørsmålet samanslåing eller ikkje, også føre seg den konkrete oppfølginga som må førebuast etter at hovudspørsmålet er avklart.

Fylkesrådmannen gjennomførte tre allmøte i sentraladministrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune sommaren og hausten 2016, for å informere og oppdatere tilsette i saka. Fylkesrådmannen gjennomførte også informasjons- og drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalde hausten 2016. Målet med møta var å få innspel undervegs i forhandlingsarbeidet, og til saksutgreiingane han la fram for fylkestinget. Det hadde stor verdi at ein hovudtillitsvald var representert i utvalet som forhandla fram intensjonsplanen.

NYE FORHANDLINGAR MELLOM SGN OG FJORDANE OG HORDALAND

Fylkestinget handsama intensjonsplanen 7. desember 2016. Det la til grunn at dersom Stortinget gjennomfører ei nasjonal regionreform i tråd med intensjonen om omlag ti folkevalde regionar, burde fylkeskommunen søkje om at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region.

Då fylkestinget i Rogaland 14. desember valde å seie nei til intensjonsplanen, fekk det oppnemnde forhandlingsutvalet i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland i januar 2017. Hordaland var også innstilt på ein slik ekstrarunde, og dei to fylka fekk utsett frist til 3. februar 2017 med å kome med tilbakemelding på «nabopraten» og regionforhandlingane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane var også tydeleg på at det ønskte å ha Møre og Romsdal med i den nye forhandlingsrunden. Fylkesordføraren sende ein skriftleg invitasjon til fylkesordførar Jon Aasen, som igjen gjorde det klart at Møre og Romsdal ønskjer å halde fram som eige fylket og takka dermed nei til nye forhandlingar.

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland fastsette å møtast til nye regionforhandlingar på Børnefjorden Gjestetun i Os kommune 16. og 17. januar. Forhandlingane resulterte i semje om ein ny intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, signert 17. januar 2017.

Dei to fylkestinga slutta seg, med visse presiseringar og etterhald, til den framforhandla løysinga tidleg i februar 2017.

Internasjonalt arbeid

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i

- arbeidet i NORA (nordatlantisk samarbeid)
- Nordsjøkommisjonen (inklusiv paraplyorganisasjonen CPMR)
- Euromontana (europeisk fjellregionsamarbeid).

I tillegg er vi med i Vest-Noregs Brusselkontor. Brusselkontoret meldte seg i desember inn i det Brussel-baserte forskings- og innovasjonsnettverket ERRIN (European Regions Research and Innovation Network).

NORA

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk ministerråd. Organisasjonen består av Grønland, Island, Færøyane og Kyst-Noreg (dei ni kystfylka frå Finnmark til Rogaland). NORA skal bidra til å styrke samarbeidet i regionen for å gjere Nord-Atlanteren til ein kraftfull nordisk region, kjenneteikna av ei sterk, beredyktig økonomisk utvikling.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er representert i komiteen (som er styringsgruppe for NORA) på vegne av Vestlandsrådet.

NORDSJØKOMMISJONEN

Nordsjøkommisjonen (NSC) består av 35 regionar frå åtte land. Kommisjonen arbeider for å påverke politikkutforminga i EU og EØS, mellom anna i samband med Nordsjøstrategien 2020. NSC frontar særleg interessene til dei maritime regionane inn mot ulike EU-organ. Erfaringsutveksling, felles idéutvikling og konkrete samarbeidsprosjekt er andre viktige sider ved arbeidet.

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes er frå hausten 2016 varamedlem til styret. Vi har delteke i faggruppa økonomisk utvikling og i marin ressursgruppe.

CONFERENCE OF PERIPHERAL MARITIME REGIONS (CPMR)

CPMR er ein medlemsorganisasjon for maritime utkantregionar i Europa. Organisasjonen har medlemar frå 160 regionar frå 28 land og har stor innverknad på politikkutforminga i maritime spørsmål i EU. Nordsjøkommisjonen (NSC) er ein datterorganisasjon av CPMR.

EUROMONTANA

Euromontana arbeider med distrikts- og næringspolitiske saker, der felles landbrukspolitikk, europeisk samarbeid, berekraftig reiseliv og fornybar energi er viktige satsingar. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde mellom anna ansvar for temaet

risiko som følge av klimaendringar på European Mountain Convention i Portugal i oktober 2016. Arbeidet med kvitbok om distriktpolitikk i EU har vore viktig for Sogn og Fjordane sidan EØS-avtalen legg rammer for norsk politisk handlingsrom. Vi har gjennom medlemskapen initiert prosjektsamarbeid, først innan ungt entreprenørskap og i 2016 om innovasjonssystem i distriktsamfunn.

Fylkesvaraordføraren var styremedlem i Euromontana til og med 2016.

VEST-NOREGS BRUSSELKONTOR

Vest-Noregs Brusselkontor er ein støttespelar for fylkeskommunen. Kontoret arbeider for å

- fremje interessene til regionen
- styrke kontakten og samarbeidet med andre europeiske regionar
- finne partnarar til prosjekt og samarbeid
- hente heim relevant informasjon og lærdom
- auke regionen si deltaking i EU-program og -prosjekt.

Meir konkret opnar regionkontoret dører for næringsliv, kultur, opplæring og utveksling til Europa.

I 2016 har medlemmane konsentrert seg om økonomien og arbeidd med å spisse strategiske satsingsområde. Vi har òg følgt debatten om regionreforma med tanke på korleis denne vil påverke arbeidet framover.

Fylkesvaraordføraren er styremedlem i Vest-Noregs Brusselkontor.

UTVIKLINGSAVTALE FOR Å BYGGE INTERNASJONAL FOU-KAPASITET

Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane vart i 2016 samde om eit treårig samarbeid for å styrke institusjonane si evne til å delta i europeiske forskingsprogram.

HOSPITERING I BRUSSEL

Ein tilsett i nærings- og kulturavdelinga gjennomførte i 2016 eit 6,5 månadars hospiteringsopphold i Brussel. Hovudarbeidsplass var Euromontana supplert med eit kort opphold hjå KS, og dei to siste månadene hjå Vest-Noregs Brusselkontor.

- Sogn og Fjordane fylkeskommune sökte og fekk finansiering på eit Interreg Europe prosjekt om innovasjonsnettverk i utkantsamfunn. Prosjektet er knytt til satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen. Partnarane er utkantsamfunn frå Finland, Slovenia, Kroatia, Spania og Italia. Hovudmålet med arbeidet er å profesjonalisere kommersielt retta nettverksarbeid.
- EU legg til rette arenaer for regionar med samanfallande styrke for å bygge konkuransedyktige verdikjeder og for å stimulere forskingssamarbeid. Det er planlagt ein workshop i Brussel i mars 2017 der nøkkelaktørar i energipartnerskapen vår får innsikt i tilboda som er lanserte, og som vi kan delta i.
- I januar lanserte Regionkommiteen i EU eit initiativ om ei kvitbok om «Rurality» (distriktpolitikk). Fylkeskommunen deltok gjennom Euromontana i samarbeid med ei gruppering i EU-parlamentet for å fremje initiativet.



Lars Hustveit i nærings- og kulturavdelinga hospitere hjå ulike organisasjonar i Brussel i 6,5 månadar i 2016.

Nærings- og kultur

Nærings- og kulturavdelinga oppstod formelt 1. april 2016, og året har vore prega av at vi prøver å avklare kva effektar vi kan hente ut av å samle avdelinga. Vi har samordna rutinar på det økonomisk-administrative området, handsama kommunale planar, og hatt eit felles arbeid på området «opplevelingsnæringar». Det siste er eit samspel mellom kulturinstitusjonane og reiselivsnæringane.

På næringsområdet arbeider avdelinga etter verdiskapingsplanen med prioriterte næringar. Vi arbeider saman med Innovasjon Norge med å skape eit godt apparat for etablerarar og næringsliv i kommunane. Det er sett i gang eit større arbeid med regionale kompetansestrategiar, som vil få stor betydning for kunnskapssatsingane i verdiskapingsplanen. Det mange initiativ med tanke på utviklingsprosjekt i fylket, noko som tyder på stor aktivitet.

På kulturområdet arbeider vi etter Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 og Kulturstrategi 2015-2018. Regional plan for folkehelse 2016-2025 legg føringar for innsatsen vår på folkehelsearbeidet.

Kulturlivet i fylket er prega av jamt god aktivitet, der den store auken i spelemidlar til utvikling av idrettsanlegg er noko av det mest positive. Fellesmagasinet for musea ser ut til å få ei etterlengta løysing. Arbeidet med kulturformidling til barn og unge har høg prioritet, og Den kulturelle skulesekken er eit verdsett tilbod.

Der er ikkje registrert avvik i oppfølginga av politiske vedtak i 2016.

ØKONOMI

Sektoren næring og kultur hadde eit revidert budsjett på 158 384 mill. kr i 2016. Midlane gjekk til

- næringsarbeid
- friluftsliv
- vassforvaltning
- bibliotek
- kulturminnevern
- museum
- kunstformidling og -produksjon
- administrasjon

Sektoren rapporterer til hovudutval for næring og kultur.

REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFT		Rekneskap 2016	Endeleg budsjett 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
7010	Bedriftsretta satsingar	31 000	31 000	31 000	26 337
7011	Kommunikasjonsteknologi	1 143	1 140	1 140	1 000
7012	Bransjeretta satsingar	9 818	9 830	8 550	11 629
7015	Nyskaping	20 923	20 950	19 750	23 754
7018	Kunnskap	5 825	5 825	5 825	5 845
7019	Andre næringsområde	2 484	2 542	2 492	3 090
7099	Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet - Administrasjon	10 351	10 351	10 046	10 055
7163	Klima	6	0	1 450	1 898
7164	Friluft, natur og kulturforvaltning	800	1 100	1 100	1 438
7169	Friluftsliv, vassregion etc. Administrasjon	1 791	823	2 360	2 761
7400	Bibliotek	6 041	6 043	5 882	6 499
7500	Kulturminnevern	14 668	14 410	13 148	13 491
7600	Museum	17 456	17 454	16 654	16 244
7710	Kunstformidling	9 708	10 527	10 378	10 251
7720	Kunstproduksjon	11 605	11 605	11 490	11 493
7750	Idrett	3 298	3 316	3 293	2 526
7900	Andre kulturaktivitetar	11 467	11 721	10 575	11 093
Nærings- og kultur		158 384	158 637	155 133	159 404

Tabell 12

Overforbruket på post 7169 skuldast ein regnskapsteknisk feil. Det har ikkje vore eit overforbruk på denne posten, og 0,787 mill. kr høyrer ikkje til i vår sektor, medan 0,3 mill. kr skal førast på 7164 Friluftsliv.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav i tillegg 22,2 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjeveravgift i Førde, Sogndal og Flora. Midlane vart forvalta av stiftinga Interkommunal Næringsretta Utviklingsordning Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF), på grunnlag av ein handlingsplan som hovudutval näring og kultur har godkjent. Sogn og Fjordane fekk 30,249 mill. kr frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom, tidlegare Post- og teletilsynet) til utbygging av breiband i fylket i 2016.

Fylkeskommunen fekk også 1,6 mill. kr frå Landbruks- og matdepartementet til arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket.

Frå Miljødirektoratet fekk fylkeskommunen 2,190 mill. kr til vassforvaltning og 1,780 mill. kr til tilskot innan friluftsliv og lokale vilttiltak.

Sektoren forvalta også 62,6 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket i 2016. Dette vart fordelt slik:

- om lag 9 mill. kr frå Kulturdepartementet/Kulturtanken til Den kulturelle skulesekken/skulekonsertar
- 5 mill. kr frå Riksantikvaren til freda bygg
- 0,75 mill. kr frå Riksantikvaren til tiltak i verdsarveområdet

- 45,8 mill. kr fra Kulturdepartementet som spelemidlar til idrettsanlegg
- 2,1 mill. kr fra Kulturdepartementet til kulturygg

REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPING

Verdiskapingsplanen syner kva dei ulike aktørane i fylket saman skal få til innan næringsutvikling. Sjølvé planen vart vedteken i 2014, medan industristrategien kom til i 2015. I 2016 samla fylkestinget seg om ei landbrukssatsing, også den del av verdiskapingsplanen. I 2016 arbeidde vi med gjennomføring av verdiskapingsplanen på grunnlag av eigen årsplan.

Nyskapning og kunnskap er gjennomgående plantema i verdiskapingsplanen. Planen omhandlar elles sjømatnæringar, reiseliv og energi (både fornybar og olje/gass), i tillegg til industri og landbruk.

NYSKAPING - EVNE TIL Å FANGE OPP CODE INITIATIV

Næringsretta innsats saman med kommunar og næringsselskap

Fylkeskommunen samarbeider med Innovasjon Norge, kommunar og næringsselskap, og vi arbeider med å spele kvarande betre på næringsutvikling. Gjennom denne innsatsen vert det arrangert ei rekke kurs og samlingar for å

- styrke kompetansen i næringsapparatet
- sikre god informasjonsutveksling mellom dei ulike aktørane som arbeider med næringsutvikling

Ny etableraropplæring - kurs for dei som vil starte eiga bedrift

Fylkeskommunen og samarbeidspartnerane har sidan 2012 tilbydd etablerarkurs for å hjelpe folk med å starte si eiga bedrift. Frå 2012 til 2015 fullførte 210 personar kursa.

Frå 2016 gjorde vi etableraropplæringa todelt med eit grunnleggjande etablerarkurs og eit temakurs, som også rettar seg mot etablerte småbedrifter. At sentrale tema er skilt ut i eigne kurs gjer det nye etablerarkurset mindre omfattande og meir konseptret om grunnleggjande oppstartsmetodikk (Smidig oppstart/Lean Startup). Etablerarkursa går over tre samlingar, medan temakursa er enkeltvise kveldskurs. Alle kursa vert sett opp utanom vanleg arbeidstid. I 2016 sette vi opp temakursa økonomi/rekneskap og sal. Det nyutvikla kursopplegget femnar elles om temakurs innan mellom anna investorkapital.

Den nye etableraropplæringa er utvikla av fylkeskommunen og Innovasjon Norge, i samråd med kommunar, næringsselskap og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. I 2016 fullførte til saman 43 personar etablerarkurs. 26 personer gjennomførte temakurset økonomi og rekneskap, og 18 personer fullførte temakurset sal. I etterkant av alle kursa har vi hatt undersøkingar blant deltakarane, og tilbakemeldingane er at dei er godt nøgde med kursa.

Informasjonsutveksling - oppgradering av driftig.no

God informasjonsutveksling er ein føresetnad for å opptre som eit samordna næringsapparat. Her har vi god nytte av å møtast i samband med kurs og samlingar. Driftig.no er ei nettside som skal gje nyttig informasjon til etablerarar og småbedrifter. Nettsida skal vere hovudkanalen for informasjon frå kommunalt og regionalt nivå til etablerarar og småbedrifter om stoff som gjeld nærings- og gründerarbeid. Sida gir mellom anna kommunevis informasjon om kvar ein vender seg for å finne hjelpe og rådgjeving for å starte eller vidareutvikle eiga verksemد. Driftig.no syner aktuelle tilbod som kan vere av interesse, mellom anna ulike kurs og samlingar for etablerarar. Også dei offentlege hjelparane skal ha nytte av driftig.no.

I 2016 gjennomgjekk nettsida store endringar for å spisse innhaldet mot målgruppa og gjere sida meir attraktiv og brukarvennleg. Det aller meste av arbeidet vart gjort av medlemmane i redaksjonsgruppa til driftig.no. I etterkant av fornyinga hadde vi ein marknadsføringskampanje for å auka besøkstalet til sida. Redaksjonsgruppa

GRÜNDERPRISEN 2016

Florø-bedrifta REMB Technologies fekk gründerprisen for ungdom 2016. Gründerane Erlend Bjerck og Robin Madsen har utvikla eit produkt for oppmåling og registrering av dokkstøtter til verftsindustrien.



Foto: Birthe Johanne F. Finstad

ønskjer å halde fram med kampanjen i 2017 for å sjå kva resultat det gir over tid. I tillegg vil dei spreie markadsføringa i fleire kanalar for å auke kjennskapen til driftig.no blant målgruppa.

Kurs og samlingar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringsselskap treng ulike kurs og samlingar for å vere gode rettleiarar for etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må også vere trygge på regelverk og rutinar som gjeld forvaltning av offentlege midlar. Våren 2016 arrangerte fylkeskommunen ei samling på Skei, der tema var ny etableraropplæring og kurs i smidig oppstart. På hausten hadde vi ei samling i Marifjøra, der tema var korleis kan vi bli betre hjelparar for gründerar og entreprenørar.

Styrka tilgangen på risikovillig eigenkapital

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Sparebanken Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har etablert eit presåkornsfond, som skal gå inn i bedrifter i ein tidleg fase. Fylkeskommunen har til no gått inn med til saman tre mill. kr i dette fondet. Fylkeskommunen har også gått inn med nye fem mill. kr i Fjord Invest Såkorn, som investerer i både såkorn- og vekstbedrifter.

Midlar til kommunale næringsfond

Fylkeskommunen tildeler midlar til kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane. Midlane skal hjelpe kommunane å vere gode støttespelarar for etablerarar og lokalt næringsliv. I 2016 tildelte fylkeskommunen 11,05 mill. kr til kommunale næringsfond, om lag same summen som i 2015.

Ungt Entreprenørskap

Fylkeskommunen og partnarane er opptekne av at born og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skule og vidaregåande opplæring. Det er Ungt Entreprenørskap som er ansvarleg for det operative arbeidet på dette området. Fylkeskommunen og Ungt Entreprenørskap utarbeidde i 2016 ein ny samarbeidsavtale for 2017 og 2018.

KUNNSKAP, FORSKING OG UTVIKLING

Satsinga kunnskap i verdiskapingsplanen har fire arbeidsområde:

- forsking og utvikling
- opplæring
- tilgang til kunnskap gjennom rekruttering
- utvikling av kunnskapsintensive, tenesteytande næringar

Det er løyvd midlar til ein utviklingsavtale mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det var i 2016 eit viktig mål å forsterke evna forskingsmiljøa har til å delta i europeisk forskingssamarbeid.

Fylkeskommunen arbeider saman med Norges Forskningsråd for å mobilisere næringslivet til å ta i bruk FoU, gjennom prosjektet VR - Verkemiddel for regional forsking, utvikling og innovasjon. Verkemiddelet kompetansemekling er mest vellukka og vert vidareført som eit tilbod delfinansiert av forskningsrådet.

Regionalt forskingsfond

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar for hovudprosjekt i 2016. Til søknadsfristen om våren var temaa berekraftig matproduksjon, energi, offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet og reiseliv. To prosjekt frå Sogn og Fjordane fekk støtte innan berekraftig matproduksjon. Til søknadsfristen om hausten hadde fondsstyret fått ny bestilling frå fylkeskommunane. Då var det to tema i tillegg til offentlege utviklingsoppgåver. Det var hav og energi og mat og bioøkonomi. Eitt prosjekt frå fylket fekk støtte innan energioekonomisering.

Når det gjeld utlysingar om støtte til forprosjekt eller kvalifiseringsstøtte, vart det eit opphald etter fristen 15. juni på grunn av stor pågang. Utlysinga opna opp att i november, basert på ny bestilling frå fylkeskommunane. Fondet støtta 38 søknadar

VRI-PROSJEKTET

VRI-prosjektet var eit tiårig samarbeid med forskingsrådet, som vart sluttført i 2016.

På det siste styremøtet vart dette trekt fram som viktige resultat av samarbeidet:

- Vi la grunnlaget for samarbeidet mellom energibransjen og høgskulen.
- Vi la grunnlaget for reiselivsplanen og etterkvart eit forskingsprogram innan reiseliv.
- Tenesta kompetansemekling har mellom anna vore viktig for
 - o datalagring i Lefdal Gruve
 - o N-Link
 - o Havkraft
 - o Sogn Aqva
 - o Blue Fjord
 - o Better Player
 - o Simas næringsprosjekt
- VRI har gitt auka mobilitet mellom høgskulen og næringslivet i form av
 - o bacheloroppgåver
 - o tilbodet nærings-Ph.D
 - o bedriftsbesøk
 - o dialogkonferansar
 - arrangert av studentar
- VRI har vore eit «lågterskeltilbod» for å få vurdert Fou for bedrifter

VRI-programmet har også finansiert innovasjonsforskning. Eit konkret resultat er ei verktøykasse for innovasjonsnettverk.

Eit Interreg Europe-prosjekt om innovasjonssystem i utkantsamfunn vart finansiert i 2016 og er bygd på forskinga i VRI. Sogn og Fjordane leiar prosjektet.

VRI-prosjektet har ei eiga Facebook-side, som heiter VRI Sogn og Fjordane.

om kvalifiseringsstøtte i 2016, noko som er ny rekord. Av desse kom fem frå Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane har som mål at søknadar om hovudprosjekt frå fylket skal oppnå minst 21,7 prosent av samla støtte til hovudprosjekt. Etter sju år med fond er status 21,8 prosent - og dermed full måloppnåing.

Sogn og Fjordane sin del av total støtte - prosent kumulativt år for år




Diagram 8

REISELIV

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har som hovedmål å

- auke verdiskapinga
- auke tal gjestedøgn
- få eit meir berekraftig reiseliv

Visjonen for utviklinga av reiselivet i fylket er «berekraftige naturopplevingar i verdklasse». Denne skal styrke grunnlaget for lønsam, heilårleg næringsverksem, trivsel og busetnad i heile fylket.

I reiselivsplanen jobbar fylkeskommunen, Fylkesmannen og Innovasjon Norge tett saman for å nå måla og lytte til næringa for å rette innsatsen etter behova.

Fylkeskommunen løyvde 6,2 mill. kr til satsinga reiseliv i 2016. Løyvingane frå fylkeskommunen gjekk til

- destinasjonsselskapa
- Fjord Norge AS
- NCE Tourism Fjord Norway
- administrasjon av reiselivsplanen

Reiselivssatsinga disponerte i tillegg 1,85 mill. kr til å jobbe vidare med infrastruktur i ulike prosjekt. Det vart mellom anna løvd 0,8 mill. kr til stibygging rundt gondolbana i Loen.

SJØMATNÆRINGANE

Verdiskapingsplanen

I gjennomføringa av verdiskapingsplanen er følgjande problemstillingar løfta fram:

- Arealbruk i sjø**
Fylkeskommunen har saman med kommunane og Norges Geologiske Undersøkingar (NGU) sett i gang eit prosjekt om opparbeiding av botnkart for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Arbeidet starta i 2015 og vert ferdigstilt februar 2018.
- Styrke tilgang til kompetanse og rekruttering i sjømatnæringane**
Vi har starta to delprogram med dette temaet. Det eine er retta mot elevane på marine linjer ved Måløy vidaregåande skule, og det andre er retta mot dei tilsette i næringslivet. Det vart i juni sendt søknad til Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonsesjon for oppdrett av laks og aure. Vi har òg starta eit forprosjekt som skal vurdere kostnadsgrunnlaget for eit eventuelt nytt opplæringsfartøy.

Vestlandsamarbeidet - Marin sektor (VestMarin)

Dette er eit marint samarbeid mellom fylka Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Samarbeidet starta i 2007, og fylka samarbeider om næringsutvikling innan tema som havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi. Hovudmålet er at vi gjennom samarbeid skal bidra til å oppretthalde og styrke posisjonen Vestlandet har som leiande region innan marin sektor. Vi har mellom anna

- gitt fagleg høringsinnspel frå Vestlandsrådet (VR) i samband med havstrategien til regjeringa
- gitt høringsinnspel frå Vestlandsrådet i samband frigjeving av botndata i sjø
- gjennom IRIS gjennomført ei kartlegging av kva kompetanse leverandør-industrien til marin sektor på Vestlandet har i nærmeste framtid. Rapporten «Leverandører til sjømatnæringen» og biomarin industri på Vestlandet; Kompetansebehov 2016-2020 var ferdig i 2016
- planlagt felles stand for Vestlandet under AquaNor-messa i Trondheim i 2017

Miljøseminar for oppdrettsnæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte i 2016 for sjette år på rad eit miljø-seminar i Florø. Seminaret har ulike problemstillingar frå oppdrettsnæringa som agenda, og det samla over 100 deltakarar frå næring, forvalting og forsking. Tema på konferansen var knytt til overvaking av miljøet, ny oppdrettsteknologi og forsking og utvikling i næringa. Medarrangørar var Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region Vest, Mattilsynet og Sjømat Norge.

Akvakulturforvalting

Det har vore ein auke i tal handsama akvakultursøknadar samanlikna med 2015. Auka satsing på ny teknologi og forsking i 2016 er gledeleg. Det er registrert heile åtte søknadar om utviklingsløve, og det er gjeve tre tilsegner til FoU-løye.

Det har også kome fleire søknadar om landbasert produksjon av matfisk, basert på resirkulering av vatn. Det syner at næringa kan vere inne i ei omstilling når det gjeld produksjon av laks. Vi har òg hjelpt Telemark fylkeskommune med sakshandsaming av søknad om landbasert matfiskproduksjon på Rjukan.

LANDBRUK

Landbruk blei del av verdiskapingsplanen i 2016. Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp dette temaområdet i planen.

Fylkeskommunen er høringsinstans for nasjonale prosessar og har løfta fram dei viktigaste produksjonane i fylket i fråseguna til jordbruksoppgjeret. Fylkeskommunen har også uttala seg om framlegg til endringar i konsesjonslova, jordlova, og odelslova. Vidare har fylkeskommunen fordelt 1,58 mill. kr til korte kurs og lang-siktige prosjekt, som skal auke rekrutteringa og kompetansen i landbruket i fylket.



Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes opna utstillinga på Nor-Fishing
Foto: Lena Søderholm



Graving av grøft for legging av fiber.
Foto: Olav Skarsbø

Agronomutdanning for vaksne er framleis det største tiltaket som gjev kompetanse til nye næringsutøvarar i fylket. Det har vore god deltaking på dei fleste kurs- og kompetansetilboda.

Fylkeskommunen støtta dei to første åra av eit prosjekt som skal følgje opp meldinga om kystskogbruket og auke verdiskapinga i kystskogbruket.

Prosjekt Tredrivar i Sogn og Fjordane

Prosjekt Tredrivar er eigd av fylkeskommunen, Innovasjon Norge og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Prosjektet har ei 50 prosent stilling ut 2017, og fylkeskommunen har arbeidsgjevaransvaret.

Prosjektet søker løysingar for foredling av ressursen tre i fylket, med mål om industriutvikling, grøne arbeidsplassar og verdiskaping. 2016 det første heile driftsåret til prosjektet, og vi har koncentrert oss om kunnskaper og utvikling av ressursgrunnlag og logistikk. Eit truverdig råvaregrunnlag med den rette logistikken, gjev grunnlag for analysar av industrielle konsept som høver regionen og ressursen. Målsettingar i arbeidet har vore nyskaping, bedriftsetablering, FoU-prosjekt, verdikjedekoplingar og kunnskapsutvikling.

BREIBAND

Fylkestinget vedtok i april 2016 ein strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020. Fylkeskommunen har som mål at alle i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til eller ha prosjekt for å etablere andre generasjon breiband innan 2020. Strategien er avhengig av statleg støtte for å bli realisert.

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband. Gjennom denne ordninga vil dei sikre eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område det ikkje er lønsamt å bygge ut på kommersielle vilkår. Kommunane i Sogn og Fjordane har i perioden 2014-2016 fått over 88 mill. kr frå staten frå denne tilskotsordninga, mest av alle fylka i landet. Fylkeskommunen har si same periode løyvd 13 mill. kr.

Trass i rekordstore løyingar og utbygging er Sogn og Fjordane likevel fylket med svakast dekning både for fast og mobilt breiband. Rapportane til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet viser følgjande status:

- 44,0 prosent av husstandane i Sogn og Fjordane har tilgang til 100 Mbit/s fastnett
- 93,7 prosent av befolkninga har tilgang til 4G der dei bur. Snittet i Noreg er 99,5 prosent
- 61,1 prosent av arealet i fylket har 4G-dekning. Snittet i Noreg er 82,3 prosent

Spreidd busetnad og utfordrande topografi med fjell og fjordar gjer breibandutbygging i Sogn og Fjordane kostbart.

Fylkeskommunen har i dag ei rolle som bindeledd mellom Nasjonal kommunikasjonsmyndighet og kommunane. Vi gjev råd til kommunane på ei rekke område og arbeider med å styrke kompetansen på breibandutbygging i kommunane. Sogn og Fjordane vil ha behov for satsing på breiband og mobil i mange år framover.

TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD

Fjord Base har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane, med Statoil som den største kunden på basen. Selskapet er mellom anna operatør for Snorre-feltet, der det er venta store investeringar i åra som kjem. Framlegget til konsekvensutgreiings-program for Snorre Expansion Project vart sendt på høyring i desember 2016. Engie (tidlegare GdF Suez) driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøafeltet frå Florø. Norske Shell (som har kjøpt BG) er operatør for Knarrfeltet og har ei base- og driftsavdeling på Fjord Base.

Riving av utrangerte offshoreinstallasjonar er eit sentralt satsingsområde for Lutelandet. I 2016 vart Ymeplattforma frakta dit. Fjerning vart gjort i ein operasjon av «Pioneering Spirit», verdas største konstruksjonsfartøy, som er utvikla for slike oppdrag.

Petroleumsvirksemda er viktig også i Gulen kommune. Det er omfattande aktivitet og arealutvikling både i Sløvåg og i Skipavika, der riggar for tida ligg tett i opplag medan dei ventar på nye oppdrag.

I verdiskapingsplanen har Maritim Forening Sogn og Fjordane hovudansvar for å utvikle leverandørverksemndene. Dei organiserer arbeidet gjennom utviklingsprogrammet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane», som har som overordna mål å doble den petroleumsrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013). Fylkeskommunen var i 2016 representert med regional stand på offshoremesset ONS, med Maritim Forening Sogn og Fjordane som sentral støttespelar.

REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING

Regional plan for vassforvaltning med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram vart vedteken av fylkestinget i desember 2015 og godkjent av Klima- og miljødepartementet i juli 2016.

Omstilling til ei meir berekraftig og heilskapleg vassforvaltning krev samarbeid mellom ulike regionale statlege etatar, alle kommunane og fylkeskommunane. Samarbeidsarenaer er tidlegare skipa ved etablering av vassregionutval, arbeidsutval til vassregionutvalet og vassområdeutval.

Prosjektleiarane i vassområda er tilsette hos fylkeskommunen. Stillingane er eit spleislag mellom fylkeskommunen og kommunane. Alle kommunane er med på spleiselaget med unntak av Lærdal og Aurland. Fylkeskommunen fekk i 2016 overført 2,19 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet. Fylkeskommunen har gått inn med 0,3 mill. kr. Store delar av midlane er fordelt vidare til arbeidet i vassområdet.

INU-FSF

Stiftinga interkommunal Næringsretta Utviklingsordning Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF) fekk 22,2 mill. kr i 2016. Midlane vart mellom anna nytta til å støtte utbygginga av Sunnfjord Næringspark og inkubatorverksemda til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. INU-FSF har også støtt start av næringsretta IT-utdanning og eit ingeniørstudium i bygg og anlegg.

OMSTILLING

Kommunane Askvoll og Lærdal hadde omstillingsstatus i 2016. For Askvoll var dette siste året med omstillingsstatus.

Det vart løyvd 4,8 mill. kr i ordinære omstillingsmidlar. I tillegg fekk Hyllestad kommune 0,85 mill. kr til eit pilotprogram innan områda samfunnsentrepreneurskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden, vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet.

Omstillingsmidlane vart fordelt slik:

Askvoll	1 800 000 kr
Lærdal	3 000 000 kr
Pilotprogram Hyllestad	850 000 kr
Samla løying	5 650 000 kr

VASSFORVALTNINGSPLANEN

Vassforvaltningsplanen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla skal på ein heilskapleg og best mogleg måte verne om vassføremomstane og sikre berekraftig bruk. Planen gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å legge miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Det er laga eit tiltaksprogram og eit handlingsprogram for å følgje opp planen. Tiltaksprogrammet omtalar aktuelle tiltakstypar som skal til for å nå miljømåla. Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla, viser kva oppfølging planen krev og peikar ut ansvarlege organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen.

Miljøtilstand, miljømål og skisserte tiltakstypar for alle innsjøar, elvar, grunnvatn, fjordar og kystområde er tilgjengelege på nettsida vann-nett.no

Den årlege vurderinga av omstillingssarbeidet viste framgang på dei aller fleste indikatorane i høve til året før, og det vart arbeidd strukturt og målretta med omstillingssarbeidet i begge områda også i 2016.

Det vil bli gjennomført ei ekstern sluttevaluering av omstillingssarbeidet i Askvoll. Rapporten er venta å vere klar i løpet av første halvår 2017.

BEDRIFTSRETTA STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE (IN)

Fleire gode gründerar

IN Sogn og Fjordane gjennomførte seminaret «Frå idé til marknad» ti gonger i 2016. Omlag 130 personar deltok totalt, og ca. 100 av desse var gründerar. «Frå idé til marknad» er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar.

Gründerdagen Z vart gjennomført 10. mai 2016 i tilknyting til næringslivsdagane. Arrangementet var eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Kunnskapsparken, Ernst & Young, Fjord Invest, Sparebanken Sogn og Fjordane og næringshagane i Nordfjord. Målsettinga var fagleg oppdatering og inspirasjon, samt å sikre ein møteplass for gründerar. 25-30 gründerar deltok.

Fleire vekstkraftige bedrifter

IN prioriterer bedrifter innanfor KIFT-næringane (kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting) og løyvde i 2016 totalt 23,2 mill. kr i tilskot til denne sektoren.

Fleire innovative næringsmiljø

IN Sogn og Fjordane har dei siste åra oppmoda bedriftene til meir samarbeid, noko som har ført til sterke auke i bruken av verkemiddelet «bedriftsnettverk». Det er ei ordning som skal bidra til etablering av strategiske og kommersielle samarbeid mellom bedrifter.

IN løyvde 3,6 mill. kr fordelt ut på tolv bedriftsnettverk i 2016. Verkemiddelet er mest nytta av aktørar i reiselivsbransjen, der samarbeidstankegangen er annleis i dag enn for ti år sidan.

Reiseliv

IN Sogn og Fjordane har ansvar for Aktørprogrammet som eitt av tre delprogram i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025. Målet for arbeidet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Satsinga vert koordinert med reiselivssatsinga Innovasjon Norge har nasjonalt, innanfor dei tre arbeidsområda entreprenørskap, vekst i bedrifter og innovasjonsmiljø.

I oktober 2016 gjennomførte IN workshop med tre internasjonale turoperatørar og 40 reiselivsaktørar i fylket. Det overordna målet var å auke salet gjennom turoperatørar. Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode og avdekte eit behov for denne type koplingar.

Innovasjon Norge har bidrige til storsatsinga på gondolbane frå Loen til Hoven, som ein trur vil bli eit nasjonalt fyrtårn innan reiselivet på Vestlandet. Innovasjon Norge har også støtta Seawalk og opplevelingssenteret Sagastad, begge på Nordfjordeid.

Sjømatnæringane

Oppdrett av laks og aure opplever betydelege utfordringar med blant anna lus, sjukdom, rømming og forureining. IN har i 2016 finansiert utviklingsprosjekt som har som mål å redusere miljøbelastninga innan oppdrett, blant anna ved å finansiere utvikling av teknologi/konsept for å drive oppdrett på land eller i lukka anlegg i sjø. IN har også finansiert utviklingsprosjekt der målet er å produsere berggylt - ein av fleire moglege oppdretta luseetarar. Utover dette har IN i perioden bidrige med finansiering og rådgjeving i samband med utvikling av nye marknader for sjømatprodukt - blant anna rogn frå aure - til krevjande kundar i Japan.

2016 var eit normalår med tanke på lån til fiskeflåten. Aukande prisar på råstoffet, låg rente og låg drivstoffpris gav utslag i etterspørsel etter lån, både til kvoter og fartøy.

KULTUR FOR BARN OG UNGE




Camilla Haveland (f.v.), Ivelise van Oorschot, Jenny Hatlelid Holsæter, Oddbjørn Littlabø og Rakel Sørhaug utgjør URG Sogn og Fjordane.
Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Fylkesordførar Jenny Følling deltok på UPU sitt møte på Holsen 2. til 4. september. Frå venstre: Ole Martini, Jorun Yri, Emma Berge Ness, Jenny Følling, Rune Rasmus Holsen Nygård, Thomas Hansen Halsnes.

DKS - fordeling av turneane på dei ulike kunstuttrykka



- Scenekunst
- Visuell kunst
- Musikk
- Litteratur
- Kunstaristar i samspel
- Anna

Diagram 9

UKM

UKM-festivalen (Ung kultur møtest) Sogn og Fjordane vart i 2016 arrangert i Førdehuset med Førde kommune som hovudarrangør. Arrangementet hadde 230 deltakarar. Satsinga på unge konferansierar, UKM Media og arrangørar vart vidareført, i tillegg til sceneframstyringar og kunstutstilling. For første gong var det konsertar med UKM-deltakarar utanfor Førdehuset - på Skywalken i Førde sentrum og på Scandic Sunnfjord Hotel. Dette var del av Kulturkonferansen 2016. Fire sceneinnslag, fire utstillingsarbeid, fem frå UKM Media og to unge arrangørar representerte fylket på UKM-festivalen i Trondheim i juni. I tillegg deltok Sogn og Fjordane sin representant i Ungdommens ressursgruppe.

Ungdommens ressursgruppe Sogn og Fjordane vart etablert i 2016. Gruppe består av seks ungdommar frå ulike delar av fylket. Dei skal tilføre UKM-nettverket auka kunnskap om kva målgrupper er opptatt av. Dei skal også jobbe med å auke deltakinga på UKM og vere med å planlegge og gjennomføre UKM-festivalen Sogn og Fjordane kvart år. UKM Norge gav i 2016 stimuleringsmidlar til etablering av gruppa.

Fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval

Fylkesting for ungdom (FFU) vart gjennomført i april med 55 deltakarar frå 14 kommunar og 8 organisasjoner og politiske parti. FFU vedtok 13 fråsegner som ungdomspolitisk utval (UPU) skal arbeide etter fram til neste fylkesting. I november arrangerte UPU og fylkeskommunen ei årleg samling for ungdomsråda i fylket. Hovudtema var opplæring av medlemmane i ungdomsråda. 37 deltakarar frå 14 kommunar deltok.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) gjennomførte 40 turnear fordelt på kunstområda scenekunst, musikk, film, litteratur, og visuell kunst i 2016. Alle elevane i grunnskulen fekk fire ulike tilbod.

DKS arrangerte ein fagdag for alle dei vidaregåande skulane med informasjon om DKS-tilbodet skuleåret 2016-2017. Det er gjennomført fem turnear i den vidaregåande skulen.

Det var totalt 1077 framstyringar i DKS på skulane i Sogn og Fjordane i 2016.

Tilboda vart gjennomførte i samarbeid med dei nasjonale aktørane på dei ulike kunstfelta (Norsk scenekunstbruk, Rikskonsertane, Nasjonalmuseet og Litteraturbruket). Fleire av produksjonane var i samarbeid med kunstnarar og institusjonar i Sogn og Fjordane innan film, litteratur, teater og musikk.

DKS, UKM og kulturskulerådet arrangerte konferansen «Felles barn, felles ansvar». Konferansen var ei nettverkssamling for UKM-kontaktar, Norsk kulturskuleråd og kulturkontaktane for DKS på skulane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er med som assosiert partner i søknad til EU-programmet «Kreativt Europa» med prosjektet «Rural focused european creative and cultural cooperation project». Prosjektet har som mål å utvikle gode formidlingsmodellar i rurale område. Det er venta svar på søknaden i 2017. Uavhengig av om søknaden vert innvilga eller ikkje, er det etablert eit fagleg nettverk som vi vil ha nytte av framover.

KULTURPRISEN 2016

Fylkeskulturprisen 2016 gjekk til Ove Henning Solheim og «Dans Uten Grenser» for å ha etablert og drive danseverkstader etter ung til ung-metodikk for barn- og unge i fylket sidan 2006.



Foto: Birthe Johanne F. Finstad

SAMHANDLING MED FRIVILLIG SEKTOR

Frivillig sektor er stor og er ein viktig berebjelke i kulturlivet i fylket vårt. Fylkeskommunen samhandlar med frivillig sektor på mange område, gjennom rettleatingsarbeid, utviklingsavtaler og tilskot til drift og aktivitet. Området «andre kulturaktivitetar» omfattar barne- og ungdomssatsingar, frivillig sektor og utviklingstiltak og utgjorde i 2016 om lag 10,6 mill. kr.




Diagram 10

DIGITAL KULTURFORMIDLING

Digital formidling er sentralt i alt kulturarbeid. Nettsider og Facebook-sider er viktige digitale formidlingsarenaer og møteplassar.

Vi har arbeidd spesielt med å utvikle og følgje opp GeoAtlas, bloggprosjektet og prosjektet Skulen min. Sida til GeoAtlas har framleis manglar og treng forbetringar som vert gjort framover.

Prosjektet «Skulen min» har besøkt Selje, Vågsøy, Eid, Flora, Hyllestad kommunar. Mykje av arbeidet har vore gjennomføring av informasjonsmøte og kurs. I tillegg har vi brukt mykje tid på den digitale infrastrukturen til internetsida. Fleire av nettstadane manglar funksjonar for å kome med i portalen. Totalt har «Skulen min» over 200 artiklar på nettstaden lokalhistoriewiki.no. Ei sentral nettside, Digitalt Fortalt, vart lagt ned i 2016, og vi har jobba med å få på plass ei erstatning.

LEVEKÅR OG LIVSKVALITET

Folkehelsearbeidet vart løfta fram og spissa i 2016. Ei intern koordineringsgruppe peika ut satsingsområdet «Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule» som området som skal få mest merksemd dei nærmaste åra, i oppfølginga av handlingsprogrammet i Regional plan for folkehelse 2015-2025.

Vi utarbeidde i 2016 prosjektrapporten «Eit framtidsretta folkehelsearbeid i Sogn og Fjordane» som følgje av omstellingsprosjektet SFJ2019. Målet var å få sterkare sørklys på levekår og livskvalitet som del av regional og kommunal planlegging, helseoversikt og eit operativt folkehelsearbeid i Sogn og Fjordane. Rapporten vart handsama i fylkestinget i juni 2016.

«Regionvise læringsnettverk» har arrangert samlingar for planleggarar i kommunane. Her har tema vore levekår og livskvalitetsarbeidet som basis for samfunnsplanlegginga i kommunane, og fordelane med/korleis arbeide på tvers av etatar og institusjonar. Tilbakemeldingane var at fylkeskommunen bør halde fram med denne typen innsats.

2016 var det siste året fylkeskommunen bidrog med (del-)finansiering til folkehelsekoordinator-stillingane i kommunane. 22 kommunar i fylket hadde slik stilling. Frå folkehelsekoordinatorane er det eit uttrykt håp om at fylkeskommunen kan ha ei koordinerande rolle gjennom å arrangere ei til to samlingar per år for felles drøfting av sentrale tema.

I samarbeid med Fylkesmannen var vi også i 2016 med på å arrangere Sjumilsstegskonferansen, som årleg samlar mellom 200 og 300 deltagarar. Vi hadde òg ei samling for representantar frå alle kommunane i fylket, der vi introduserte det nye helseoversiktsverktøyet vi skal ta i bruk - UngData.

«Dans utan grenser» feira tiårsjubileum i 2016 med stor festførestilling. Danseverkstad som tiltak har fått god kritikk, både frå ungdommane sjølve og tilsette i kommunane. Stadig fleire kommunar i fylket ønsker dette tilbodet.

Fylkeskommunen har videreført den økonomiske støtta til SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep). Senteret driv eit omfattande arbeid for å fremje god livskvalitet og tidleg intervension blant 6. klasselevar i heile fylket. Prosjektet involverer helsesøster og lærarar. Undervisinga er retta mot vanskelege tema som incest og seksuelle overgrep, rus og vold i heimen, skilsmisse og psykisk sjukdom.

KULTUR OG HELSE

I omgrepet kultur og helse definerer vi kultur i helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterende arbeid. Det er tverrsektorelt og vert til i tett samarbeid med helse, pleie og omsorg og folkehelse. Vi arbeider med kompetanseheving, nettverksbygging og fagleg støtte til verksemder og prosjekt. Målet på sikt er at kultur skal vere naturleg og sjølvsagt i kvardagen i helsesektoren.

Visjonen om «kultur for alle» styrer innsatsen. Vi var i 2016 medarrangør av Kulturfestival for utviklingshemma og samarbeidde med TV BRA, ein nett-tv-kanal for og med utviklingshemma, med tanke på etablering i Sogn og Fjordane.

Vi har saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane gjennomført

- to samlingar i «Nettverk for miljøbehandling innan eldreomsorg»
- førelesningar om kultur og helse på utdanningane på helsefag, konferansar og rettleiing.



I samarbeid med Førdefestivalen vart prosjektet «Sulla meg litt- grenselause voggesongar» gjennomført med konsert på festivalen i juli og på Sunnfjord Museum på hausten.

Foto: Førdefestivalen /Heidi Hatlestein

Vi har også medverka til forsking og utvikling gjennom dokumentasjon og samarbeid med forskingsmiljø.

Vi har bidrige fagleg til etableringa av LEV VEL - kultur og eldre (2015-2022) i Flora kommune. Prosjektet vert gjenomført i tett samarbeid mellom kultur, pleie- og omsorg og frivillig sektor i kommunen.

Gjennom løvningar til Den kulturelle spaserstokken er det fordelt 1 015 000 kr til 26 kommunar til tiltak som skal nå eldre i og utanfor institusjon med gode kulturopplevelingar.

Inkludering gjennom kultur har vore tema på konferansar. Vi har rettleia kommunar, organisasjonar og institusjonar om temaet, mellom anna for å finne gode møteplassar der offentleg og frivillig sektor samarbeider.

Vi har hatt konferanse, rettleiing og kurs for å auke kompetansen på samanhengen mellom musikk og helse, samt motivere til å ta i bruk musikkterapi i kommune- og spesialisthelsetenesta.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er assosiert deltagar i forskingsprosjektet Polyfon

ved Griegakademiet. Målet her er ei kunnskapsklyngje som skal stimulere til samspele mellom tenesteutvikling, utdanning, forsking, og formidling i musikkterapi.

FYSISK AKTIVITET, IDRETT, ANLEGG

Satsinga på kompetanseheving til frivillige lag og organisasjonar har i 2016 halde fram og har gitt auka forståing og betre kompetanseflyt i alle ledd. I 2016 vart det gjennomført tre spelemiddelkurs, i Stryn, Førde og Sogndal, med om lag 90 deltagarar. Dette viser igjen i talet på godkjende spelemiddelsøknadar, der effekten av det langsiktige arbeidet viser at først etter nokre år. Målet har vore å auke kvalitet på spelemiddelsøknadane til anleggsutbygging, og vi ser ein auke i tal godkjende søknadar. Total løyving til anlegg for spelemidlar i 2016 var 45,9 millionar mot om lag 37 millionar i 2015. Totalt vart det løyvd ca. 47 millionar med rentemidlar, inn-dregne og tilbakebetalte midlar. Godkjend søknadssum enda på 192 millionar mot 159 millionar i 2015.

Løyvde spelemidlar




Diagram 11

Godkjend søknadssum




Diagram 12



Prosjekt dagsturhytte vart godt motteke av alle kommunane i fylket. Dei første hyttene skal stå ferdige sommaren 2017.

Illustrasjon: Rojo arkitekter

Vi arbeider mykje med rehabilitering av anlegg. Verdiskapinga gjennom dugnadsinnsats og frivillig arbeid er stor innan feltet her i fylket. Tal viser at vi er i landstoppen i høve innbyggartalet.

Vi har også arbeidd mykje med oppfølging av kommunar som skal revidere kommuneplanane sine for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins og Forum for natur og friluftsliv har vi vitja fem kommunar, der vi på dagtid har møtt kommunen og på kveldstid møtt frivillig sektor. Dette er eit vellukka samarbeid som vi vidarefører. Vi legg særskilt vekt på tiltaksdelen for å engasjere fleire i alle aldersgrupper i fysisk aktivitet. Fleire av kommunane har løfta tilskota til lag og organisasjoner i etter desse møta.

Eit nytt tiltak i 2016 var å besøke skular på dagtid. Der ser vi saman med kommunen, lærar, rektor, FAU, elevråd og andre på uteområdet for å vurdere om utforminga skapar tilstrekkeleg fysisk aktivitet for alle. Uteområde med gode nærmiljøanlegg er viktige både som rekrutteringsanlegg for idrett og for å implementere ein time fysisk aktivitet i skulen. På kveldstid møtest desse att og diskuterer og teiknar uteområdet som del av innspel til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi har i 2016 besøkt Vågsøy og Årdal. Vågsøy byggjer ny ungdomsskule, og møtet resulterte i ei storsatsing på uteområdet med heile 16 søknadar om nærmiljøanlegg – der fem millionar vart godkjende som tilskot. Årdal er i gang med å ruste opp uteområdet og fekk engasjert ungdom på ein god måte. Vi planlegg å vidareføre denne innsatsen.

Prosjekt dagsturhytte vart lansert i 2016 i samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Målet er å bygge ei enkel dagsturhytte i alle kommunane ved hjelp av støtte frå Sparebankstiftinga og med tilskot frå spelemidlane. Den utlyste arkitektkonkuransen gav 21 forslag. Rojo arkitekter (Trondheim) vann konkurransen, og dei første hyttene kjem opp i 2017.

FRILUFTSAKTIVITET

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk ei ramme på 600 000 kr frå Miljødirektoratet i 2016. Vi fekk inn 16 søknadar med ein samla søknadssum på 1,2 mill. kr. Vi prioriterte tiltak som gjekk direkte på aktivitet i friluft, og som var av regional karakter. Ein stor del av tildelinga gjekk til ulike aktivitetar i regi av store fylkes-dekkande organisasjoner som Sogn og Fjordane Turlag og til fylkeslaget til Norges Jeger- og Fiskerforbund. Også fylkeslaget til Norges Blindeforbund fekk ein mindre sum.

Tiltak i statleg sikra friluftsområde

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk ei ramme på 780 000 kr frå Miljødirektoratet i 2016. Fylkeskommunen fekk inn tre søknadar på til saman 2,1 mill. kr. Flora kommune har fått 460 000 kr til natur- og kultursti på Brendøya og Prestholmen, medan Naustdal kommune har fått 300 000 kr til Tusenårsstaden Sanden.

Viltiltak

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk 400 000 kr til viltiltak frå Miljødirektoratet i 2016. Vi fekk inn elleve søknadar med ein samla søknadssum på 813 000 kr. Hovudmengda av søknadar gjekk på

- tiltak for tilrettelegging for og rekruttering til jakt
- kartlegging av viltressursane, leveområda til viltet og viltinteresser i kommunar og regionar

Tildelinga gjekk i hovudsak til denne typen tiltak, og til tiltak som var av regional karakter.

Turskiltmidlar

Fylkeskommunen fekk 600 000 kr frå Gjensidigestiftinga til turskiltprosjekt i 2016. Saman med fylkeskommunale midlar vart det tildelt 870 000 kr til åtte ulike organisasjoner.

Kartlegging av friluftsområde i kommunane

Fylkeskommunen har fått midlar fra Miljødirektoratet til eit treårig prosjekt der alle kommunane i fylket vert inviterte til å kartlegge og verdsetje friluftsområda sine. Samla kostnad er stipulert til 4,8 mill. kr. Prosjektet er eit spleislag mellom kommunane, Miljødirektoratet og fylkeskommunen.

Planperioden for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er forlenga til 2019. Det viser seg at mange anlegg i planen er utsette i tid, og behovet for rullering av handlingsprogrammet er stort.

KULTURBYGG

Fem av 18 søknadar fekk til saman 2,2 mill. kr i første løying i desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg i juni. Ein søknad fekk 177 000 kroner i tilleggsløying i oktober 2016. Midlane går i hovudsak til opprusting og fornying av kulturbrygg. Sogn og Fjordane fekk 2 131 298 kr til dette føremålet frå Kulturdepartementet i 2016. Vi har prioritert søknadar frå frivillig sektor i tildelingane.

Samarbeidet med Sogn og Fjordane ungdomslag v/Huset i bygda og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane for å auke talet på søknadar til lokale kulturbrygg, heldt fram i 2016. Tildelingar i Sparebankstiftinga si tilskotsordning for kulturbrygg vart samordna med tildelingar i desentralisert ordning, det same gjeld samarbeid om opplæring og spreieing av informasjon. Vi har også halde fram arbeidet med kompetanseheving for frivillig sektor, med regionvise søknadskurs.




Diagram 13

Løying til kulturbrygg frå kulturdepartementet




Diagram 14

KULTURARV

Fylkeskommunen har eit mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. For å nå målet har vi arbeidd både forvaltnings- og utviklingsretta.

Prosjektet Lokale kulturminneplanar starta i 2012 og held fram. Prosjektet er kommunerett og har som mål å styrke lokal kulturminneforvaltning. 25 av kommunane i fylket er i gang med å lage lokale kulturminneplanar.

Fylkeskommunen handsama i 2016

- 14 kommuneplanar og kommunedelplanar
- 12 områdereguleringsplanar
- 73 detaljreguleringsplanar
- 110 dispensasjonssøknadar

Inkludert landbruks-, vassdrags- og energisakene, handsama vi til saman 325 saker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen gjennomførte 46 kulturminneregistreringar.

Kulturminneregistreringar




Diagram 15

Det vart fordelt 5,3 mill. kr i statlege midlar til freda bygg i privat eige og 0,75 mill. kr til verdsarv.

Fylkeskommunen ferdigstilte fredingssak for eigedomen Heimdalstrand i Balestrand i 2016.

Vi registrerte fleire spennande funn av førhistoriske kulturminne i 2016. Det vart dokumentert omfattande spor etter eldre jordbruk og gardsbusetnad i Gloppe og ved Stad skipstunnel. I Øvstedalen i Sogndal vart det gjort funn av eit vikingtidssverd. I dalføret Grindsdalen vart det registrert utmarkskulturminne knytt til stølsdrift og utmarksnæringar, med dateringar som spenner frå yngre steinalder og fram til 1900-talet.

I Nordfjordeid sentrum vart Sagaløypa opna sommaren 2016. Kulturminneløypa vart laga i samarbeid mellom fylkeskommunen og Eid kommune med medfinansiering frå Riksantikvaren. Løypa omfattar sju informasjonsskilt med opplysningar om gravhaugar, kyrkjer, strandsitjarstaden og gardsområdet.

Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes, som er fylkeskommunen sin medlem i Verdsarvrådet for vestnorsk fjordlandskap, deltok på den nasjonale verdsarvkonferansen og på Nordic World Heritage Conference i Reykjavik. På den nordiske konferansen i Reykjavik vart det nordiske nettverket av verdsarvstadar formalisert til ein eigen organisasjon Nordic World Heritage Association (NWHA). Fylkeskommunen er medlem gjennom medlemskapet i den norske verdsarvorganisasjonen Norges Verdensarv.



Vikingssverd funne i Øvstedalen i Sogndal.

POPULÆRE GAMLE BILETE

I 2016 presenterte nettstaden Mashable eit utval foto etter Nils O. Reppen henta frå Flickr-profilen til Fylkesarkivet. Mashable har 45 millionar lesarar i månaden og vert følgt av 28 millionar menneske i sosiale media. Reppen-saka har blitt del over 32 000 gonger og har såleis hatt ein mykje større rekkevidde enn andre fotohistoriske saker på Mashable.



Foto: Nils O. Reppen

Ferdigstillinga av verdiskapingsprosjektet Kongevegen over Filefjell vart markert med opningsarrangement i Borgund i Lærdal og på Kvam i Vang. Kommunane og bedriftsnettverket langs vegen vil no vidareføre arbeidet med å vedlikehalde turvegen og legge til rette tilbod med transport, mat og overnatting til vandrarane.

Kystpilegrimsleia gjekk vidare som verdiskapingsprosjekt og knytte til seg Fjord Norge si produktutviklingsavdeling NCE Tourism, som leverandør i prosjektet.

Det vart i 2016 gjennomført eit pilotprosjekt for å sjå korleis Tusenårsstaden Gulatingset kan formidlast digitalt, mellom anna som tilbod i Den kulturelle skulesekken. Utviklingsarbeidet går vidare i 2017.

FYLKESARKIVET

Fylkesarkivet bevarer og formidlar historisk arkiv- og kjeldemateriale frå og i Sogn og Fjordane. Arbeidet er delt inn i følgjande fagområde: Kommunearkivordninga, privatarkiv, musikk, foto, stadnamn og bibliotek. Vi arbeider kontinuerleg med å betre og vidareutvikle formidlingsløysingane våre, og hovudprioritet i 2016 har vore utvikling og vidareutvikling av websystem for foto, kulturhistorisk leksikon og digitaliserte dokument, samt utarbeidning av ny nettstad for Fylkesarkivet.

Fylkesarkivet ordnar, registerer og digitaliserer private og offentlege arkiv. I 2016 hadde vi i tillegg mykje arbeid med å berge arkivmateriale i samband med brannen i heradshuset i Gloppen. Vi har arbeidd særleg med skulearkiv, i samband med det store formidlingsprosjektet «Skulen min».

Det store satsingsområdet i 2016 var utarbeidning av ein verneplan for privatarkivfeltet. Det munna ut i ein rapport som vil bli eit viktig verktøy i arbeidet med privatarkiv i åra som kjem. Rapporten er utarbeidd i samarbeid med IKA Møre og Romsdal og omfattar begge fylka.

Det kom inn 31 avleveringar med privatarkiv i 2016. Til saman utgjorde det om lag 30 hyllemeter.

Musikkarkivet forvaltar eit omfangsrikt og mangfoldig kjeldemateriale som representerer ein viktig del av den immaterielle kulturarven i fylket vårt. Prioriterte satsingsområder for musikkarkivet i 2016 har vore

- arbeid med systemutvikling
- innsamlingsarbeid knytt til privatarkiv
- eige dokumentasjonsprosjekt
- ei aktiv formidling av materialet vi forvaltar, samt av musikk-/dansepraksisar i fylket vårt

Når det gjeld fotobevaring har det viktigaste i 2016 vore

- Long Life for Photo, eit EØS-finansiert prosjekt med mål om å auke delta-karane sin kompetanse på fotokonservering
- Samlinga etter fotograf Olai Fauske, eit digitaliseringsprosjekt som vert utført i samarbeid med Sunnfjord Museum.

Ei anna viktig oppgåve i 2016 var dessutan flyttinga av fotosamlingane frå Sandane til Leikanger. Den nye plasseringa av materialet gir både lettare betening av samlingane, og ho minskar slitasjen på materialet. Flickr Commons er ein viktig formidlingskanal for fotoarkivet.

Vel 8200 stadnamn frå Luster og Stryn er vitskapleg handsama og digitaliserte 2016. Vi har jobba mykje med utvikling av ny registrerings- og publiseringssløsing for stadnamn, og ved utgangen av året var integrasjon av systemet mot ny versjon av fylkesatlas.no ferdig.

Fylkesarkivet har også jobba med planlegging og utvikling av nytt websystem for å

gjere samlingane meir tilgjengelege og lettare å bruke. Vi starta i 2016 med å utvikle eit nytt system for foto og for Kulturhistorisk leksikon.

FYLKESBIBLIOTEKET

Fylkesbiblioteket organiserer og delfinansierer fellesstener i fylket, til dømes

- e-bokordning
- klassesett-tilbod
- digital avisteneste
- katalogsøk
- transportordning

Vi inngjekk ny avtale med tilbydar av transportordning i 2016. Vidare er prosjektutvikling i samarbeid med kommunane og dei regionale biblioteksamarbeida, rådgjeving, konferansar og kurs for bibliotektilsette og kvalitetssikring av statistikk sentrale oppgåver. Eit kjerneområde er òg litteraturformidling med særleg vekt på nynorsk og for målgruppa barn og unge.

Vi har i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) oppretta ei ordning med nynorske lesegledarar, formidlarar av barne- og ungdomslitteratur. Fylkesbiblioteka i Hordaland og Rogaland er i ferd med å etablere slike ordningar etter modell frå Sogn og Fjordane, og det blir førebudd felles kurs for dei tre fylka våren 2017.

Hausten 2016 gjennomførde Fylkesbiblioteket prosjektet Klart vi les! i samarbeid med Nynorsk kultursentrums og Nynorsksenteret. Elevar og lærarar i utvalde kommunar fekk tilbod om forfattarbesøk og innføring i den nynorske barnelitteraturen. Fylkesbiblioteket samarbeider med DKS Sogn og Fjordane med til dømes å bidra i planlegging, syte for aktuell litteratur og stimulere til samarbeid mellom folkebiblioteka og skulane.

I 2016 vart det etablert eit samarbeid mellom fylkesbiblioteka på Vestlandet om felles kurs og samlingar for bibliotekarar i vidaregåande opplæring.

Mange av folkebiblioteka i Sogn og Fjordane er med i den landsdekkande satsinga Lesar søker bok, som har tilrettelagde tilbod for grupper med lese- og skrivevanskar. Fylkesbiblioteket arbeidde i 2016 for å få til fleire leseombod, frivillige som les for andre, i fylket. Vi gjennomfører nye kurs for leseombod i løpet av 2017.

Nettstaden Forfattarar frå Sogn og Fjordane vart lansert hausten 2016, som resultat av prosjektet Lettare litteraturnett. Vi har saman med Nordland fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket utvikla ein mal for digital formidling av lokale forfattarskap, og vi tilbyr no denne til andre fylke. I 2016 etablerte Fylkesbiblioteket kontakt med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og tilgjengeleggjering av lokalhistoriske artiklar frå Sogn og Fjordane i den nasjonale fulltekstbasen www.bokhylla.no.

Fylkesbiblioteket bidreg i fagleg arbeid nasjonalt gjennom deltaking i arbeidsgrupper, utval og konferansar.

POLITISKE SAKER - AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for næring og kultur har hatt ti møte og handsama 101 saker i 2016. Det er ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2016.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Sak 33/16: Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020

Sak 34/16: Landbruk i Verdiskapingsplanen

Sak 52/16: Regionalt forskningsfond Vestlandet - årsrapport 2015

Sak 58/16: Skiping av «Forum for grøn energi»

Sak 60/16: Revidering av delegerings- og innstilingsreglementet

Sak 91/16: Budsjett / økonomiplan 2017-2020-saker

PROSJEKT LESARHISTORIA

I prosjektet «Lesarhistoria - ny veg til lesaren» er målet å vidareutvikle formidlinga med utgangspunkt i det mangfold av trykte og digitale tekstar som barn og unge les. Bibliotek, skular og barnehagar i fem kommunar deltek i prosjektet. Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) følgjer og dokumenterer arbeidet. Vi førebur no ein avslutningskonferanse på HiOA hausten 2017 og ein publikasjon om prosjektet.



Foto: Fylkesbiblioteket

MÅLEKART NÆRING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Regional utvikling (R)			
R5 Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar.	R5.1 Avslutta prosjekt registrerte i databasen regionalforvaltning.no.	R5.1-1 Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige prosjekt/prosjekt som ikkje er sett i gang.	Godt oversyn på regionalforvaltning.no.
		R5.1-2 Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt.	Stort sett samsvar.
R6 Bestillarkompetanse.	R6.1 Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet.	R6.1-1 Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskapning.	Har oversyn over oppdrag i samband med verdiskapningsplanen.
R7 Nøgd regional partnarskap.	R7.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg.	R7.1-1 Samla skår på 80 prosent nøgde partnarar.	Har ikkje gjennomført noko undersøking blant.
R8 Rask sakshandsaming.	R8.1 Tal marine saker handsama i tråd med forskrift.	R8.1-1 Alle sakene handsama i tråd med forskrift.	Alle komplette søknadar vert som regel handsama innan 20 veker. Kravet i forskriftena er 22 veker. Lengre tid skuldast som regel behov for å hente inn meir opplysningar og/eller sein uttale frå andre etatar. I samsvar med forvaltningslova syter vi for at søknadene vert handsama utan ugrunna opphald.
	R8.2 Andre saker Informasjonsnivå til søkerar, god skriftleg standard.	R8.2-1 Alle søkerane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard.	Har klare rutinar, og det er berre unntaksvis at dette ikkje vert følt godt opp.

MÅLEKART KULTUR

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T1 Gode tenester innan kulturformidling. Dette gjeld tilbod fylkeskommunen har ansvar for å tilby i fylket: Formidling av ei profesjonell kulturopplevelsing, historisk kunnskap og/ eller mulighet til å delta i kulturaktivitetar.	T1.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017 Kultur for alle 2018 Kulturminne (arkeologi, fartøy) 2019 Arkivtenesta, digital kulturformidling 2020 Tilbod til born og unge: DKS, UKM.	T1.1-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	DKS: Auka DKS-tilbod for vgs. med gode tilbakemeldingar. Generelt gode tilbakemeldingar på DKS-tilbodet gjennom KSYS.
	T1.2 Godt tilbod til publikum ved kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking: 2017 Opera Nordfjord 2018 S. og Fj. teater 2019 Musea i fylket 2020 Norsk Countrytreff 2021 Førdefestivalen	T1.2-1 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.	Kulturinstitusjonane driv aktivt publikumsarbeid enkeltvis og i samarbeid. Dei får i hovudsak gode tilbakemeldingar på tilboda sine.
T2 Gode tenester innan språk og litteratur. Dette gjeld litteraturformidling som fylkeskommunen sjølv står for eller legg til rette for gjennom utviklingsarbeid og kompetansebygging, med vekt på formidling av nynorsk språk og litteratur og formidling til born og unge.	T2.1 Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2017 Bruk av nynorsk i fylkeskommunen 2018 Litteraturformidling til born og unge 2019 Litteratur med tilknyting til Sogn og Fjordane	T2.1-1 Positiv utvikling over tid.	Bibliotek: Aktiv formidling av nynorsk litteratur til born og vaksne, kompetansehevande tiltak og prosjekt innan formidling og litteraturkunnskap, felles nynorsk lesegledarordning på Vestlandet DKS: Fleire nynorskproduksjonar for 1.-4. steg, 5.-7. steg og 8.-10. steg innan litteratur, dans og scenekunst.
T3 Kunnskapsdeling gjennom å gjere historiske kjelder tilgjengelege.	T3.1 Utvikle gode og oppdaterte digitale tenester for kulturformidling: Digitaliserte kjeldeesamlingar, arkivmateriale, fakta, kulturstatistikk. Skape nye formidlingskanalar. Tenestene skal vere universelt tilrettelagde. Kartlegging i 2017 og 2019.	T3.1-1 Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire historiske kjelder vert tilgjengelege.	Bibliotek: Lansering av nettstad om forfattarar med tilknyting til fylket i 2016. Nettstaden gir tilgang til mykje lokalhistorisk materiale. Fylkesarkivet: Jobbar med å oppdatere og modernisere publikumstenester og fagsystem. Lanserte ny nettstad i 2016. Ny løysing for reg. og publ. av foto og stadnamn vart lansert. Ny løysing for kulturhistorisk leksikon og digitaliserte arkivdokument, samt vidareutvikling av fotosystemet er under arbeid. Prosjektet "Skulen min" kartlegg og formidlar skulehistorie frå fylket.

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Regional utvikling			
R1 Fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfold av kultiruttrykk.	R1.1 Gode tenester innan kulturformidling. Sikre føreseielege rammevilkår for kulturlivet. Fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturlivet.	R1.1-1 Positiv utvikling over tid.	Prosjektutvikling i samarbeid med kommunane og dei regionale bibliotek-samarbeida, kultur og eldre, DKS m.m.
R2 Kulturområdet si rolle i samfunnsutviklinga vert styrkt.	R2.1 God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbakemeldingar.	R2.1-1 Positiv utvikling over tid.	Tett samarbeid med kommunane om bibliotekutvikling, arkiv, lokale kulturminneplanar, kommunale planar for fysisk aktivitet, spelemidlar, UKM, DKS, kultur og eldre, m.m. sikrar god samhandling. Fylkesarkivet: samarbeidar tett med frivillig sektor i fleire bevarings- og dokumentasjonsprosjekt.
	R2.2 Tal kulturtilsette i kommunane som deltek i kompetansehevande tiltak innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kulturutvikling aukar.	R2.2-1 Positiv utvikling over tid.	Bibliotek: Auka tal kurs, konferansar og fagsamlingar fører til høgre tal deltakarar samla sett
	R2.3 Initiere kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. Årleg kartlegging av deltakarar og tal.	R2.3-1 Positiv utvikling over tid.	Bibliotek: Auka tal kurs, konferansar og fagsamlingar fører til høgre tal deltakarar samla sett.
	R2.4 Innspel til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen til kommuneplanar.	R2.4-1 Ambisjon: Kultur skal uttale seg om alle planstrategiar og kommuneplanar sin samfunnsdelen.	Kulturav: Fagtemaet kulturav er ivareteke i alle uttaler
R3 Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarvverdiar i Sogn og Fjordane.	R3.1 Kommunane kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunnsutviklinga.	R3.1-1 Ambisjon: Alle kommunar kartlegg kulturminne. I 2015 har >20 kommunar sett i gang arbeidet med å utarbeide lokal kulturminneplan.	Kulturav: 25 kommunar er i gang med utarbeiding av lokal kulturminneplan
	R3.2 Verdiskapingsprosjekt baserte på utvikling av kulturminneverdiar vert initierte.	R3.2-1 Positiv utvikling over tid.	Kulturav: To utviklingsprosjekt med forankring i dei lokale kulturminneplanane vart initierte (Høyanger og Hornindal)

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
R4 Dialogen og samhandlinga med kulturaktørane vert vidareutvikla.	R4.1 Skape regelmessige møteplassar.	R4.1-1 Arrangere årlege dialogmøte mellom frivillig sektor/kulturarrangørar og kultur-institusjonane.	Kulturkonferanse i april 2016. Fleire fagsamlingar innan alle områda.
		R4.1-2 Deltek på minst eitt møte med kvart regionale kulturnettverk i året.	Delteke på fellesmøte med dei regionale kulturnettverka i juni 2016.
		R4.1-3 Initiere, delta i og vidare-utvikle faglege nettverk.	Nettverk innan bibliotek, arkiv, kultur og helse, fysisk aktivitet, m.m. DKS: Kulturkonferansen Felles barn, felles ansvar saman med UKM og NKR. Sept. 2016. Fagdagar for DKS i vgs for alle skulane i fylket.
	R4.2 Utviklingsavtalar med fagmiljø og frivillig sektor.	R4.2-1 Minst tre nye avtalar vert inngått kvart år.	Avtale med S. og Fj. idrettskrins, S. og Fj. ungdomslag/Huset i bygda og Gloppen Musikkfest.

KULTUR - KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	Ref. fylke 2016	Landet u/ Oslo 2016
Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar	474	772	601	647	514	330
Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar	916	1 216	1 114	1 232	960	700
Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar	45	0	0	22	7	6
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter	2,5	3,8	2,9	3,1	3,3	2,7
Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar	63	59	55	51	48	31
Netto driftsutgifter museum per innbyggjar	132	159	148	157	107	95
Netto driftsutgifter kunstproduksjon	95	101	105	105	56	36
Netto driftsutgifter kunstformidling	87	80	94	91	142	93
Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar	-55	261	80	141	73	10
Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar per innbyggjar	153	112	119	102	88	66

Opplæring

Fylkeskommunen er pålagd å lage ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for fylkestinget. Årsrapport 2016 dekkjer krava til ein slik tilstandsrapport.

Fylkestinget har gjennom mål- og strategidokumentet God-betre-best! vedteke at Sogn og Fjordane skal ha den beste vidaregående opplæringa i landet. I målekartet for 2016 har fylkestinget vedteke konkrete ambisjonsnivå for

- trivsel
- meistring (eksamens- og karakterresultat)
- gjennomføring
- samsvar mellom tilgjengelege lære plassar og søkjavar til desse

Indikatorane viser at Sogn og Fjordane er i landstoppen når det gjeld eksamensresultat, gjennomføring, og i kva grad elevane trivst. Samstundes må utviklingsarbeidet for å nå målet om den beste opplæringa i landet halde fram.

Satsingane i opplæringssektoren var også i 2016 knytte opp til målsettingane i målekartet. Vi har særleg prioritert å arbeide for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Hovudutval for opplæring gjorde i HO-sak 31/2016 vedtak om å sette i gang arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021. Strategiarbeidet skal med utgangspunkt i overordna styringsdokument setje mål og strategiar for utviklinga av den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane. Mål og strategiar skal leggjast fram for fylkestinget til handsaming i oktober 2017. I etterkant skal det utarbeidast eit handlingsprogram med prioriteringar, som skal leggjast fram for hovudutvalet i november 2017.

Dei siste tala frå Skoleporten viser ein liten auke når det gjeld talet elevar som har gjennomført vidaregåande opplæring fem år etter at dei byrja. Dette gjeld elevane som byrja i 2010. Det er også fleire elevar som fullfører og består vg2 yrkesfag, og færre som sluttar. Det er i tillegg ein liten auke i tal søkerar med ungdomsrett som har fått godkjent lærekontrakt i 2016.



Kunst, design og arkitektur ved Hafstad vgs
Foto: Mona Fossdal/Hafstad vidaregåande skule

ØKONOMISKE RAMMER

Teneste	Rekneskap 2016	Endeleg budsjett	Rekneskap 2015
Utgifter til lokale	61 827	62 389	60 535
Vedlikehald og drift av skulebygg	39 532	41 708	38 161
Forvaltning og fellesutgifter	44 922	45 767	47 640
Fellesutgifter	12 766	12 010	9 098
Eleveksamten	1 667	2 234	2 595
Elev- og lærlingombod	944	897	940
Pedagogisk leiing mv.	69 861	79 522	61 119
Pedagogiske fellesutgifter	11 204	12 353	14 570
Gjesteelevar	5 815	5 876	5 305
PC-ordninga	2 621	2 528	2 055
Utdanningsprogramma	337 991	336 591	350 200
Gratis læremiddel	10	363	155
Jordbrukskulegardar	2 967	2 592	2 912
Fagskuleutdanning	25 033	24 329	22 807
Landsliner	6 610	5 189	5 218
PP-tenesta	11 761	12 893	11 581
Oppfølgingstenesta	6 273	6 687	6 022
Tilpassa opplæring	64 352	65 103	62 215
Fagopplæringsnemnda	139	225	138
Opplæring i bedrift	93 698	86 549	81 654
Fagprøvar	12 792	11 814	11 079
Vaksenopplæring	5 937	7 181	3 290
Opplæring i sos-/med.institusjonar	8 069	7 872	7 458
Privatisteksamen	2 801	3 248	2 115
Tilskot til elevorganisasjonar	17	40	14
Karriererettleiing	64	433	381
Opplæring - andre område	418	-	-634
Resultatoverføring skulane	5 498	-	1 503
Totalt Opplæring	835 590	836 393	810 126

Tabell 14



Medium og kommunikasjon.

Foto: Focus UB/Sogndal vidaregåande skule

Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2016 eit nettobudsjett på om lag 836 mill. kr. Rekneskapen viser eit samla netto mindreforbruk i høve budsjettet på om lag 0,8 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane). Dette utgjer om lag 0,1 prosent i høve budsjettet.

Dei største postane med mindreforbruk er

- vedlikehald og drift av skulebygg: 2,2 mill. kr
- kjøp av pedagogisk-psykologiske tenester frå kommunane: 1,1 mill. kr
- tilpassa opplæring: 1,9 mill. kr

Dei største postane med meirforbruk er

- opplæring i bedrift: 7,1 mill. kr
- fagprøvar: 1,0 mill. kr

Mindreforbruket på vedlikehald og drift av skulebygg er knytt til energiutgifter.

Mindreforbruket på kjøp av PP-tenester i kommunane skuldast lågare utgifter enn føresett, og at budsjettet ikkje vart justert etter reforhandling av samarbeidsavtalane med kommunane i 2015.

Mindreforbruket på tilpassa opplæring er skuldast mindre kjøp av eksterne tenester. Dette er ei anslagsløyving, der bruken av midlar er vanskeleg å føreseie.

Meirforbruket på opplæring i bedrift skuldast i hovudsak auka utbetaling av tilskot til lærebodrifter, som følgje av auka tal lærekontraktar og auka tal tilskotsmånader.

Meirforbruket på fagprøvar skuldast auke i tal fagprøvar og høg aktivitet på kursing av prøvenemndsmedlemer, som er ein del av kvalitetsutviklinga av opplæring i bedrift. Løyvingane til tilskot til lærebodrifter og fagprøvar er anslagsløyvingar.

Dei vidaregåande skulane (utan landslinene) hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 7,5 mill. kr i høve budsjett 2016. Skulane har resultatoverføring (til 2017), og innsparingen påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2016 eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr. Skulen har resultatoverføring. Akkumulert mindreforbruk i 2016 var på 2,2 mill. kr.

Landslinetilboda hadde i 2016 eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kr. Sogn Jord- og Hagebruksskule hadde i 2016 eit meirforbruk på 1,9 mill. kr og eit akkumulert meirforbruk på 0,6 mill. kr. Landslinetilboden i yrkessjåfør ved Sogndal vidaregåande skule hadde i 2016 eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr. Mindreforbruket på yrkessjåfør må sjåast i samanheng med det samla rekneskapsresultatet på Sogndal vidaregåande skule.

Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)

Samla hadde skulane i 2016 eit mindreforbruk på 7,5 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

Tre skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2016, medan sju skular hadde mindreforbruk. Ein skule var i balanse. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,2 mill. kr til om lag 0,8 mill. kr, medan mindreforbruket varierer mellom 0,01 mill. kr til om lag 2,3 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på om lag 14,5 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemde hadde skulane eit mindreforbruk i 2016 på om lag 0,9 mill. kr. Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 8,9 mill. kr knytt til anna verksemde.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eventuelt meirforbruk og mindreforbruk

ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Denne ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2017 jobbe særleg med oppfølging av skular med større avvik. Oppfølging av driftsresultata ved dei vidaregåande skulane er tema i samband med mellom anna styringsdialogen fylkesdirektøren har med skulane.

AKTIVITETSTAL

Søkjartal

Det var i 2016 totalt 5123 søkerar til vidaregående opplæring, 91 færre enn i 2015.

Av desse søkte 582 opplæring i bedrift. Det er 86 færre enn i 2015. Dette har samanheng med at det var færre elevar på vg2 yrkesfag skuleåret 2015-16 enn det var i 2014-15.

4763 av søkerane til vidaregående opplæring hadde ungdomsrett, av desse 578 til bedrift.

Elevar i vidaregåande skule

Skuleåret 2016-2017 vart 4031 søkerar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane, mot 4171 året før.

Sogn og Fjordane fylkeskommune betalte for 62 elevar som gjekk på skular i andre fylke. Halvparten av desse kjem inn under Hordalandsavtalen. Dei fleste innanfor avtalen går på Austrheim vidaregåande skule, medan nokre går på skulane på Voss. Av tungtvegande grunnar vert det òg i enkelte tilfelle kjøpt elevplassar i andre fylke. Dei elevane går på programområde som Sogn og Fjordane ikkje tilbyr.

62 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

Lære- og opplæringskontraktar

71,1 prosent av søkerane med ungdomsrett har fått godkjent lærekontrakt i 2016, mot 70,2 prosent i 2015. Gjennomsnittet for landet i 2016 er 68,6 prosent.

Ved utgangen av 2016 var det registrert 1137 løpende lærekontraktar og 95 opplæringskontraktar. I 2016 var det 578 primærskjellarar med ungdomsrett som søkte læreplass. 411 var registrerte med læreplass ved utgangen av året.

Søkjrarar utan tilbod om læreplass

Sju søkerar med ungdomsrett var utan tilbod om læreplass eller vg3 i skule i 2016. Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere tal søkerar utan tilbod om læreplass. Til dømes vart alle som stod utan læreplass 15. august inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule.

Fylkeskommunen starta i 2016 opp vg3 i skule i faga industrimekanikar, elektro, sal og logistikk og kjøpte vg3-tilbod i bilfaget i eit anna fylke. Til saman starta 15 elevar på vg3.

I tillegg gjennomførte fylkeskommunen i 2016 eigne kvalifiseringsopplegg for søkerar som ikkje var kvalifiserte til læreplass. 16 søkerar fekk tilbod, og seks starta på opplæringa.



Bygg- og anleggsteknikk.
Foto: Focus UB/Sogndal vidaregåande skule

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Sogn og Fjordane har det siste året hatt stor auke i talet på ungdommar som gjennomfører vidaregåande opplæring. Resultatet ligg over landssnittet både samla og når vi skil mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette er elevar som fullfører og består innan fem år etter at dei byrja i vidaregåande opplæring.

	Studieførebuande	Yrkesfag	Samla
Sogn og Fjordane	92,5 prosent	62,6 prosent	76,5 prosent
Nasjonalt	85,8 prosent	58,9 prosent	72,7 prosent

Tabell 16

Ulike retningar	Prosent
Lærepllass	44,7
Yrkeskompetansegevande løp-vg3	6,3
Påbygg	14,6
Studiespesialiseraende løp	2,8
Repetisjon på lågare eller same steg	8,1
Ute av vidaregåande opplæring eitt år	18,0
Anna	5,2

Tabell 15

Overgangar frå vg2 yrkesfag, etter typen overgang. Tal for 2015.

Fylkesdirektøren ser at arbeidet med tett oppfølging av skular og bedrifter gir gode resultat. Mellom anna er god formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida viktig.

I Sogn og Fjordane vel omlag 50 prosent av ungdommane yrkesfaglege utdanningsprogram. Tabellen til venstre viser direkte overgang frå vg2 til bedrift (2015-tal).

Det er fleire elevar som har direkte overgang frå vg2 til vg3 opplæring i bedrift i 2015 (44,7) enn i 2014 (38,3). Tilsvarande tal for elevar som startar på påbygg har vorte redusert.

Dei som søker lærepllass må vere merksame på at å kvalifisere seg er meir enn å ha bestått i alle fag. Det handlar også om å

- ha minst mogeleg fravær
- ha god ordenskarakter
- kunne «selje seg» på ein god måte i utplasseringa i programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- skrive ein god søknad og CV
- øve på intervju situasjoner

Dei vidaregåande skulane har i 2016 hatt møte med alle søkerane til lærepllass.

Fylkesdirektøren har sett i gang ei rekke tiltak for å få fleire elevar ut i lære. Utplassering i bedrift er det viktigaste tiltaket for å skape kontakt mellom søker til lærepllass og potensiell lærebedrift. Samarbeid i fagnettverka om innhald og korleis organisering av utplasseringa vert praktisert, er viktige føresetnader for ein god overgang frå skule til bedrift. Vi har også arbeidd med korleis hospiteringsordninga for lærarar og utplasseringa kan sjåast i samanheng.

Fylkesdirektøren har lagt klare føringar for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar for formidlinga til opplæring i bedrift. Alle dei vidaregåande skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram har tilsett arbeidslivskontaktar med hovudarbeidsområde gjennomføring og overgang frå skule til bedrift.

Fylkesdirektøren har gjennomført desse tiltaka for å auke gjennomføringa:

- Læreplasskurs for ungdom som ikkje fekk lærepllass etter vg2
- Individuell tilrettelegging for å følgje opp og kvalifisere elevar og lærarar
- Nettverksarbeid mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv om organisering av lokale læreplanar i YFF og bruk av YFF
- Dialogmøte med kommunane om grunnoplæringa (1-13)
- Tett oppfølging av praksisen skulane har i klasserom og verkstad når det gjeld grunnleggande dugleikar, yrkesretting og relevans i yrkesfaga

Å auke gjennomføringa vidare føreset samhandling og gode rutinar på og mellom alle nivå i utdanningsløpet.

Sogn og Fjordane har det siste året hatt ein framgang på 2,9 prosent for samla gjennomføring på yrkesfag og studiespesialiserande utdanningsprogram.

Elever og lærlingar som har fullført innan fem år av 2010-kullet. Tal i prosent.




Diagram 16

Oppnådd fag- eller sveinebrev i løpet av fem år (Alle tal i prosent av årskull, etter påbyrja læretid)

Årskull 2010	I alt	Bygg- og anlegg-teknikk	Design og handverk	Elektrofag	Helse- og oppvekst	Naturbruk	Restaurant- og matfag	Service- og samferdsel	Teknikk og industriell prod.
Årskull 2011									
Nasjonalt	81,2	79,2	65,3	90,9	81,1	71,4	73,6	78,3	87,5
Sogn og Fjordane	86,7	89,3	60	93,6	85	91,7	58,3	82,7	90,6
Nasjonalt	81,5	77,8	66,5	91	81,1	70,9	74,7	78,3	88
Sogn og Fjordane	85	96,8	76,2	92,9	75	78,6	47,6	78,4	85,8

Tabell 17

Det er stor skilnad mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma på kor mange lærlingar som oppnår fagbrev/sveinebrev. Utdanningsprogram for restaurant- og matfag er det utdanningsprogrammet der Sogn og Fjordane skil seg mest fra landet på gjennomføring.

Læringsmiljø og læring

Fylkesdirektøren legg stor vekt på at læringsmiljøtiltak i skule og bedrift er ein del av det pedagogiske arbeidet. Vi arbeider med å utvikle gode kollektive lærings- og utviklingsprosessar ved skulane. Elevundersøkinga viser at elevane i Sogn og Fjordane trivst godt på skulen, og resultata viser at fylket ligg over nasjonalt nivå.

Resultat frå elevundersøkinga syner at det er ei utfordring å motivere elevane for læring. Gjennom skulevurdering har fylkesdirektøren mellom anna fått tilbakemelding frå ein del elevar om at dei opplever undervisninga som lite variert. Auka læring for elevane føreset god undervisningspraksis i verkstad og klasserom. Gode kollektive lærings- og utviklingsprosessar ved skulane vil auke lærarane sin kompetanse til meir variert undervisning.

LÆRINGSMiljøPROSJEKT

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i desse forskingsbaserte læringsmiljøprosjekta:

Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring

Arbeider med å finne nye tiltak som aukar gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Drømmeskolen

Eit helsefremjande program for ungdomsskule og vidaregåande skule, med vekt på den psykiske helsa til elevane og eit godt læringsmiljø.

Nærvarsteam

Individretta tiltak for unge som står i fare for å slutte i vidaregåande skule.

Fylkeskommunen samarbeider med Troms, Nordland og Hordaland fylkeskommunar, Hemil-senteret (UiB), Nordlandsforskning, Oxford Research og organisasjonen Voksne for barn om evaluering av Drømmeskolen og Nærvarsteam. Målet er å evaluere både implemteringsprosess og effekt av dei to tiltaka.

ETTER- OG VIDAREUTDANNING

«Kompetanse for kvalitet» er ein statleg strategi for vidareutdanning av lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. Skuleåret 2016-17 fekk 23 lærarar tilbod om vidareutdanning gjennom ei statleg støtte på omlag 4,5 mill. kr. Vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk og naturfag vart prioritert.

Etterutdanningsmidlane har vore nytta til skulebasert kompetanseutvikling. Vi har prioritert arbeidet med grunnleggande dugleikar i alle fag, vurdering og ulike hospiteringstiltak i skule og næringsliv. Gjennom skulebasert kompetanseutvikling får heile skulen læring, ikkje berre einskildlærarar.

VIDAREGÅANDE OPPLÆRING FOR VAKSNE

Talet på søkerarar til vidaregåande opplæring for vaksne var i 2016 i underkant av 300, omtrent på same nivå som året før. Minoritetsspråklege søkerarar utgjorde halvparten, noko som er ein auke på omlag 50 prosent frå året før. Majoriteten av desse er busette flyktningar med variabel skule- og yrkesbakgrunn og med behov for omfattande opplæring.

I 2016 vart det oppretta tre innføringsgrupper for minoritetsspråklege vaksne. Målet er å kartleggje kompetanse og å prøve ut ulike yrkesretningar i løpet av første skuleår. Samtidig vert det gitt opplæring i ein del fellesfag og ei forsterka norskopplæring. Ut frå erfaringane så langt, fungerer tilbodet godt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider med Nav og nokre kommunar om finansiering og gjennomføring av eit tilrettelagt fireårig opplæringsløp i helsearbeidarfaget for minoritetsspråklege. Dei tre første åra inneheld teori i skule og praksis i omsorgstenesta i kommunane. Deltakarane er garanterte læreplass i kommunane og er ordinære lærlingar det fjerde året. Modellen har fått nasjonal merksimd grunna svært gode resultat.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i det toårlige, nasjonale prosjektet Fagbrev på arbeidsplassen. Per i dag har ti deltakarar teke fagbrevet i salsfaget gjennom prosjektet. Fylkesdirektøren vurderer dette som ein god måte å motivere fleire til å ta fagbrev.

Hafstad vidaregåande skule tilbyr opplæring i fag til generell studiekompetanse. Fleire vaksne kan nåast dersom dette vert gitt som fjernundervisning. Bruk av digitale verktøy og læremiddel er difor eit satsingsområde.

EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2016-2017 ei oppfylling på om lag 93,6 prosent, mot 94,8 prosent året før.

Oppfylling per nivå:

- vg1: 97 prosent (som året før)
- vg2: 91 prosent (92 prosent året før)
- vg3: 95 prosent (96 prosent året før).

POLITISKE SAKER - AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for opplæring har handsama 36 saker i 2016. Det er ikkje registrert avvik i oppfølginga av dei politiske sakene i 2016.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

Sak 2/16: VIGO IKS fordeling av kostnadar for utvikling av fagsystem
Sak 9/16: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016-17
Sak 35/16: Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sak 36/16: Ansvarleg lån til Opplæringsfartøy AS - lenging av låneavtale

Hovudutval for opplæring

Sak 3/16: Handlingsprogram for vidaregående opplæring for perioden 2016-2017
Sak 4/16: Høyring - delrapport Karriereveiledning i en digital verden
Sak 6/16: Stimuleringstilskot til fag- og yrkesopplæringa
Sak 7/16: Plan for kompetanseutvikling i vidaregående opplæring
Sak 8/16: Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017
Sak 10/16: Innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (EGF) for minoritetsspråklege elevar
Sak 11/16: Høyring - Rapport Kunnskapssektoren sett utenfra
Sak 13/16: Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 opplæringssektoren
Sak 18/16: Høyring om endringar i opplæringslova og friskulelova
Sak 19/16: Utpeiking av ny kandidat til styret for Opplæringsfartøy AS
Sak 22/16: Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane
Sak 23/16: Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane
Sak 24/16: NOU 2016:7 Høyring Karrereveileddningsutvalgets sluttrapport Norge i omstilling - karriereveileding for individ og samfunn
Sak 26/16: Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 - sektorbudsjett opplæring
Sak 27/16: Utpeiking av ny kandidat til styret for Opplæringsfartøy AS
Sak 29/16: Nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta
Sak 30/16: Evaluering av opplæringstilbodet innan yrkes- og studiekompetanse (YSK)
Sak 31/16: Mål og strategiar for vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2022
Sak 33/16: Felles fråværsreglement for dei vidaregåande skulane
Sak 34/16: NOU 2016:14 Høyring - Meir å hente. Betre læring for elevar med stort læringspotensial
Sak 35/16: Opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018

NYE SKULENETTSTADAR

Elleve vidaregåande skular fekk i 2016 nye, framtidsretta nettstadar og nye grafiske profilar.

Dette er viktige tiltak for god informasjon og kommunikasjon om opplæringstenestene.

Brukarvenlege

Viktige målgrupper er søkerar, elevar og føresette. Nettstadeane er bygde opp slik at desse lett skal finne informasjon og kunne kommunisere med den dei treng. Sidene er tilpassa mobil og nettbrett og stettar krav til universell utforming.

Framtidsretta

Ein nettstad blir aldri ferdig, og fleire brukarorienterte funksjoner skal inn på sidene på sikt. Brukarane kan også lett melde attende om ynske og manglar gjennom sidene.

Arbeidet med nettstadane har vore eit stort dugnadsprosjekt for alle skulane, leia av informasjonssjefen.

The screenshot shows the homepage of the Flora vidaregående skule website. The header features the school's logo and navigation links for 'Stillingar', 'Kontakt', 'Nettst.', 'Opplæringstilbod', 'Elev og føresett', 'Om oss', 'Søk her...', and 'Snarvegar'. Below the header is a main menu with icons for 'Bygg- og anleggstraknor', 'Eleverdag', 'Helse- og oppoverdag', 'Idrettsdag', 'Pløyning til generell studiekompetanse', 'Service og samferdsle', 'Studie- spesialisering', and 'Tekniske og industriell produksjon'. A large banner on the left side of the page reads 'Vann pris for beste sosiale entreprenør' and includes a circular badge stating 'Mangfold UB vart kåra til beste bedrift i klassen beste sosiale entreprenørskapsprosjekt på fylkesmessa for ungdomsbidrifter i Førde tysdag 14/3.' To the right of the banner is a photo of a young man smiling outdoors. On the far right, there are links for 'Frontier', 'Skolearena', 'Lærerplansar i UDBR', 'Timeplan Flora vgs', 'Elevportalen - Office 365', 'Frilærarstelefon', and a 'Kalender' section showing '10. april' and 'Mandag 10. april - måi'.

OPPLÆRING - KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	Ref. fylke 2016	Landet u/ Oslo 2016
Netto driftsutgifter til vidaregåande opplæring, per innbyggar 16-18 år	178 794	183 047	184 314	182 608	181 752	164 675
Økonomisk belastning 510-562 vidaregående opplæring i skule per elev	163 637	170 518	171 923	173 912	165 146	153 599

Tabell 18

Indikator - konsern	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	Landet u/Oslo 2015	Landet u/ Oslo 2016
Del elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år *	77,3	74,1	77,2		72,8	
Del elevar som har slutta i løpet av året - alle årssteg	4	3,2	2,5	2,4	4,4	4,5
Del elevar som starta på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/sveinebrev i løpet av fem år*	39,5	33,7	38,2		32,9	
Del elevar med direkte overgang frå vidaregåande opplæring til høgare utdanning*	46,4	41	46,1		45,3	
Del bestårte fag- og sveineprøvar	93	93,8	93,8	95,3	92,5	92,9
Del elevar vg2 yrkesfaglege utd.program i fjor, i lære i år	44,4	45,4	52	51,9	41,3	43

*Tala for 2016 er ikkje klare før i juni 2017.

Tabell 19

MÅLEKART - OPPLÆRING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T4 Læringsmiljø.	T4.1 Trivsel.	T4.1-1 Elevar: >4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga	Snittverdi: 4,3.: Ambisjonsnivået er ikkje nådd, men ligg på same nivå som for 2015. Fylkesdirektøren vurderer det som uråd å identifisere enkeltfaktorar som gir utslag.
		T4.1-2 Lærlingar: 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga	Snittverdi: 4,4. Ambisjonsnivået er ikkje nådd. Avviket er lite, og det er uråd å identifisere årsaka til dette.
T5 Læring.	T4.2 Meistring.	T4.2-1 Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga	Snittverdi: 4,1 Ambisjonsnivået er nådd.
		T4.2-2 Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga	Snittverdi 4,12 Ambisjonsnivået er nådd
T5 Læring.	T5.1 Karakterutvikling/resultat.	T5.1-1 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landsgjennomsnittet.	19 fag med sentralt gitt eksamen har resultat over landssnittet. Ambisjonsnivået er nådd.
		T5.1-2 25 prosent av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: Bestått mykje godt.	23,1 prosent av lærlingane fekk resultatet bestått/ mykje godt. Ambisjonsnivået er ikkje nådd
T6 Gjennomføring.	T5.2 Standpunktakrakter og eksamensresultat i norskfaget.	T5.2-1 0,4 karaktergrader i avvik.	Avvik mellom standpunkt og eksamensresultat i norskfaget våren 2016 er 0,3. Ambisjonsnivået er nådd.
		T6.1-1 I 2016 skal 77 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2010 ha gjennomført opplæringa.	76,5 prosent av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2011, har gjennomført opplæringa. Ambisjonsnivået er ikkje nådd med 0,5 prosentpoeng, men der er ein framgang på 2,9 prosent frå 2015.
Regionalutvikling (R)			
R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidarar.	R5.1 Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkerar til læreplass.	R5.1-1 90 prosent av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som førsteønske, får tilbod.	Ambisjonsnivåret er ikkje nådd, og ein bør vurdere om ambisjonsnivåret må justerast.

Samferdsle

Regional transportplan (RTP) med handlingsprogram er det viktigaste styringsdokumentet vårt, og det vert lagt til grunn for prioriteringane i arbeidet med budsjett- og økonomiplan. I 2016 starta vi arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for Regional transportplan 2018-27, som fylkestinget skal vedta i 2017.

Tunnelvedlikehald er høgt prioritert etter at tunneltryggleiksforskrifta tok til å gjelde frå 1. januar 2015. «Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet» vart utarbeidd og vedteken av fylkestinget i 2016. Planen har ei kostnadsramme på 1,4 mrd. kr og gjeld for perioden 2016-2025. I 2016 nyttja vi 257 mill. kr til tunnelvedlikehald. Av dette var 210 mill. kr knytte til tiltak som følgje av tunneltryggleiksforskrifta.

Fylkesordføraren opna 16. desember 2016 skredskringsprosjektet på fv. 337 til Veitastrond.

I november 2016 la Statens havarikommisjon for transport (SHT) fram rapporten sin om brannen i ein tanktilhengar i Skatestraumtunnelen i Bremanger 15. juli 2015. Rapporten konkluderte mellom anna med at Sogn og Fjordane fylkeskommune si sikkerheitsoppfølging av tunnelen ikkje hadde vore tilfredsstillande.

Samferdsleavdelinga har brukt mykje ressursar på ulike arbeidsoppgåver knytte til anbod og oppfølging av kontraktane for buss og båt, samt rutekunngjering på Kringom. I 2016 hadde vi drift av busskontrakt i Nordfjord, oppstart av drift av busskontrakt i Sunnfjord og tildeling av busskontrakt i Sogn. Med fleire vakante stillingar store delar av året, var 2016 eit krevjande år for avdelinga.

Det er oppretta eit nasjonalt kundebarometer og nøkkeltalanalyse - Kollektivbarometeret. Sogn og Fjordane scorar høgast i landet på fleire av kvalitetsfaktorane som er undersøkte.

Dina Lefdal tok over som fylkesdirektør for samferdsle etter Velaug Veum 1. april 2016.



Foto: Matias Helgheim/Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAMFERDSLEBUDSJETT

Fylkeskommunen har ansvaret for

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskyss
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2600 km fylkesveg
- ferjedrift
- investeringar på fylkesvegnettet

Samla nytta samferdslesektoren 1,4 mrd. kr til drift og investeringar i 2016.

Område	Rekneskap 2016	Budsjett 2016
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	473,5	472,9
Bilruter	256,2	254,7
Fylkesvegferjer	114,4	111,5
Båtruter	100,3	107,0
Tilrettelagt transport	10,1	10,3
Investeringar på fylkesvegnettet (brutto)	465,9	486,5
Totalt	1 420,4	1442,9

Tabell 20

Tala på driftsløyvingane som kjem fram i tabellen over, er nettokostnad etter at inntekter og mva. er trekt frå. Fylkeskommunen har inntekter frå billetsal, kommunale opsjonar og ambulansebåt på omlag 220 mill. kr i 2016. Den totale omsettinga på kollektiv er på omlag 700 mill. kr i året.

Fordeling av midlar i samferdslesektoren




Diagram 17

FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet og fylkesvegferjene på vegne av fylkeskommunen. Samarbeidet med Statens vegvesen vert styrt gjennom ein rammeavtale og ein årleg leveranseavtale. Fylkeskommunen og Statens vegvesen har månadlege styringsmøte, samt eigarstyringsmøte for store investeringsprosjekt og tunnelrehabiliteringsprosjektet. Fylkeskommunen har eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.

Tunneltryggleiksforskrift for fylkesvegtunnelar

Regjeringa vedtok i desember 2014 «Forskrift for tunnelsikkerhet på fylkesvegtunnelar», gjeldande frå 1. januar 2015. Fylkestinget vedtok «Plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet» i desember 2015, sak 54/15. Det er lagt til grunn ei ramme på 1,4 mrd. kr til tunnelvedlikehald og oppgradering av fylkesvegtunnelar

etter tunneltryggingsforskrifta i perioden 2016-2024. Tunnelar som er omfatta av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta skal vere ferdig utbetra før 2025.

I 2016 har det vore arbeid knytt til tunneltryggingsforskrifta i følgjande tunnelar:

- fv. 55 Høyangertunnelen
- fv. 55 Kvernhaugtunnelen
- fv. 53 Bermålstunnelen
- fv. 617 Statestraumstunnelen

Rehabilitering av Høyangertunnelen

I november 2015 starta rehabiliteringa av fv. 55 Høyangertunnelen. Det skal utførast eit svært omfattande vedlikehaldsprosjekt med kostnad rundt 195 mill. kr. Av dette er det berekna at 175 mill. kr er knytte til tiltak som følge av tunneltryggleiksforskrifta. Fylkestinget har vedteke at det også skal monterast naudnett og DAB-radio i tunnelen. Det vart nytta om lag 138,6 mill. kr i 2016.

Rehabilitering av Bermålstunnelen

Rehabilitering av fv. 53 Bermålstunnelen i Årdal kommune starta også i 2016, og det vart nytta om lag 87,5 mill. kr. Av dette var 77,5 mill. kr knytte til tiltak som følge av tunneltryggleiksforskrifta.

Oppfølging av brannen i Skatestraumstunnelen

I november 2016 la Statens havarikommisjon for transport (SHT) fram rapporten sin om brann i tanktilhengar i Skatestraumtunnelen i Sogn og Fjordane 15. juli 2015. I rapporten har Statens havarikommisjon for transport konkludert med mellom anna at Sogn og Fjordane fylkeskommune si sikkerhetsoppfølging av Skatestraumstunnelen ikkje hadde vore tilfredsstillande.

SHT meiner at Sogn og Fjordane fylkeskommune må gjennomgå og styrke sikkerhetsoppfølginga av Skatestraumtunnelen og andre tunnelar i fylket. Nødvendige tiltak som kan redusere risikoene for alvorlege hendingar, må setjast i verk.

Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta 581,4 mill. kr inkl. mva. til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2016. Det er ein auke på 145,4 mill. kr frå året før. I 2016 nytta vi 4,2 mill. kr til tilbakebetaling av skjønnstilskot til Kommunal- og moderniseringsdepartementet grunna for mykle utbetalte tilskot etter ras og flaum i 2011. Vi nytta til saman 465,9 mill. kr til investeringar på fylkesvegnettet.



Frå arbeidet med rehabilitering av Bermålstunnelen på fv. 53 mellom Lærdal og Årdal.

Foto: Heidi Ravnstad, Statens vegvesen.

Driftsutgifter til fylkesvegføremål	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016
Renter for vegforskoteringar		3,0	1,8	1,8
Drift og vedlikehald (netto)	329,41 ¹	436,1 ²	434,8 ³	434,8
Skadefond for fylkesvegnettet		0,6	15,0	15,0
FTU-arbeid og tiltak	5,6	4,5	5,6	6,2
Driftsmidlar til investering	65,8	49,7	11,8	11,8
Fylkesveg - administrasjon	3,4	3,4	4,4	3,3
Sum	404,2	497,3	473,5	472,9

¹ Rekneskapsresultatet er inkludert eit overført underskot på 21,4 mill. kr.

² Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 49,1 mill. kr til disposisjonsfond.

³ Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 9,5 mill. kr til disposisjonsfond.

Drift og vedlikehald

Vi sette i budsjettet for 2016 av 434,8 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I tillegg vart det løyvd 49,1 mill. kr av disposisjonsfond (unytta midlar frå 2015).

Rekneskapen er inkludert eit overført overskot på 9,5 mill. kr (mindreforbruk). Midlane vil bli lagt til i tildelinga til Statens vegvesen i 2017.

Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak sein fakturering og lågare framdrift knytt til vegutstyr, miljø og andre tiltak. Det vart nytta om lag 15 mill. kr meir til tunnelvedlikehald enn budsjettet, medan det var eit mindreforbruk på 12 mill. kr i bruvedlikehaldet grunna forseinkningar knytt til fv. 542 Osstrupen bru.

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2016. Utvalet brukte 5,6 mill. kr.

Dekkelegging og rekksverk




Diagram 18

Det vart lagt 71 km nytt dekke og sett opp 23 km rekksverk på fylkesvegnettet i 2016. Tala for 2015 var 64 km nytt dekke og 18 km rekksverk.

Spordjupne på dekke mm (jamnheit på tvers)




Diagram 19

Spordjupne seier noko om kvaliteten på vegdekket. Auka bruk av midlar i 2012–2015 har gitt ein reduksjon i spordjupne. Det er i 2016 ikkje utført målingar på heile vegnettet slik at talet ikkje gir ein korrekt middelverdi.

TRAFIKKTRYGGINGSPRisen

Anne og Helge Brakstad fekk trafikktryggingsprisen 2016 for innsatsen sin for mjuke trafikantar langs fv. 57 ved Heggelund i Gulen. Prisen var på 25 000 kr.



Foto: Birthe Johanne F. Finstad/
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Midlane er brukte slik:

- Trafikktryggingstiltak i kommunane: 4,5 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytte til trafikktrygging: 1,1 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,1 mill. kr

18 kommunar fekk tilsegn om midlar til trafikktryggingstiltak, blant andre veglysanelegget ved Askvoll skule og etablering av ny av- og påstiging ved Flora barneskule.

Samla vart det gitt tilskot tilsvarende om lag 60 prosent av kostnadene med prosjektet.

Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte, eller at dei hadde lågare pris enn venta.



Diagram 20

Det er førebels rapportert inn 27 ulukker med personskade på fylkesveg i 2016. Då det erfaringsvis er eit etterslep i rapporteringa av trafikkkulukker, kan det endelege talet bli høgare.

Dei fleste ulukkene med personskade i fylket, er utforkøyringsulukker og møteulukker.

Veginvesteringar og skredsikring

Den samla ramma til investeringar var 486,5 mill. kr i 2016. Det vart nytta 465,9 mill. kr fordelt slik:

Fylkesvegføremål	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016
Investeringar	299,1	80,7	232,2	246,1
Skredsikring	101,2	73,3	233,7	240,4
Totalt	400,3	153,9	465,9	486,5

Tabell 22

- 218,7 mill. kr til ordinære investeringar
- 13,5 knytt til Førdepakken
- 233,7 mill. kr til skredsikring

Samla mindreforbruk på veginvesteringane er 20,6 mill. kr. Mindreforbruket på ordinære investeringar var 12,3 mill. kr, på Førdepakken 1,6 mill. kr, og 6,7 mill. kr knytt til skredsikring.

Store prosjekt

Vi nyttar 176,3 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2016. Fv. 60 Ugle-Skarstein hadde eit mindreforbruk på 7 mill. kr.

Fv. 60 Ugle-Skarstein

Hovudentrepisen på veg og tunnel vart lyst ut på anbod i desember 2015, og kontrakten vart skriven i mars 2016. Anleggsarbeida starta rett etter påska 2016, og vi fekk gjennomslag i Vangbergstunnelen i desember 2016. Gjennomslaget vart markert av fylkesordføraren og leiaren av hovudutvalet for samferdsle.

Parallelt med tunneldrivinga har underentreprenøren bygd veg i dagen. Entreprenøren ligg godt an i høve til framdriftsplanen. Entreprise for elektro er planlagt utlyst i februar 2017, med start utføring etter sommaren 2017. Prosjektet er planlagt opna våren 2018.

Førdepakken

I stortingsvedtaket for Førdepakken er det prioritert 20 tiltak. I tillegg er det bygd fem bomstasjonar. Det er sett av 100 mill. 2012-kr. til uspesifiserte tiltak. Innkrevjing av bompengar starta i 2016, og vil pågå i ca. 12 år. Utbygging av tiltaka vil starte i 2017 og vil truleg vere avslutta i 2024.

I 2016 er det påløpt 12,2 mill. kr i kostnader på tiltak på fylkesvegnettet i Førdepakken. Det meste av dette er utgifter til planlegging.

Mindre utbetringer

Det vart nyttar 22,9 mill. kr til mindre utbetringer med eit samla mindreforbruk på om lag 0,1 mill. kr.

Gang og sykkelvegar

Vi nyttar 4,9 mill. kr til gang- og sykkelvegar i 2016. Mindreforbruket på 0,6 mill. kr er knytt til prosjektet 545 Kinnvegen i Florø.

Skredsikring

Innan skredsikring har vi eit mindreforbruk på omlag 6,7 mill. kr i 2016. Det største avviket er på fv. 337 Bjørnabakken, som har eit mindreforbruk på 3,8 mill. kr. Sluttoppgjaret er ikkje ferdig avklart, men det ligg an til at prosjektet vert noko billegare enn budsjettert.

Det vart i 2016 utbeta 118,4 mill. kr til Luster kommune knytt til forskotteringa av fv. 55 Gullringen.

Fv. 337 Veitastrondsvegen

Skredsikringa av Veitastrondsvegen har vart i fem år. Prosjektet omfattar skredadar i Utledøla, skredvollar i Buskredene og Lindeskreda, samt Langanestunnelen (1571 meter). Den lengste skredvollen er 300 meter lang og 20 meter høg på det høgste. Første delen, bygginga av ein kombinert lede- og fangvoll ved Buskreda, stod ferdig hausten 2013.

I mai 2014 starta arbeidet med bygging av Langanestunnelen, og ein fangvoll som skal sikre vegen mot Lindeskreda.

Prosjektet opna for trafikk 16. desember 2016. Skredsikringsprosjektet er svært viktig for innbyggjarane på Veitastrond, som no får ein mykje tryggare skule- og pendlarveg.

UTBETRA SKREDPUNKT

Desse skredutsette punkta vart utbетra i 2016:

- Fv. 615 Reddasvora
- Fv. 50 Østerbø
- Fv. 53 Ljoteli
- Fv. 55 Råumsberget
- Fv. 337 Bjørnabakken
- Fv. 337 Lindeskrea

Østerbø, Ljoteli og Råumsberget er ikkje varig sikra.



Rykande fersk asfalt vert lagt i Vangbergstunnelen. Mykje arbeid står likevel att før tunnelen kan opnast for trafikk, til dømes lys, ventilasjon og sikkerhetsutstyr.

Foto: Statens vegvesen



16. desember 2016 vart det opna nytt vegprosjekt på fv. 337 til Veitastrand. Fylkesordførar Jenny Følling stod for den offisielle opninga. Her er ho flankert av ordførar i Luster, Ivar Kvalen og avdelingsdirektør i Statens vegvesen, Svenn Egil Finden. Dei sju elevane på Veitastrand skule deltok også på vegopninga.
Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

FYLKESVEGFERJER

Vi nytta 114,4 mill. kr til ferjedrifta i 2016. Det er 2,9 mill. kr meir enn budsjettert. Meir-forbruket skuldast at ferjesambandet Kaupanger-Frønningen vart overført frå båt drift til ferjedrift i rekneskapen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv i dag sju fylkesvegferjesamband.

Alle ferjesambanda er konkurransesettet. Nasjonale standardar for drift av sambanda er lagt til grunn. Krav til universell utforming og miljø er skjerpa i forhold til tidlegare utlysingar. Opningstid og rutefrekvens er vidareført frå tidlegare med mindre årlege justeringar.

Fylkesvegferjer	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016
Fylkesvegferjer	95,9	105,5	114,4 ¹	111,5

¹Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 4,5 mill. kr knytt til kompensasjon mot riksregulativet og nye kvalifiseringskrav for mannskap.

Tabell 23

Trafikktal i ferjesambanda

Personbileininger pr år 2012-2016




Diagram 21

Skatestraumtunnelen var heilt stengt mellom 15. juli og 7. september 2015. Mellom 7. september og 9. desember 2015 var han open for kolonnekjøring. Nedgangen i trafikk på Ferjesambandet Måløy-Olleide i 2015 vert sett i samanheng med denne vegstenginga. Kaupanger-Frønningen har nyleg fått status som ferjesamband. Det er ikkje statistikktal på dette sambandet før frå 1. januar 2017.



I samband med overgangen til anbod i Sunnfjord, fekk bybussane i Førde og Florø eigen profilering.
Foto: Thor-Aage Lillestøl/Photoevent

KOLLEKTIVTRAFIKK

Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var på 372 mill. kr, rekneskapen er på 366,6 mill. kr. Dette gir eit mindreforbruk innan kollektivområdet i 2016 på 5,4 mill. kr.

Driftsutgifter til kollektivtransport	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsje 2016
Bilruter	255,4	263,3	256,2	254,7
Båtruter	118,9	114,2	100,3	107,0
Tilrettelagt transport	9,2	8,9	10,1	10,3
Sum kollektivtrafikk	383,5	386,4	366,6	372,0

Tabell 24

Årsakene til mindreforbruket er mellom anna ei revurdering av kvar det er mest riktig å plassere om lag 4 mill. kr i kostnad for ruta mellom Frønningen og Kaupanger. Ruta er eit ferjesamband, men ligg inne i lokalbåtavtalen for Luster, Vik og Høyanger. Kostnaden er difor flytta frå båtruter til ferje og må sjåast i samanheng med meirforbruk der. I tillegg er det eit mindreforbruk på båtruter relatert til kostnadskompensasjon til operatør av lokal- og ekspresbåtruter for nye krav til sertifisering av mannskap (STCW). Opplæring av mannskap viste seg å bli mindre omfattande og billigare enn anslaga vi fekk frå selskapa.

Beste bedriftsnamn

Kringom fekk Språkrådet sin gulldiplom for det beste bedriftsnamnet i Noreg i 2016.

«Vinnaren har funne eit dekkjande og godt norsk namn til å beskrive verksemda si. Kringom illustrerer kollektivtrafikken i eit fylke med lange reiseavstandar veldig godt. Det er enkelt, kreativt og eit modig val, og det går fint inn i den språklege tradisjonen», sa direktør Åse Wetås i Språkrådet.



Vinnaren vart kåra av ein jury med Arne Hjeltnes og representantar frå Språkrådet og annonser i Nitimen tysdag 14. juni. Kringom vann i konkurransen med 382 bedriftsnamn frå heile landet.

Bussanbod

Vi er midt i ein overgangsperiode med tildeling av kontrakt, førebuingar til oppstart og drift av dei fylkeskommunale bussanboda.

20. juni 2016 starta drifta i Sunnfjord-anbodet. Anbodet omfattar 14 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn og er rekna som eit stort anbod også i nasjonal målestokk. Våren 2016 fekk Tide Buss kontrakten for sju kommunar i Sogn. Oppstart av Sogne-anbodet er i juni 2017.

Anbodsutsetjinga har ført til at mange av arbeidsprosessane som tidlegare vart utførte av ruteselskapa, no blir flytta over til fylkeskommunen. Det gjeld til dømes kontraktsoppfølging, ruteplanlegging, rutekunngjering, marknadsføring og billetteringssystem. Fylkeskommunen får eit mykje nærare forhold til ruteproduksjonen, men oppgåvane krev mykje ressursar.

I kravspesifikasjonane til bussanboda er det lagt inn eit betydelig løft når det gjeld universell utforming ved at alle bussane skal tilfredsstille nye krav til universell utforming. Det er òg krav til nyaste Euro-standard på alle nye bussar, noko som er med og reduserer klimagassutsleppa.

Brukarundersøkingar

Samferdsleavdelinga gjennomførte brukarundersøkingar i Sunnfjord før oppstart av anbodspериодen våren 2016.

Eit fleirtal av dei reisande som vart spurde, er nøgde med reisa. Heile 90 prosent svarar at dei totalt sett er ganske eller svært nøgde. I tillegg er det verdt å merke at det gjennomgående er lite direkte misnøye, det vil seie personar som er svært eller ganske misfornøgde. Eit lite unnatak er tilfredsleita med pris, informasjon om avgangstid og ruteinformasjon om bord.

Det er planlagd tilsvarende undersøking våren 2017 i Sunnfjord og Sogn.

Kollektivbarometeret

I 2015 vart det vedtatt å opprette eit nasjonalt kundebarometer og ein nasjonal nøkkeltalsanalyse. Undersøkinga har fått namnet Kollektivbarometeret. Opinion AS har fått oppdraget med å innhente data. Datainnsamlinga skjer gjennom webunder-søkingar, som skal rapporterast tertialvis. Sogn og Fjordane scorar høgast i landet på områda «Punktlighet», «Personalets opptreden» og «Trygghet og sikkerhet». Fylket ligg også over landssnittet på «Komfort», «Kollektivtrafikkens rolle i samfunnet», «Valuta for pengene» og «Lojalitet».

Resultatet for 2016 viser at kundane ønskjer fleire avgangar og betre og lett tilgjengeleg informasjon.

Tal reisande og skuleskyss

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,63 mill. passasjerar utanom skuleelevar i 2016, mot 1,59 mill. passasjerar i 2015. Rutetilbodet har vore på om lag same nivå i 2016 som i 2015.

Reisande med kommersielle bussruter er ikkje med i tala over. Dei kommersielle bussrutene er likevel ein viktig del av rutetilbodet i fylket, og busselskapet har forplikta seg til å bruke fylkeskommunale takstar og rabattar, samt tilby plassgaranti på fylkesinterne reiser.

Det var om lag 4850 grunnskuleelevar som hadde skuleskyss i 2016. Dette er på same nivå som året før.

I vidaregåande skule var det om lag 1700 elevar med skuleskyss. Dette er stabilt frå året før.



Foto: Thor-Aage Lillestøl/Photoevent

Båtruter

Båtruter omfattar skuleskyss, ruter til veglause grender, bygderuter, lokalruter, godsruter og ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Rutetilbodet har vore tilnærma uendra frå 2015 til 2016. Ekspressbåt, lokalbåt og godsrute er anbodsutsett.

I april erstatta MS Tyrving MS Brage i ruta mellom Sogn og Bergen for å få betre kapasitet og komfort for dei reisande. Etter at MS Brage vart sett inn i ruta i 2015, som ein del av innsparingskrava til samferdslesektoren, oppstod det problem med for lite sete- og bagasjekapasitet. Passasjerane klaga i tillegg på sjøeigen-skapane til fartøyet og på støy i passasjersalongen. Byte av fartøy gav ein ekstra-kostnad på om lag 0,500 mill. kr i 2016.




Diagram 22

Tala på reisande med ekspress- og lokalbåtane har vore stabile dei siste åra.

Rutekunngjering

Fylkeskommunen skal levere rutedata til reisesøk på nett i tråd med rutekunningsplikta. Reiseplanleggaren på kringom.no er difor den prioriterte kanalen for rutekunngjering i Sogn og Fjordane.

Det viktigaste i arbeidet med rutekunngjering er at den reisande må kunne finne aktuelle reisealternativ for behovet sitt. Informasjonen som blir kunngjort, må òg vere korrekt, slik at den reisande kan vere trygg på reiseopplegget.

Fram til sommaren 2016 har vi hatt eit trykt rutehefte med alle buss-, båt- og ferjeruter i fylket. Sogn og Fjordane er det einaste fylket i landet som har presentert samletabellar med ulike aktørar på denne måten.

På grunn av at alle dei involverte selskapa har ulike ruteperiodar, og at dei kommersielle aktørane tek etterhald om endringar, har ruteheftet i praksis vore utdatert allereie før det vart trykt. Det er ikkje trykt opp rutehefte for 2016–2017. Rutetabellane er no tilgjengelege på kringom.no.

Kundane kan ringje ruteopplysninga 177 for å få informasjon om ruter eller få tilsendt utskrift av rutetabellar. Det vert trykt opp tabellar for nokre ruter som til dømes bybussen. Desse tabellane vert distribuerte på bussane og på rutebil-stasjonane.

Det er sett opp informasjonsskjermar på nokre rutebilstasjonar og på Førde sentralsjukehus. Det har vore vellukka, og det skal no monterast slike skjermar på fleire rutebilstasjonar. Skjermene er direkte kopla mot datanettverka til fylkeskommunen, og det er mogleg å legge ut viktige ruterelaterte meldingar, til dømes dersom ein veg er stengt.

KOLLEKTIVTILBOD TIL UNGDOM

- Ungdomskort på kollektivreiser for ungdom mellom 16 og 19 år.
- «Trygt heim for ein 50-lapp» gjev trygg transport natt til søndag for ungdom over 18 år.
- LTU - Midlar til fleksible skyssløysingar for ungdom mellom 13 og 19 år.

KOMMUNAR MED SERVICESKYSS

Aurland	Gulen
Askvoll	Hyllestad
Balestrand	Jørster
Eid	Leikanger
Førde	Luster
Flora	Naustdal
Fjaler	Sogndal
Gaular	Solund
Gloppen	Vågsøy

Ungdomstilbod

Ungdomskort

Ungdomskortet kosta 390 kr pr. månad i 2016, og gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilboden i Sogn og Fjordane. Det vart sett om lag 8700 periodar (å 30 dagar) med ungdomsskort i 2016. Det er ein nedgang på om lag 1000 frå 2015. Bruk av ungdomskort har hatt ein fallande tendens dei siste åra.

Trygt heim for ein 50-lapp

«Trygt heim for ein 50-lapp» vart etablert i 2002 som eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom i aldersgruppa 16-24 år. Tal reisande auka jamt frå 6000 i 2003 til over 9000 i 2009. Bruken av tilboden har blitt gradvis mindre dei seinare åra og var på om lag 5500 reisande i 2016. Om lag 80 prosent av bruken knyter seg til Førde og Sogndal.

I 2016 kosta ordninga om lag 1,5 mill. inkludert sommarruter.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Fylkeskommunen har brukt ein mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Midlane blir til dømes brukte til skibuss og transport til og frå ungdomsklubb og kino. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

Drosje

Det er no 162 drosjeløyve i Sogn og Fjordane, inkludert 30 reserveløyve. Av desse er det totalt 51 løyve som er tilrettelagde for rullestolbrukarar. Desse tala er stabile frå året før.

I 2016 har drosjeeigarane hatt høve til å søke om midlar til å leggje drosjen til rette for transport av rullestol. Fylkeskommunen har betalt ut 281 000 kr fordelt på ni drosjeeigarar.

Drosjar med inntil ni sete får dispensasjon frå krav i forskrifta for universell utforming, slik at dei vert godkjende med tilrettelegging for rullestol. Dette er gjort for å kunne gi eit tenleg tilbod på dei aktuelle stadane der det er gjeve dispensasjon utan at det går ut over tryggleiken.

Tilrettelagt transport (TT-ordninga)

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte det ordinære kollektivtilboden.

Fylkeskommunen løvde 6,4 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2016. Dette er eit tilbod om drosjetransport til personar med varig nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får midlar etter folketal.

Serviceskyss

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter som er open for alle, men hovudmålet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. Serviceskyssen vart i 2016 inkludert i bussanbod Sunnfjord, utan at det endra krava til korleis skyssen skal gjennomførast. Det vart brukt 3,5 mill. kr til serviceskyssen i 2016. Det er ein auke på om lag 0,4 mill. kr. Det var 17 216 reiser med serviceskyssen i 2016, ein nedgang på om lag 1400 reiser frå 2015.

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

- Sak 8/16: Søknad om forskotering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasdard-Røyrhus bru i Hornindal kommune
Sak 22/16: Nasjonal transportplan 2018-2029, fråsegn
Sak 31/16: Fylkeskommunal overtaking av innkjøp av ferjetenester mellom Barsund og Barmøy i Selje kommune
Sak 47/16: KVU rv. 7/rv. 52 Gol-Voss, fråsegn
Sak 48/16: Tilleggsutgreiing til KVU rv 15 Strynefjellet med heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, fråsegn

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Hovudutval for samferdsle

Hovudutval for samferdsle handsama 47 saker i 2016. Det er ikkje registrert avvik i viktige politiske vedtak gjort av hovudutval for samferdsle.

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU)

FTU handsama fire saker i 2016. Det er ikkje registrert avvik på vedtak gjort av fylkestrafikktryggingsutvalet.

SAMFERDSLE - KOSTRA NØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	Ref. fylke 2016	Landet u/ Oslo 2016
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar, samferdsle i alt, konsern	8 266	8 997	8 979	9 808	6 019	4 076
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., fylkesvegar	3 825	4 554	4 480	5 439	2 793	1 734
Netto driftsutgifter i kr pr. innb., birlruter	2 282	2 387	2 403	2 323	1 591	1 506
Netto driftutgifter i kr pr. innb., fylkesvegferjer, konsern	996	881	964	1038	1089	444
Netto driftutgifter i kr pr. innb., båtruter	1 075	1 091	1 050	918	501	271
Netto driftutgifter i kr pr. innb., transport for funksjons-hemma	87	84	82	91	45	74
Brutto inv.utg.i kr pr. innb., fylkesvegar, konsern	5 605	3 667	1 396	3 111	1 985	1 671
Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsle i alt, konsern	5 612	3 694	1 396	3 193	2 041	1 916
Brutto driftsutgifter i kr pr. km. fylkesveg	159 418	190 623	189 000	230 677	163 736	191 236

Tabell 25

MÅLEKART SAMFERDSLE

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T7 Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1 Tal reisande med buss, båt (ekskl. skuleskyss).	T7.1-1 Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.	Det var 1,63 mill. reisande i 2016. Tal reisande har hatt positiv utvikling dei siste åra.
		T7.1-2 Fleire enn 460 000 reisande med båt.	Tal reisande med ekspress- og lokalbåt er stabilt samanlikna med føregåande år og ligg på om lag 460.000 reisande.
T8 Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1 Gjennomsnittleg spor-djupne i m.m.	T8.1-1 Mindre enn 19 m.m.	Spordjupna i 2015 var i snitt 17,6 m.m. Pga. sjukdom vart det utført for få målinger i 2016 til å kunne gje ein korrekt middelverdi.
T9 Kollektivtrafikktilbodet vert opplevd som godt.	T9.1 Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1 Positiv utvikling over tid.	Både våre eigne brukarundersøkingar og Kollektivbarometret viser at dei reisande er godt nøgde med kollektivtrafikktilbodet.
Regional utvikling (R)			
R12 Forfallet på tunnelar blir redusert.	R12.1 Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året.	R12.1-1 Ingen stengde.	Sju tunnelar var mørklagde ved utgangen av 2016. Alle desse hadde minimumsbelysning i sidene. Det var ingen stengde tunnelar.
R13 Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R13.1 Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jf. registrerte data.	R13.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det har vist seg vanskeleg å få tak i gode nok data på passasjerkilometer. Auke i tal passasjerar på buss og stabile tal på båt kombinert med nedgang i tal rutekilometer gjev likevel ein god indikasjon på at ruteproduksjonen har blitt meir effektiv i 2016.

Plan

REGIONAL PLANSTRATEGI FOR SØGN OG FJORDANE 2016-2020

Vi starta arbeidet med regional planstrategi for åra 2016-2020 i 2015. Strategien vart vedteken av fylkestinget 14. juni 2016 i sak 23/16. Arbeidet og resultatet av det utgjer ein viktig del av samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunen.

Prosessene med planstrategien var eit omfattande arbeid som kravde mykje ressursar og merksemد for å få den naudsynte forankringa. For å sikre medverknad og samarbeid, har vi hatt ein brei prosess for å følgje lovkrava og for å arbeide langsiktig med utviklingsarbeidet i fylket. Det er gjennomført møte, både i utarbeidingsfasen og i høringsperioden med

- kommunar
- regionråda
- regional stat
- regionale aktørar/institusjonar
- lag og organisasjonar
- engasjert politisk ungdom

Den breie involveringa har vore vesentleg for at alle partar samlar seg om hovudutfordringane og strategiane.

Dei fem hovudutfordringane er

- globalisering og sentralisering
- migrasjon og inkludering
- kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- klimaendringane

Vi har formidla utfordringsbiletet, oppmoda kommunar og andre om å sjå det regionale perspektivet og levert datagrunnlag til kommunane i fylket i arbeidet deira med kommunale planstrategiar.

I fylkeskommunen har ei tverrfagleg arbeidsgruppe arbeidd med utforminga av politiske dokument og politiske presentasjonar. Arbeidsgruppa har vore samansett av representantar frå alle avdelingane, men prosjektleiaransvaret og mykje av statistikk og analysearbeidet låg til plan og samfunn ved plansjefen. Det er også henta inn ekstern fagkompetanse for å utforme kunnskapsgrunnlaget. Fylkesutvalet har lagt føringer og fastsett mål i strategiarbeidet. Leiargruppa har følgt arbeidet og sørga for at det tverrfaglege utviklingsarbeidet vert styrka. Den interne kompetansen på utviklingsarbeid er under utforming, og vi meiner vi har skapt og vidareført sterke og gode arenaer for dialog. Fylket står overfor store utfordringar i åra som kjem. Fylkeskommunen må saman med andre sentrale partar i samfunnsutviklinga ha evne og vilje å gå nye vegar for å finne løysingar.

Planarbeidet framover vart prioritert slik i planstrategien:

	2016	2017	2018	2019	2020
Nye planar					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
Revidering/rullering eksisterande planar					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Fylkesdelplan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Tabell 26

PLANARBEID I 2016

- Strategisk plan for kysten**
Vi har starta arbeidet. I løpet av 2016 sikra vi forankring hjå kystkommunane, utarbeidde og vedtok planprogram og starta arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og delfinansiering av planarbeidet frå kommunane. Fylket har sett av 2 mill. kr til arbeidet i 2016-2017.
- Fylkesdelplan for arealbruk**
Vi starta ei avgrensa rulling i 2015 og har utarbeidd ei regional handelsanalyse og ei konsekvensutgreiing av nye regionale føresegner. Føresegnerne var på høyring to gonger hausten 2016. Nye regionale føresegner for lokalisering av handel og kjøpesenter vart vedtekne av fylkestinget 6. desember 2016 i sak 54/16. Saka går vidare til avgjerd i departementet då Statens vegvesen har vesentleg merknad til føresegnerne.
- Regional plan for klimaomstilling**
Arbeidet starta i 2016, og planarbeidet er konsentrert om klimaomstilling av samfunnet. Planprogrammet til planen var på høyring frå november 2016 til januar 2017. Tema i planen er
 - energiforsyning og energibruk i bygg
 - areal og transport
 - næringsliv og teknologi
 - klimavenleg landbruk
 - klimatilpassing
 - forbruk
 - klimakunnskap
 - klimakommunikasjon
- Regional transportplan**
Vi starta planarbeidet i 2016, med høyring av planprogram og start av arbeid både internt i fylkeskommunen og i vegvesenet med kunnskapsgrunnlaget til transportplanen. Planarbeidet er i noko mon ei rulling av gjeldande plan, men vi jobbar med at det skal vere samanheng mellom kunnskapsgrunnlaga

og planarbeida for klimaomstilling, transport og strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling. Samstundes har Kystvegen og dermed strategisk plan for kysten vore eit viktig moment i transportplanlegginga i 2016.

- **Regional plan for vassforvaltning**
Planen for Sogn og Fjordane vassregion gjeld for 2016–2021 og vart godkjent av Klima- og miljødepartementet i 2016. Vi arbeider med å følgje opp planen, tiltaksprogrammet og handlingsprogrammet.
- **Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling**
Arbeidet med denne starta i 2016. Vi har utarbeidd mål og framdrift for arbeidet. Strategiarbeidet vil i form og innhald legge seg relativt tett opp til prosessen for ein regional plan, men vil fråvike ved å ikkje utarbeide fullt planprogram og konsentrere seg sterke om politisk strategi.

Vi nyttar i alle planarbeida tilgjengeleg statistikk og analyse. Det er også behov for kartframstillingar, der blant andre Fylkesspegele og Fylkesatlas er svært viktige basisar for å utarbeide eigne analysar i den enkelte plan. Vi legg vekt på å gje politikarane eit kunnskapsbasert avgjerdsgrunnlag og merkar stor etterspurnad etter gode presentasjonar av aktuell statistikk og analyse.

RÅDGJEVING OG FRÅSEGNER

Vi har som mål å gje fråsegn til alle kommuneplanar, både samfunnsdel og arealdel. Vi har ikkje prioritert å gje uttale til tematiske planar. Det har ikkje vore kapasitet til å gje uttale på alle reguleringsplanar. Vi prioriterer å handsame planar som har stor samfunnsverknad, planar for sentrumsutvikling og andre reguleringsplanar vi vurderer til å vere av regional interesse.

I 2016 har vi gitt uttale til 13 planstrategiar, 3 samfunnsdelar, 12 arealplanar inkludert kommunedelplanar og 12 områdeplanar.

REGIONALT PLANFORUM

Fylkeskommunen er sekretariat for regionalt planforum. Kommunane kontaktar oss om planarbeid dei har behov for å drøfte med dei ulike statlege og regionale fagetatane. Møta vert som hovudregel gjennomførte som videomøte. Vi gjennomførte elleve møte i planforum i 2016. Det som skilte seg frå tidlegare år, var at Statens vegvesen brukte oss som planeigar i større grad enn tidlegare, i alt i seks møte. Vi brukte også planforum i to møte sjølv, som møteplass med partnarskapen i samband med arbeidet med regional planstrategi.

MÅLEKART - PLAN

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Regional utvikling (R)			
R11 Formalisert og godt samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen om planstrategiar og planarbeid.	R11.1 Tal kommunar som er med i samarbeidet.	R11.1-1 Minst 50 prosent av kommunane deltek.	Læringsnettverk for planleggarar i kommunane har vore arrangert tre gonger i kvar av dei tre regionane Sogn, SIS/HAFS og Nordfjord. Alle kommunane har delteke på minst ei samling, og halvparten av kommunane har vore med i programarbeidet. Nettverka vert organiserte saman med Fylkesmannen og skal evaluertast i 2017.
	R11.2 Tal årlege møtepunkt i samarbeidet.	R11.2-1 Minst fire årlege møtepunkt.	Sjå over.
R12 Formalisert og godt plansamarbeid i samband med satsinga på dei tre byregionane i Sogn og Fjordane.	R12.1 Tal leiande kommunar i byregionsatsinga som er med i plansamarbeidet.	R12.1-1 Alle dei tre leiande kommunane er med i samarbeidet.	I ByR Sunnfjordbyen har vi delteke på møte og seminar. I ByR-samarbeid Leikanger, Luster og Sogndal (ByR LLS) sit vi i styringsgruppa og har bidrege i delprosjekt for planleggarar.
	R12.2 Tal kringliggjande kommunar som er med i plansamarbeidet.	R12.2-1 Minst 50 prosent av dei kringliggjande kommunane er med i samarbeidet.	Sjå over. Sunnfjordbyen er samansett av kommunane i SIS. Leikanger, Luster og Sogndal inngår i det andre samarbeidet.
R13 Kommunane har god og oppdatert kunnskap om viktige faktorar for eiga utvikling	R13.1 Etablert eit felles statistikk- og indikatorsystem for berekraftig samfunnsutvikling i kommunane.	R13.1-1 Alle kommunar som deltek i samarbeidet har implementert systemet.	Ikkje iverksett.
	R13.2 Samanfatte eit «samfunnsbarometer» for heile fylket.	R13.2-1 Årleg presentasjon av utviklinga.	Kvalitetshøving og oppdatering av Fylkesspegelet.
R14 Sterke regionale samfunnsbyggjande organisasjonar.	R14.1 Forpliktande samarbeidsavtalar mellom einskildorganisasjonar og fylkeskommunen innanfor satsingsområda.	R14.1-1 Minst to samarbeidsavtalar innanfor kvart satsingsområde.	Dei fleste samarbeidsavtalane vart overførte til nærings- og kulturavdelinga 1. april 2016.
	R14.2 Etablert dialog for evaluering og vidareutvikling av samarbeid.	R14.2-1 Gjennomføre dialogmøte på leiarnivå to gonger i året.	Dialogmøte følgt opp gjennom Forum for natur- og friluftsliv.

Den offentlege tannhelsetenesta

AKTIVITET I TENESTA I 2016

2016 har vore eit utfordrande og spanande år i den offentlege tannhelsetenesta.

Den store sakar var forslag til ny tannhelsestruktur i fylket. Planen vart hand-sama som eitt prosjekt og var delt inn i fasar. Fylkestinget gjorde i desember 2016 endeleg vedtak om at fylkeskommunen skal redusere tal klinikkar frå 28 til 18 innan 2019.

Hordaland og Rogaland er i same situasjon med strukturendring, og i prosessen har vi jobba tett med dei, fordi vi ynskte eit mest mogleg likt vedtak.

Nokre klinikkar vart avvikla allereie innan årsskiftet. Det har gått greitt. Ingen tilsette har mista jobben, men er overførte til andre klinikkar. Eininga har hatt tett dialog med tillitsvalde gjennom prosessen.

Tannhelsetenesta har dialog med kommunane for å sikre gode tilbod til pasientar i alle grupper.

Utfordringar framover

Nokre klinikkar må rustast opp for at andre kan bli nedlagde. Det kan føre til driftsmessige konsekvensar med redusert drift på einskilde klinikkar i periodar.

Vi vil digitalisere fleire av tenestene i tannhelsetenesta, og tek sikte på å få system til å «snakke saman» innan 2017 er omme. Vi vil då kunne avvikle manuell handsaming av inkassosaker og klinikkrekneskap. Vi er avhengige av at leverandøren av tenesta prioritærer dette arbeidet. Dette vil, når det er heilt oppe og går, redusere vår trøng for merkantile tenester.

Det vert vedteke nye nasjonale faglege retningslinjer for tannhelsetenester til barn og ungdom mellom 0 og 20 år i 2017. Rutinane fører til endring når det gjeld førebyggjande arbeid og behandling. Mellom anna skal det verte meir individuell tilpassing i tenestene, og intervall på innkalling av barn utan karies vert forlenga. Det vert sette større krav til samarbeid med naturlege samarbeidspartar, særleg når det gjeld dei utsette og svake barna.

Det har vore utfordrande å rekruttere tannlegar det siste året. Leiinga i tannhelsetenesta må prioritere rekruttering, mellom anna vil vi vitje utdanningsstadane i Oslo og Bergen på vårparten for å framsnakke fylket og tenesta. Dette har vi god erfaring med frå tidlegare.

Nyutdanna tannlegar vil i liten grad jobbe ved dei minste klinikkane. Det har vore god tilgang på tannpleiarar.

Det manglar for tida utdanning til tannhelsesekretær i Sogn og Fjordane fylke. Vi vil difor jobbe med å få til vaksenopplæring for denne gruppa.

Tenester	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2016
Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar	21,3	20,1	19,2	18,2
Tannhelsetenesta - pasientbehandling	62,3	63,1	64,0	65,0
Sum	83,6	83,2	83,2	83,2

Tabell 27

Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2014–2016, i mill. kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneholder resultatoverføring (disposisjonsfondet), eit overskot i 2014 på 3,5 mill. kr i 2014, og eit overskot på 1,5 mill. kr. i 2015, og eit overskot på 2,6 mill. kr i 2016.

Ansvoaret for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Det er definert tal for måloppnåing i vedteke plandokument – strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014–2017. Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0–18 år (gr. A)
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19–20 år (gr. D)

28 978 personar, 91 prosent, i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2016. Dette er same prosenttal som i 2015. Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt 35 276 pasientar under tilsyn i 2016.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull: 5-, 12-og 18-åringar. (KOSTRA-tal). Tannhelsetenesta registrerer også tannhelsedata på 15-åringar. Dette er for å identifisere når tannhelseproblem kan oppstå.

- 82 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. I 2015 var talet 85 prosent og i 2014 86 prosent.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,7 tenner med hol – ikkje forandring frå 2015. 15-åringane har i gjennomsnitt 2,0 tenner med hol, og 18-åringane har 3,3. Dette er om lag det same som i 2015.
- Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men 8,5 prosent (10 prosent i 2014) av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene. Desse pasientane treng større individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Rekneskapet for 2016 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på 2,558 mill. kr. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman hundre årsverk i 2016. Av desse var 34,6 tannlegeårsverk og 15,5 tannpleiarårsverk. I 2015 vart det totalt utført 98,5 årsverk.

LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Tannhelsetenesta er medvitne planen for mangfold og likeverd. Det gjer seg gjeldande ved tilsettingar og ved tilbodet til

- personar med funksjonshemmning
- prioritert klientell utan tilstrekkeleg norskkunnskapar



Tannlegar og tannpleiarar har klientell av ulikt slag. Ein dag var det denne karen som møtte tannpleiar Mary Jane på venterommet på tannklinikken i Svelgen.

Foto: Svelgen tannklinik



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

FOLKEHELSEARBEID

Faktorar som gjev god helse, er som regel gunstige også for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa vert ofte tekne utanfor ansvarsområdet til helsesektoren eller tannhelsetenesta.

Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnerar for å redusere helserisiko i befolkninga og for å betre helsa for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Tannhelsetenesta har også i 2016 lagt stor vekt på å førebygge svak tannhelse blant risikogrupper.

Tannhelsetenesta som regional utviklingsaktør må bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

PROSJEKT

Tannhelsetenesta har med økonomisk stønad frå Helsedirektoratet gjennomført to prosjekt som vart avslutta i 2016:

1. Fagutvikling av personell i den offentlege tannhelsetenesta
2. Samarbeid mellom Høgskulen og den offentlege tannhelsetenesta - samarbeid og utvikling

Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avd. helsefag underviser i oral helse alle tre studieåra. Dette meiner vi gjev god kunnskap om oral helse til komande sjukepleiarar. Samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet fungerer svært godt.

TANNHELSE - KOSTRA ØKKELTAL

Indikator - konsern	SFJ 2013	SFJ 2014	SFJ 2015	SFJ 2016	Ref. fylke 2016	Landet u/ Oslo 2016
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	707	771	776	753	613	486
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	917	990	992	969	848	695
Netto driftsutgifter i prosent av fylkes-kommunen sine samla netto driftsutgifter	3,7	3,8	3,7	3,6	3,9	4
18-åringar, del behandla med DMFT>9 *	8,8	9	10,1	8,4	10	9,1

*Viser kor mange 18-åringar som har over ni tenner med karies (behandla eller ubehandla).

Tabell 28

MÅLEKART TANNHELSE

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Tenesteyting (T)			
T10 Fungerande teneste- produksjon.	T10.1 Tal prioriterte pasientar under tilsyn.	T10.1-1 Gruppe A2: 90 prosent Gruppe B: 95 prosent Gruppe C1: 85 prosent Gruppe C2: 70 prosent Gruppe D: 60 prosent	Gruppe A2: 97 prosent Gruppe B: 97 prosent Gruppe C1: 92 prosent Gruppe C2: 85 prosent Gruppe D: 84 prosent
T11 Tannhelsetilstand prioritert klientell.	T11.1 DMFT = 0 1	T11.1-1 5-åringar: 80 prosent 12-åringar: 60 prosent 18-åringar: 25 prosent	5 åringar: 82 prosent 12 åringar: 64 prosent 18 åringar: 27 prosent
¹ DMFT er definert som tal tenner (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylt (filled) på individnivå. DMFT gjev eit oversyn over total tannhelsetilstand, både tidlegare sjukdomserfaring og no-situasjon.			
Regional utvikling (R)			
R17 Kjennskap til tannhelse- messige utfordringar i fylket.	R17.1 Plandokumentet er oppdatert i forhold til konkrete utfordringar på tannhelseområdet.	R17.1-1 Vurdere kvart år om plan- dokumentet må oppdaterast på fokusområde.	Strategisk handlingsplan for tannhelsetenesta 2014- 2017 er plandokument som til ei kvar tid må ha merksemd på. Helsedirektoratet sine føringer skal etterfølgjast.
R18 Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar.	R18.1 Inngå forpliktande samarbeidsavtalar med kommunar og helseføretak på tannhelserelaterte område for eksempel folkehelse- arbeid.	R18.1-1 Avtale med alle kommunar og helseføretak.	Det er inngått samarbeids- avtalar med alle kommunar - på tenestenivå. Samarbeids- avtale med Høgskulen på Vestlandet, Campus Førde, avd. helse (sjukepleie) om undervisning på alle tre årskulla i oral helse.

Bygge- og eigedomstenesta

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytte til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette inneber ansvaret for å skaffe alle delar av den fylkeskommunale verksemda naudsynte bygg og tenlege lokale. Arbeidet omfattar alle sider av forvalting, drift, vedlikehald, utvikling og service. Vi har eit overordna mål om at verdien på eigedomsmassen skal oppretthaldast. Eigedommane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane og ha løysingar som er best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar.

BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT - PLANLEGGING OG BYGGING

Aktiviteten på nye og større bygge- og investeringsprosjekt har i 2016 i hovudsak vore knytt til

- prosjekt ved Sogndal vidaregåande skule
- prosjekt ved Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Fellesmagasin for musea
- utgreiing om eventuell samanslåing av dei vidaregåande skulane i Førde

Arbeidet med byggesteg 2 ved Sogndal vidaregåande skule vart i hovudsak ferdigstilt ved årsskiftet. Det er no over i ein prøvedriftsfase og vil som planlagt vere teke i bruk i løpet av våren 2017. Utomhusarbeidet vert ferdig til sommaren, og på same tidspunkt overtek Statsbygg det gamle gymnasbygget på Fosshaugane.

Prosjektet knytt til Sogn Jord- og Hagebruksskule er midt i byggefasen. Det er i hovudsak ekstraordinært vedlikehald (rehabilitering) av undervisningsbygget og internatet (nytt kjøken, fellesrom elevar), samt nytt mellombigg, som løyser vesentlege krav til universell utforming.

Fellesmagasin og ny utstillingsbygning for Musea i Sogn og Fjordane er revidert, og nytt forprosjekt er gjennomført. Dette danner grunnlag for statleg søknad om tilskot til prosjektet. Forprosjektet er gjennomført med grunnlag i det tidlegare idé- og designprosjekt «Klöften».



Illustrasjon fasade ved Bystrup Arkitekter og Designere

Vi gjennomførte i 2016 også eit mogleheitsstudium knytt til det å få etablert ein felles vidaregåande skule i Førde. Mange føresetnader skal på plass før prosjektet eventuelt kan realiserast. Saka er førebels vurdert ut frå

- eit eventuelt sal av Hafstad vidaregåande skule
- innspel i samband med ein pågående reguleringsprosess på Øyrane
- vurderingar omkring eit nytt rom- og funksjonsprogram for ei fellesløysing for den vidaregåande skulen

Tenesta har i tillegg gjennomført fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring i 2016. Nokre av desse er

- teknisk oppgradering undervisningsbygget på Mo
- nytt ventilasjonsanlegg ved Årdal vidaregåande skule
- opprusting av uteanlegget/ny sykkelparkering ved Flora vidaregåande skule
- omtekking av skifertak ved Sogn Jord- og Hagebrukskule
- etablering av ny garasje/nytt lager for teknisk drift ved Firda vidaregåande skule
- gjennomføring av ein ny brannteknisk tilstandsanalyse av alle skulebygg i fylket

Prosjektet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen er framleis under arbeid, og det kontinuerlege arbeidet med oppgradering av fleire naudlys- og brannalarmanlegg har òg halde fram i 2016.

PLANLEGGING / SKULEBRUKSPLAN

Som følgje av den vedtekne skulebruksplanen, utfører bygge- og eigedomstenesta arbeidet med både planlegging og gjennomføring av nybygg, tilpassingar og ombyggingar av eksisterande areal. Vi har i løpet av 2016 mellom anna gjennomført større ombyggingar og rehabilitering av blokk B ved Firda vidaregåande skule.

FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA / HMT

Bygge- og eigedomstenesta er kontinuerleg oppteken av at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Kartlegging skjer via enkle parameter på temperatur, relativ fuktighet og co₂-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utførte som akutte prosjekt eller som del av vedlikehaldsplanen etter behov. Tenesta følgjer òg opp aktuelle saker i samband med helseverngodkjenninga av dei einskilde skulane i fylket og ulike tilsyn retta mot HMT-arbeid.

UNIVERSELL UTFORMING

Bygge- og eigedomstenesta starta hausten 2014 ei større kartlegging av tilstanden til dei einskilde fylkeskommunale eigedommane når det gjeld gjeldane reglar for universell utforming. Resultatet av arbeidet vart lagt fram i form av ein eigen rapport våren 2015. Dei aktuelle punkta i tiltakslista for oppfølging vert fortløpende vurderte, planlagde og prioriterte anten som eigne prosjekt eller som del av større ombyggingar og rehabiliteringsarbeid. Til dømes vart det i 2016 ferdigstilt ny universell tilkomst til barnehagen ved Sogn Jord- og Hagebrukskule og ny heis i Sogndal idrettshall.

DRIFTSTENESTER

Alle tekniske driftstenester vart frå 1. mai 2015 samla i bygge- og eigedomstenesta, og tenesta er etablert med regionale tekniske driftsavdelingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Det har vore mange utfordringar dei to første driftsåra, men blant anna mange gode tilbakemeldingar frå brukarane av bygga våre, gjer oss trygge på at den nye organiseringa fungerer. Vi jobbar meir teknisk fagleg og har gjennomført fleire kompetansehevande kurs i 2016. Elles har vi i den tekniske drifta konsentrert oss om oppdatering av eksisterande system for forvaltning, drift og vedlikehald og oppdatering av eksisterande brukaravtalar.

ANDRE OPPGÅVER

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltningsoppgåver for tannhelsestenesta og samferdsleavdelinga. Arbeidet for tannhelsetenesta gjeld bistand ved nye leigeavtalar og endringar i eksisterande avtalar, samt tekniske driftstenester for tannlegekontora i fylket. Tannhelsetenesta syter sjølv for dentalteknisk drift av det tekniske utstyret på tannklinikkeane.

Når det gjeld samferdsle gjeld arbeidsoppgåvene våre vesentleg arbeid med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilstasjonar i fylket. Vurderingar omkring ein eventuell ny rutebilstasjon i Flore har vore ei sentral arbeidsoppgåve i 2016.

Bygge- og eigedomstenesta arbeider aktivt for å etablere effektive energiløysingar og slik redusere den samla energibruken i fylkeskommunale bygg. Les om dette på side 26 i kapittelet klima og miljø.



Muligheitsstudie ev. ny vgs i Førde:
Illustrasjon fasade ved Arkitektkontoret A38 AS

Innkjøp

OVERORDNA

Innkjøpstenesta har det innkjøpsfaglege ansvaret for alle innkjøp over 500 000 kr eks. mva. med unntak av bygge- og anleggskontraktar og avtalar knytte til drift av kollektivtransport og fylkesveg. Innkjøpa vert gjort i tråd med den fylkeskommunale innkjøpsstrategien, som fylkestinget vedtok i 2012.

I tillegg driftar innkjøpstenesta også Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI), ei innkjøpsordning for 25 kommunar og nokre statlege etatar i fylket. Innkjøpstenesta gjennomfører konkurransar på vegne av samarbeidspartane, er rådgjevar for samarbeidspartane og følgjer opp felles rammeavtalar mot leverandørane.

NØKKELTAL

Innkjøpstenesta har i 2016 gjennomført 13 konkurransar. Tre av desse har vore klaga inn til fylkeskommunen, ingen klager vart tekne til følgje. Ei av sakene vart klaga vidare inn for domstolen, men klagen vart trekt attende. Ingen konkurransar vart avlyste. Vi har stilt krav om høvesvis tilknyting til lærlingordninga og miljøomsyn der vi vurderte dette som relevant.

Innkjøpstenesta har ansvaret for å følgje opp om lag 75 rammeavtalar. Vi har gjennomført leverandøroppfølgingsmøte på utvalde avtaleområde. Fylkeskommunen handla for 81 mill. kr eks. mva. på rammeavtalane i 2016.

Fylkeskommunen gjorde netto innkjøp av varer og tenester for om lag 2 mrd. kr i 2016:

- 1,4 mrd. kr til drift
- 0,6 mrd. kr til investeringar

EHANDEL

KURS

Innkjøp har vore eit aktuelt tema i fylkeskommunal samanheng i 2016. Innkjøpstenesta har merka auka merksemd for og interesse kring regelverk om offentlege anskaffingar både i fylkeskommunen og i SFFI.

Hausten 2016 gjennomførte vi dagskurs for SFFI tre ulike stadar i fylket. Målet var å førebu alle som driv med offentlege innkjøp på det reviderte regelverket for offentlege innkjøp som vart vedteke 1. januar 2017. Kursa hadde til saman 95 deltararar.

Målet med innføring av ehandel er betre økonomistyring, betre leverandøroppfølging og avtalelojalitet. Systemet gir større kontroll over prisar og avtalevilkår, og det gjer fylkeskommunen til ein meir profesjonell bestillar med meir einskaplege bestillarrutinar på tvers av organisasjonen. Målet er at alle fylkeskommunale kjøp skal gjera med ehandel. Dette tek tid grunna omstilling internt, og at leverandørmarknaden må utvikle gode bestillingsportalar som er kompatible med ehandelsistema til det offentlege. Fylkesrådmannen har prioritert område med stort innkjøpsvolum og mange transaksjonar.

Status for innføring av ehandel i fylkeskommunen pr. 2016:

- 190 aktive brukarar i systemet
- Implementert i dei fleste einingane i fylkeskommunen
- Om lag 70 leverandørar er registrerte i systemet
- Om lag 3700 ordrar via ehandel
- Omsetning på 110 mill. kr eks. mva., mot 38 mill. kr i 2015

Likestilling, likeverd og mangfald

HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald 4. juni 2014. Planperioden er fra 2014 til 2017. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som fylkestinget vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

Det berande prinsippet for den justerte handlingsplanen er at mangfald er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

Visjonen er:

Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfald.

Overordna mål

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemد som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Det skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar. Ambisjonen er at minst 80 prosent opplever dette.

Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfald skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegelegen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.
6. Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen vere redusert frå 39 til 26. Ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal informasjonsproduksjonen til fylkeskommunen formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjever og tenestytar der dette er tenleg.

Tiltak

For å nå det overordna målet og dei sju delmåla, skal fylkeskommunen i komande planperiode arbeide med følgande tiltak:

Tiltak overordna mål

For at fylkeskommunen også i neste planperiode skal tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav og for å nå det overordna målet må

1. kvar eining halde fram med å kartlegge, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfoldstiltak.
2. fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i fylkesrådmannen sin årsrapport.

Når ansvar og rapportering vert lagt til kvar eining og kvar sektor, vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

Tiltak delmål 1

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

Tiltak delmål 2

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredsstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringsloven om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

Tiltak delmål 3

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegen byrje å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

Tiltak delmål 4

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.

Tiltak delmål 5

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.

Tiltak delmål 6

Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette i fylkeskommunen, som ufrivillig arbeider deltid, vere redusert frå 39 til 26 personar, ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk og gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen

1. Ved ledige deltidsstillingar skal ein vurdere om dei kan slåast saman, eller om arbeidsoppgåvene kan overførast til tilsette i deltidsstillingar. Dersom det er fleire som er kvalifiserte, skal stillinga lysast ut internt.
2. Tilsvarande prosess skal gjerast ved ledige 100-prosentstillingar.
3. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til nærmeste leiar om dei ynskjer utviding av stillinga si.
4. Tilsette som har ytra ønske om utviding av stilling, og som ikkje tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikkje bli prioriterte ved seinare høve som kan vere aktuelle for utviding av stilling. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til det.

Kompetansehevingstiltak

1. Gjennom utviklingssamtalen skal leiar kartlegge kven av dei tilsette med deltid som ynskjer å auka stillingsprosenten sin.
2. Kompetanseprofilen til den einskilde skal drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar gjennom kompetanse- og opplæringssystemet vårt.
3. Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ynskjer.
4. Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år.

5. Kompetansebehovet til eininga skal sjåast i samanheng med ønska til dei tilsette.
6. Dersom det er nødvendig med kompetansehevingstiltak for at tilsette skal kome i ein betre posisjon for utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Dersom kompetansehevinga er innanfor det behovet som leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette skal kunne gjennomføre kompetansehevinga.

Tiltak delmål 7

1. Lage og implementere retningslinjer for informasjonsproduksjonen i fylkeskommunen som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal heimesida til fylkeskommunen stette krava Direktorat for fornying og ikt har til universell utforming.

LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2016

Handlingsplanen for likestilling, likeverd og mangfold er det overordna rammeverket for arbeide vårt med likestilling, likeverd og mangfold. Det betyr at kvar eining og kvar sektor skal arbeidet systematisk med likestilling, likeverd og mangfold når det gjeld ansvarsområda deira, men også støtte opp om tiltaka i den overordna handlingsplanen. Dei skal kartleggje, setje seg mål, setje i verk tiltak og evaluere arbeidet. Det gir lokalt eigarskap og mangfold i det samla arbeidet.

Ambisjonen er at medarbeidarane og brukarane skal oppleve at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. I medarbeidarundersøkinga i 2016 var eitt av spørsmåla om dei tilsette opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfold for brukarar og tilsette. Dei tilsette er stort sett eller svært samde i påstanden om at fylkeskommunen er ei verksemd som prioriterer og verdset dette. Resultatet er marginalt betre enn i 2014. Vi er på det nivået vi ønskjer å vere.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, så gjer vi det. Døme på dette er

- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane, vedteken i 2014
- Regional plan for folkehelse, vedteken i 2015.

I verdiskapingsplanen er samfunnsansvar og målet om 500 nye arbeidsplassar i året ein premiss for alle satsingar. Likeverd og mangfold står sterkt, og aktivitetar baserte på sosial dumping vil ikkje bli prioriterte. Arbeidsinnvandrarar skal møte eit Sogn og Fjordane som syner godt vertskap.

Regional plan for folkehelse tek utgangspunkt i seks utfordringar i samfunnet, ei av dei er å styrke toleranse og inkludering. Det er med som gjennomgåande tema i dei fem satsingsområda i planen. Døme på dette er:

1. Satsingsområde 2 om bumiljø og nærmiljø skal fremje
 - a. bu- og nærmiljø der alle (på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn) kan delta
2. Satsingsområdet 3 om oppvekst skal fremje
 - a. god integrering av fleirkulturelle
 - b. gode levevanar og toleranse

I januar 2014 byrja diskrimineringsloven om seksuell orientering å gjelde. Fylkeskommunen har så langt følgt opp delmål to med å ha kjønnsidentitet og kjønnsutspring på programmet til den årlege leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2014. Vi har også innarbeidd aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova i fylkeskommunen sin overordna handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold. I tillegg

er tenestetilboda våre, til dømes på skulane og tannlegekontora, regulerte av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

Arbeidet med å publisere ein årlig mangfalds- og likestillingsstatus i Fylkesspegele, jamfør delmål tre, er starta opp. Den nye Fylkesspegele blir teken i bruk 2. mars 2017. Der vert det publisert demografiske mangfaldsdata under temaet «Mangfald, likestilling og intergrering».

Arbeidet med å kartlegge eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav til universell utforming, tok til i 2014. Våren 2015 blei kartlegginga avslutta, og resultata er samla i ein eigen rapport. Vi har i god tid nådd delmål fire.

Vi har ikkje klart målet om å ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom offentlege aktørar i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar innan utgangen av 2016. Vi har mellom anna avventa eit arbeid i regi av eit vestlandsprosjekt for arbeidsinnvandring. Det ligg no føre ein rapport frå dette arbeidet, frå 15. februar 2017. Denne rapporten gjev mellom anna nyttig viten om informasjonsbehovet til arbeidsinnvandrarane, og korleis dei finn informasjon i dag. Vi tek sikte på å nytte kunnskapen frå denne nye rapporten i samarbeidsprosjektet som nærings- og kulturavdelinga har teke på seg. Det vert teke eit initiativ til samarbeid kring offentlege nettsider i løpet av 2017.

Når det gjeld tiltak seks, halvering av tilsette som ufrivillig arbeider deltid, så er det eit arbeid som må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk¹ nemnt i tiltak for delmål seks. I tillegg har vi også sidan 2010 gitt økonomisk bistand til tilsette som arbeider ufrivillig deltid og som ynskjer å ta utdanning, for å kunne kvalifisere seg til fleire arbeidsoppgåver. Tiltaket blei i 2015 avvikla på grunn av liten etterspurnad. Målsettinga til fylkeskommunen er ein reduksjon frå 39 til 26 innan 2017. I 2015 var det 31 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid (24 kvinner og 7 menn), og vi var i rute i høve å nå målsettinga. Ved utgangen av 2016 var det 39 fast tilsette som arbeidde uønskt deltid, 32 kvinner og 7 menn. Desse 39 utgjer kring tre prosent av alle tilsette, og små endringar i den samla arbeidsstyrken vil difor kunne gi uehdige utslag for tal tilsette som arbeider uønskt deltid.

I tillegg til arbeidet med å nå dei overordna måla, så blir det gjort eit systematisk arbeid lokalt i dei fylkeskommunale einingane. Det lokale arbeidet har i 2016 blant anna lagt vekt på

- å skape eit ope og inkluderande arbeidsmiljø
- fysisk tilrettelegging for tilsette (og elevar) med nedsett funksjonsevne
- å få redusert talet på tilsette med uønskt deltid
- mobbing, vald og rasisme
- internasjonalisering
- elevråd har likestilling, likeverd og mangfald som tema i arbeidsplanane sine
- likestilling, likeverd og mangfald blir drøfta i utviklingssamtalar mellom leiar og tilsette
- fredskorpsverksemnd
- lokalt oppfølgingsarbeid i etterkant av elev- og medarbeidarundersøkinga gjort i 2014
- psykisk helse som tema på leiarsamlinga til fylkesrådmannen i 2016
- utjamning av lønnskilnaden mellom kvinner og menn
- seminar om migrasjon, kunst og integrering

¹Arbeidsmiljølova § 14.3 og hovudtariffavtalen sin § 2.3.

Det indre liv



Ole Ingar Hagen Hæreid (f.v.) og Monica Åsnes vart heidra for 20 år i fylkeskommunen under juleavslutninga på Fylkeshuset i 2016. Liv Wenche Hjelmeland vart heidra for 25 år, og Ole-Mathias Nes vart takka av som rådgjevar for fylkesordføraren.
Foto: Birthe Johanne Flinstad

Arbeidsgjeverområdet

Arbeidsgjeverområdet dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø.

Einingsleiarane har ansvaret for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjeverpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Fylkesrådmannen-personal gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver i 2016 har vore

- oppfølging av Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold
- oppfølging av kompetanseregistreringssystemet
- oppfølging og vidareutvikling av rekrutteringssystem og rutinar
- gjennomføring av
 - lokale lønsforhandlingar
 - leiarsamlinga til fylkesrådmannen
 - introduksjonssamling for nye tilsette
 - fagseminar for reinhaldspersonale
 - fagdagar innan rekrutteringsarbeid
 - medarbeidarundersøking
 - grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
- operativ leiarstøtte innan personalforvaltning og spesielt i samband med omstillingsprosjektet SFJ2019
- å tilby og tildele midlar til hospitering
- deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen
- oppstart av revisjon av lønspolitisk plan

PERSONALPOLITISKE TILTAK

Fylkeskommunen løvvde 200 000 kroner til hospitering i 2016. Av desse vart 1/3 (ca. 67 000 kroner) prioritert til søkerar over 55 år, jamfør seniorpolitisk handlingsplan. Totalt søkte 32 personar om tilskot, 23 kvinner og 9 menn. 16 av søkerane var over 55 år, 8 kvinner og 8 menn. Totalt fekk 18 søkerar tilskot til hospitering, 12 kvinner og 6 menn. 5 kvinner og 6 menn var over 55 år.

Det er gitt 1474 arbeidsdagar permisjon til utdanning og kompetansetiltak i 2016. Kvinner har nytta 65,5 prosent av desse i 2016, mot 65,8 prosent i 2015.

Tilskot til hospitering 2014		Tilskot til hospitering 2015		Tilskot til hospitering 2016	
20 kvinner	kr 245 492	11 kvinner	kr 130 290	23 kvinner	kr 142 188
12 menn	kr 338 403	12 menn	kr 71 858	9 menn	kr 75 000
Tildelt totalt	kr 583 895	Tildelt totalt	kr 202 148	Tildelt totalt	kr 217 188

Tabell 29
Fordeling av tilskot til hospitering

ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen har underteikna avtalen for eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Vi arbeider systematisk med dette og har forplikta oss til følgjande tre delmål i IA-avtalen:

1. å redusere eller stabilisere sjukefråværet
2. å leggje til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt
3. å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering

I arbeidet vårt for utvikling av arbeidsmiljøet skjer det ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent. For å klare denne målsettinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. For å halde på tilsette som får helseplager, prioriterer vi tilrettelegging av arbeidsplassen. Åleg gjennomfører vi grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap som eit tilbod for leiarar, verneombod og medlemer av i arbeidsmiljøutvala våre.

Det registrerte sjukefråværet i 2016 var 4,7 prosent. Det er 0,3 prosentpoeng under målsettinga om maksimalt 5 prosent.




Diagram 23

Sjukefråværsutvikling		År 2010	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016
Kvinner	Sentraladm	7,3	7,2	5,1	7,2	5,7	5,3	4,8
Menn	Sentraladm	3,2	2,9	2,2	3,7	1,9	3,6	3,1
Sum totalt	Sentraladm.	5,1	4,8	3,5	5,4	3,7	4,4	3,9
Kvinner		5,3	5,0	5,6	7,0	4,8	6,1	5,6
Menn	Opplæringssektoren	3,1	2,8	4,0	3,7	3,0	3,6	3,7
Sum totalt	Opplæringssektoren	4,2	3,9	4,9	5,4	3,9	4,9	4,7
Kvinner	Tannhelse	5,5	5,2	9,0	9,2	5,6	5,1	6,7
Menn	Tannhelse	3,8	1,3	6,7	6,0	2,5	4,5	5,4
Sum totalt	Tannhelse	5,2	4,5	8,6	8,7	5,2	5,0	6,5
Kvinner	Andre	7,3	5,9	2,5	4,2	4,6	5,5	5,8
Menn	Andre	2,9	4,9	12,6	4,4	4,8	0,8	3,6
Sum totalt	Andre	5,2	5,6	4,7	4,3	4,6	4,3	5,1
Sum totalt kvinner		5,6	5,3	5,9	7,1	5,0	5,8	5,6
Sum totalt menn		3,1	2,8	3,9	3,8	2,8	3,6	3,6
Sum begge kjønn		4,4	4,1	5,0	5,6	4,0	4,8	4,7

Tabell 30

SENIORPOLITISK ARBEID

Med seniorsatsinga legg vi til rette for å utvikle og gjere nytte av kunnskapane, ferdighetene og arbeidsevna til seniormedarbeidaren på ein måte som tener både arbeidsgjever og arbeidstakar. Ressursane seniormedarbeidarane våre står for, er viktige for organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tilegne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen vil leggje forholda til rette slik at denne arbeidstakargruppa kan trivast og få personlege og faglege utviklande arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å leggje til rette for ein tenleg og verdig avslutning av yrkeskarrieren for kvar einskild.

Litt om ordninga

Seniorsatsing er eit tredelt leiarverktøy. Første tiltak rettar seg mot medarbeidaren frå det året han/ho fyller 62 år, og vidare kvart år fram til han/ho fyller 67 år (fem

Tenestekategori/ teneste	Sum timer	% av totalt
Sjukefråvær- arbeid	34,00	2.5
Systematisk HMT-arbeid	613,25	44.5
Arbeidshelse	140,50	10.2
Ergonomi	105,75	7.7
Psykososialt arbeidsmiljø	225,00	16.3
Fysisk, kjemisk og biologisk am.	200,92	14.6
Livsstil	14,00	1.0
Undervisning og kurs	11,00	0.8
Planlegging og tilrettelegging	2,00	0.1
Census (MTM)	32,00	2.3
Totalt	1 378,42	100.0

Tabell 31

gonger). Tiltaket vil gi eininga eit tilskot på 7000 kroner i året til utviklingsstimulerande tiltak for medarbeidaren.

Tiltak to er eit årleg seinkarrierekurs for medlemane i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Innholdet er motivasjon med arbeidspsykologisk vinkling og direkte faktakunnskap om pensjon inkludert individuell samtale med seniormedarbeidaren.

Det tredje tiltaket er at seniormedarbeidaren frå fylte 55 år får eit fortrinn ved tildeiling av hospiteringsmidlar. Ut i frå verksmeda sitt prioriterte behov og medarbeidarane sine ønskje om kompetanse, skal tilsette i alderen 55+ prioriterast. Utviklingssamtalen frå 55+ skal ta opp seinkarrieren som tema.

BEDRIFTSHELSETENESTA

Tenesteleveransane samla frå Stamina Helse og Stamina Census i 2016 vart på om lag 1120, fordelt på tema som tabellen og grafikken under viser. Stamina Helse bedriftshelseteneste har levert eit omfattande og breitt spekter av tenester. Dei bestilte tenestene dekkjer behova fylkeskommunen har for

- helse-, miljø- og tryggleiksoppfølging
- bistand etter krav i
 - arbeidsmiljølova § 3-3
 - forskrift om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (HMT) § 5
 - forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13

Forbetningsarbeidet innan HMT-området er eit klart definert leiaransvar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vert kanalisiert gjennom kvalitetssystemet for HMT. Arbeidet sikrar eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik når det gjeld fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebyggje og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med lovverk som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, vernetenesta og drøftingar med samarbeids- og arbeidsmiljøutvala.

Timefordeling av leveransen frå Stamina i 2016




Diagram 24

MEDARBEIDARUNDERSØKINGA

Vi gjennomførte ei ny medarbeidarundersøking i desember 2016. Deltakinga er høg, men likevel noko lågare enn i 2014. Samla fekk vi ein svarprosent på 82 prosent. Svarprosenten fordelte seg slik:

Dei vidaregåande skulane: 83 prosent
Sentraladministrasjonen: 83 prosent
Tannhelse: 74 prosent

Vi registrerer stabile resultat samla sett for 2016. Vi skårar noko lågare på temaet organisasjonstilhøyrigheit enn tidlegare. Området arbeidsglede og engasjement går marginalt fram samanlikna med 2014-undersøkinga. Det kan sjå ut som området meiningsfullt arbeid truleg er den viktigaste årsaken til dei gode resultata våre. I 2017 skal vi analysere områda vi skårar godt/tilfredstillande på, og områda der vi ser eit forbetringspotensial. I dette arbeidet nyttar vi konsulentbistand frå Stamina. Rådgjevarar frå Stamina lokalt og Stamina Census har samarbeidd om saker som har vore knytte opp mot det psykososiale arbeidsmiljøet. Vi planlegg ei ny medarbeidarundersøking i 2018.

MÅLEKART MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå	Evaluering/Resultat
Medarbeidar og organisasjon (M)			
M1 Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meiningsfullt.	M1.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M1.1-1 Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren er 80,5. Referansane våre i offentleg sektor syner at vi ligg i normalområdet
M2 Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring.	M2.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarvurdering.	M2.1-1 Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren i 2016 var på 57. Gjennomsnittscore i normalgrunnlaget for 2016 var på ca. 60-61.
M3 Sjukefråværet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt.	M3.1 Registrerte data.	M3.1-1 Sjukefråvær på maksimalt fem prosent i gjennomsnitt. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i IA-avtalen vi har med NAV.	Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2016 var på 4,7 prosent
M4 Medarbeidarar opplever leiarane som støttande, motiverande, utviklende og rettferdige.	M4.1 Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M4.1-1 Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.	Scoren er 75. Referansane i offentleg sektor syner at vi ligg i normalområdet.
M5 Fylkeskommunen har som arbeidsgjever godt omdøme og trekker til seg sterke søkerar.	M5.1 Registrert søknadsinngang.	M5.1-1 Positiv utvikling over tid.	Det var 328 søkerarar til 27 utlyste stillinger i sentraladministrasjonen i 2016

Forvaltningsrevisjon og internkontroll

FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane frå kontrollutvalet (KU). Følgjande prosjekt vart sluttførte i 2016:

- Internkontroll (FT-sak 01/10)
- Byggjeprosjekt i Sogn og Fjordane (FT-sak 2/11)
- Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbod til lærlingar (FT-sak 27/13)
- Læringsmiljø og PP-tenesta (FT-sak 30/15)
- Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i Fjord1-saka (FT-sak 43/16)

Fylkesrådmannen meiner administrasjonen arbeider godt med desse sakene. Ved utgangen av året er det slik status for gjennomføring av fylkestingsvedtak på revisjonar der det er restansar. Revisjonar som enno ikkje er sende til fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet.

Revisjon	Vedtak	Gjennomført 2016	Restanse
Tryggleik og beredskap	FT-sak 7/14	Fylkesrådmannen har arbeidd med oppfølginga av vedtaket i FT-sak 7/14. Det er laga ny plan for kriseberedskap, og ny ROS-analyse er gjennomført og på plass. Alle skulane har oppdaterte beredskapsplanar, og samferdsleavdelinga har ein godkjent beredskapsplan.	Fylkesrådmannen har bedt om utsetting til 31.12.2016 med å få resterande tiltak på plass. Oppfølginga er i all hovudsak sluttført. Nokre mindre justeringar gjenstår pr. 31.12.16.
Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport	FT-sak 13/15	Punkta som gjeld samferdsleavdelinga er sluttførte. Nokre av punkta, som er definerte til å ligge innanfor innkjøps-tenesta sitt ansvarsområde, inngår i ein interngjennomgang av innkjøpsstrategien til fylkeskommunen. Dette gjeld tilråding nr. 1 a - e.	KU får ny status når overordna skriftlege retningsliner for innkjøp og oppfølging av kollektivtenester er på plass seinast 30.6.17.
Fylkesarkivet	FT-sak 3/15	Kontrollutvalet handsama rapporten 25.4.15 og fylkestinget 10.5.15. Fylkestinget vedtok å be fylkesrådmannen om å gjennomføre tilrådingane i rapporten og melde tilbake til KU innan utgangen av 2015. Denne fristen er seinare forlenga til 15.8.2016. Fylkesarkivet har arbeidet med omsyn til denne fristen.	Det gjenstår pr. 31.12.16. nokre punkt i oppfølginga, og fylkesrådmannen tek sikte på at ny tilbakemelding blir gitt til KU 7.2.17.
Vedlikehald og inneklima	FT-sak 12/16	I samsvar med vedtaket i FT skal fylkesrådmannen følgje opp tre punkt særskilt og dei resterande tilrådingane frå revisor utifrå eit kost/nytte perspektiv. Rapport til KU innan utgangen av 2016.	Rapporten blir truleg handsama av KU 7.2.2017.

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
- Fylkessdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane. Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla, vil fylkeskommunen gi ei samla avviksrapportering her.

Fylkessdirektørane har ikkje meldt om avvik av betydning i vedtak gjort i fylkesutval eller fylkesting i 2016.

INTERNKONTROLL


I perioden 2012-2014 risikovurderte fylkeskommunen ei rekke ulike arbeidsområde som ledd i internkontrollen. Frå 2015 og vidare i 2016 spissa fylkesrådmannen internkontrollarbeidet inn mot omstillingsprosjektet SFJ2019, dvs. utgreiing av tiltak på tvers av sektorene og gjennomføring av vedtekne tiltak innanfor den enkelte sektor.

Fylkesrådmannen har i 2016 utarbeidd eit revidert delegeringsreglement, som også er ein del av internkontrollsystemet.

Fylkesrådmannen har ikkje fått meldt inn særlege risikoområde for utgreiing innanfor internkontrollsystemet frå avdelingane.

Avdelingane har i 2016 vore aktive og lagt ned eit betydeleg arbeid i ROS-analysen, som inngår i forvaltningsrevisjonen Tryggleik og beredskap frå 2014. ROS-analyse er ikkje ein del av internkontrollsystemet, men slik fylkesrådmannen har lagt opp arbeidet med ny ROS-analyse, er det eit klart grensesnitt mot internkontrollsystemet vårt. Avdelingane har gått inn i kritiske prosessar og vurdert rutinar for å handtere desse.

Vissste du dette om Sogn og Fjordane?



Sogn og Fjordane har den lægste arbeidsløysa av alle fylka i landet.

Sogn og Fjordane har den høgste sysselsetningsandelen i landet, for både menn og kvinner.

Sogn og Fjordane hadde den sterkeste folketalsveksten på over 30 år i 2016.

21 av dei 26 kommunane i fylket hadde folketalsvekst i 2016.

Primærnæringane utgjer meir enn dobbelt så mykje av sysselsetjinga i Sogn og Fjordane som i landet som heilskap.

I 2016 var talet naturskadar i Sogn og Fjordane på sitt høgste sidan 2011. Dei aller fleste av desse skjedde som følgje av storm.

Sogn og Fjordane er blant dei tre beste fylka i landet med omsyn til forventa levealder, både for menn og kvinner.

Sogn og Fjordane har 2600 km fylkesveg.

Sogn og Fjordane har landets nest beste fullføringsgrad innanfor vidaregåande opplæring.

Sett i samanheng med folketal har Sogn og Fjordane langt færre lovbrøt enn landet som heilskap.

2016 var eit rekordår for talet på overnattingar ved overnattingsverksemder i Sogn og Fjordane.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no